



# Allmennkringkastings- rapporten 2021

**Delrapport om NRK**

– Vurdering av programverksemda og korleis NRK oppfylte allmennkringkastingsoppdraget



## Innhold

1	Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK.....	3
1.1	Oppsummering av tilsynsresultatet for 2021.....	5
2	Vurdering av NRKs programverksemd i 2021.....	10
2.1	NRKs demokratiske rolle.....	11
2.2	Bidrag til det norske mediemangfaldet.....	16
2.3	Høg kvalitet, mangfald og nyskaping.....	31
2.4	Nyheits- og aktualitetsdekninga.....	48
2.5	Distrikt.....	56
2.6	Barn og unge.....	61
2.7	Samisk språk, identitet og kultur.....	69
2.8	Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfaldet 75	
2.9	Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film.....	87
2.10	Tilgjengelegheit og beredskap.....	112
2.11	Redaksjonelt uavhengig og reklamefri.....	120



A young man with blonde hair, wearing a red t-shirt, is leaning towards a young woman with long dark hair, wearing a blue denim jacket. They are outdoors, possibly on a hillside, with a blurred background of greenery and a sunset sky. The man is holding the woman's hands near her face, and they appear to be in a romantic embrace.

Del 1

# Allmennkringkastings- oppdraget og finansieringa av NRK



# 1 Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK



NRKs lokale på Marienlyst. Foto: Ronny Evensen, NRK

NRK skal som offentlig finansiert allmennkringkastar fylle ei særskild demokratisk, kulturell og sosial rolle i den norske mediemarknaden. Samfunnsoppdraget er utforma for å sikre at NRK leverer allmennkringkastingsinnhald på alle medieplattformer og er tilgjengeleg for befolkninga ut frå mediebruksmønsteret deira. Verdien av at allmennkringkastarane gjer nytte av digital teknologi er stor med omsyn til å sikre innovasjon og utvikling av nye, moderne tenester som når publikum. Allmennkringkastingsoppdraget er breitt definert for å fremme den demokratiske, kulturelle og sosiale rolla NRK skal fylle i samfunnet. Eit sentralt formål med allmennkringkasting er å sikre ei brei og balansert redaksjonell dekning der ulike målgrupper får eit tilpassa innhaldstilbod. For å fremme auka innhalds- og bruksmangfald er det viktig at NRK kombinerer samlande, folkelege tilbod med brei appell og tilbod som enten ut frå tema eller målgruppe har smalare publikumsappell. NRK har ei viktig rolle både som fellesarena som bidrar til befolkninga si felles orientering mot samfunnet, og det å eksponere mediebrukarane for innhald dei tradisjonelt ikkje oppsøker.

NRK blir i hovudsak finansiert gjennom ei direkte løyving over statsbudsjettet, og i 2021 utgjorde den statlege løyvinga i underkant av 5,3 milliardar kroner. Stortinget vedtok i desember 2020 ei ordning med fireårige styringssignal for den direkte mediestøtta og for dei økonomiske rammene for NRK. Ordninga er lovfesta i lov om økonomisk støtte til media (mediestøtteloven). Loven skal «legge til rette for et mangfold av redaktørstyrte journalistiske medier over hele landet ved å bidra til forutsigbare økonomiske rammer for mediene»



virksomhet og en styrket uavhengighet i forvaltningen av mediestøtten». <sup>1</sup> Fleirtallet i familie- og kulturkomiteen la til grunn at ein fordel for NRK ved å fastsette inntektsnivået for lengre periodar, er at dette vil gi «gode forutsetninger for både effektivisering og nyutvikling». <sup>2</sup> Det første styringssignalet som bestemte nivået på den årlege løyvinga til NRK over statsbudsjettet, blei lagt fram i mediestøttemeldinga <sup>3</sup> og fastsett av Stortinget i 2019 for perioden 2020–2022.

Dei første fireårige styringssignala for mediestøtta vil Stortinget likevel vedta for første gong frå og med 2023. Kultur- og likestillingsdepartementet skal året etter kvart stortingsval, som ein del budsjettproposisjonen, fremme forslag om storleiken på dei langsiktige, økonomiske rammene for mediestøtte – inkludert løyvinga til NRK. <sup>4</sup> Ein slik budsjettproposisjon blir fremma for første gong hausten 2022. Til grunn for forslaget om fireårige styringssignal skal det ligge ei brei omtale av dei økonomiske føresetnadene for medieverksemd i Noreg. Departementet skal også vurdere dei mediepolitiske måla og verkemidla i lys av utviklinga mediesektoren.

Medietilsynet har på oppdrag frå Kulturdepartementet bidratt til det faktabaserte grunnlaget for utforminga av dei fireårige styringssignala for perioden 2023–2026, både for den direkte mediestøtta og for dei økonomiske rammene til NRK. I tilknytning til fastsettinga av inntektsnivået for NRK skal det også vurderast om det er behov for å gjere endringar i allmennkringkastingsoppdraget til NRK. I rapporten *NRKs bidrag til mediemangfoldet 2021* <sup>5</sup> vurderte Medietilsynet i hovudsak korleis NRKs tilbod, samanlikna med tilbodet til andre aktørar, bidrar til innhalds- og bruksmangfald, og korleis NRKs verksemd verkar inn på konkurransesituasjonen i den norske mediemarknaden. I rapporten vurderte Medietilsynet blant anna innhaldsbreidda i redaktørstyrte medium på nett, kva geografiske blindsoner som finst, korleis NRK oppfyller det særskilte ansvaret for å dekke tematiske og geografiske blindsoner, medie- og nyheitsbruk i befolkninga og kva posisjon NRK har i mediebruksmønsteret, økonomisk utvikling i mediemarknaden i Noreg, korleis NRK gjennom samarbeid med andre aktørar bidrar til mediemangfaldet, og dei konkurransemessige verknadene av at NRK er til stades i den digitale nyheits- og aktualitetsmarknaden nasjonalt og regionalt. Rapporten bygger på eit omfattande faktagrunnlag og gir ei brei vurdering av korleis NRK bidrar til mediemangfaldet i Noreg.

Hovudkonklusjonen i rapporten er at allmennkringkastingsoppdraget til NRK er godt utforma, og at NRK bidrar positivt til mediemangfaldet og det samla tilbodet til publikum gjennom å

---

<sup>1</sup> Lov 18. desember 2020 nr. 153 om økonomisk støtte til mediene § 1.

<sup>2</sup> Innst. 178 S (2015–2016), innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst – Allmennkringkasting og mediemangfald*.

<sup>3</sup> Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid*

<sup>4</sup> Ibid.

<sup>5</sup> Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet 2021 – En analyse av NRKs bidrag til innhalds- og bruksmangfoldet, NRKs samarbeid med andre medieaktørar og konkurransemessige virkinger av NRKs nyhets- og aktualitetstilbud på nett*.



oppfylle oppdraget og gjennom samarbeid med andre aktører i den norske mediemarknaden. Den empirisk baserte konkurranseanalysen konkluderte med at det ikkje synest å vere risiko på kort eller mellomlang sikt for at tilbodet frå NRK skal ha negativ effekt på tilbodet frå kommersielle aktører i den digitale marknaden nasjonalt, regional eller lokalt. Dermed er det heller ikkje risiko for negativ verknad på det totale tilbodet til publikum. Tvert imot blir konkurransepresset vurdert til å ha verka skjerpande og til det beste for publikum. Med bakgrunn i analysane fann ikkje Medietilsynet grunnlag for å anbefale avgrensingar i NRKs digitale handlingsrom. Medietilsynet vurderer at ei slik avgrensing kan redusere høvet NRK har til å utøve allmennkringkastingsoppdraget sitt og til å nå grupper som ikkje bruker dei andre plattformene til NRK. Medietilsynet foreslo i rapporten visse justeringar i allmennkringkastingsoppdraget til NRK. Forslaga omfatta blant anna at kravet om å spele minst 40 prosent norsk musikk, bør gjelde fleire av radiokanalane til NRK, og at NRK bør få eit krav om å fremme samiske musistar, artistar, komponistar og tekstforfattarar i tilbodet.<sup>6</sup>

Kultur- og likestillingsdepartementet arbeider vidare med eit forslag til fireårig styringssignal for dei økonomiske rammene til NRK og utforminga av allmennkringkastingsoppdraget, som Stortinget skal ta stilling til og fatte vedtak om til hausten.

Medietilsynet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide en årleg rapport om korleis NRK oppfyller allmennkringkastingsforpliktingane sine. Oppdraget til NRK er nedfelt i NRK-plakaten og i vedtektene til NRK. Det er NRKs generalforsamling som følger opp Medietilsynets vurdering av NRK og eventuelle brot på krava i vedtektene. Kulturministeren er NRKs generalforsamling.

## 1.1 Oppsummering av tilsynsresultatet for 2021

Tilsynsresultatet for 2021 viser at NRK i det store og det heile oppfylte samfunnsoppdraget i samsvar med krava.

Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som er tilgjengeleg for heile befolkninga, slik at NRK gjennom allmennkringkastingsverksemda bidrar til innhalds- og bruksmangfald. NRK skal blant anna tilby nyheiter, aktualitetar og kulturstoff for både breie og smale grupper, spegle mangfaldet i befolkninga og bidra til utdanning og kunnskap. Vidare skal NRK skape arenaer for debatt, tilby innhald som er produsert i og tar utgangspunkt i distrikta, og formidle ein brei variasjon av norsk kultur og norske kunstuttrykk.

NRK er eitt av dei nasjonale nyheitsmedia med ein allmenn profil som fungerer som ei felles orientering mot samfunnet på nasjonalt nivå for store delar av befolkninga. I pandemiåret 2020 auka interessa for nyheitsinnhald i Noreg som i andre land, og svært mange vende seg

---

<sup>6</sup> Ibid, for nærmare oversikt over den samla vurderinga, konklusjonar og anbefalingar er rapporten frå Medietilsynet tilgjengeleg per 01.06.22 på [https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/utredninger-pa-oppdrag-fra-andre/nrks-bidrag-til-mediemangfoldet-2021/211129\\_2021\\_nrk-rapporten\\_komplett\\_web.pdf](https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/utredninger-pa-oppdrag-fra-andre/nrks-bidrag-til-mediemangfoldet-2021/211129_2021_nrk-rapporten_komplett_web.pdf)



til allmennkringkastarane for å få oppdatert og truverdig informasjon. NRK rapporterer at 2021 blei nok eit spesielt år med rekordstor interesse for nyheitsinnhaldet på alle plattformer. Den auka interessa for nyheiter har ifølge NRK endra måten NRK Nyheter arbeider på, og NRK legg vinn på å nå så breitt ut i befolkninga som mogleg for å kunne styrke og utvikle demokratiet.

Medietilsynet er einig i at rolla til NRK og andre redaktørstyrte journalistiske medium stadig er viktigare i lys av utviklingstrekk som falske nyheiter og framvekst av alternative og ikkje-redaktørstyrte medium. Vidare gir NRK eit solid bidrag til meiningsutvekslinga i samfunnet med faste debattprogram, som jamleg set dagsorden og diskuterer aktuelle spørsmål. NRK har også ei særskild rolle i å tilby ei brei og balansert dekning av politiske val. I 2021 dekte NRK både stortingsvalet og sametingsvalet gjennom tradisjonelle valsendingar, nyheitsinnslag, debatt og valvaker, la meir til rette for interaksjon med publikum og bidrog til auka kunnskap om dei poliske partia blant unge veljarar.

Av rundt 50 krav i allmennkringkastingsoppdraget var det berre eitt som ikkje blei oppfylt i 2021, men brotet på dette kravet har vore gjentakande over fleire år. NRK skal ha minst 25 prosent nynorsk på tv, radio og nett, og kravet må vere oppfylt for kvar enkelt plattform. I 2021 oppfylte NRK kravet berre på tv, mens både radio og nett hadde ein nynorskandel under kravet, med respektive 22,7 og 19 prosent. NRK har aldri oppfylt kravet om 25 prosent nynorsk på nett. På radio blei krava brotne både i 2020 og 2021, og i 2017 og 2018. Medietilsynet har i fleire tilsynsrapportar og i utgreiinga om NRKs bidrag til mediemangfaldet understreka at NRK må gjennomføre systematiske tiltak for å sikre at kravet til 25 prosent nynorsk for alle medieplattformer blir innfridd. Sjølv om NRK arbeider med tiltak for å auke nynorskandelen, lar resultatane etter Medietilsynet si vurdering vente på seg. Medietilsynet ber derfor nå om ein konkret handlingsplan frå NRK for å sikre tiltak som resulterer i at kravet kan bli nådd også for radio og nett.

### Hovudkonklusjonar frå tilsynet for 2021:

- Ved å oppfylle krava i allmennkringkastingsoppdraget bidrar NRK til å oppretthalde og auke mediemangfaldet.
- NRK bidrar til det norske mediemangfaldet både regionalt og nasjonalt, blant anna gjennom samarbeid med andre norske medieaktørar om deling, kvalitet, kompetanse og kunnskap. NRK har også gjort tiltak for å gi større tilgang til NRKs arkiv.
- I 2021 starta NRK registrering av journalistisk nærvær i ulike kommunar. Medietilsynet meiner at verktøyet for å avdekke geografiske blindsoner også må kartlegge kva type saker som blir dekte. Kartlegginga NRK har sett i gang for å avdekke tematiske blindsoner, er forsinka på grunn av koronapandemien. Framover må NRK gjere greie for kor journalistiske blindsoner finst og kva redaksjonelle grep NRK kan ta for å motverke blindsonene, slik at mediemangfaldet blir styrkt totalt sett.



NRK må også særskilt gjere greie for vurderingane som er gjorde for å balansere mellom dei konkurransemessige effektane og meirverdien av eventuell satsing frå NRKs distriktskontor for å motverke geografiske blindsoner lokalt. Medietilsynet har merka seg at NRKs retningslinjer i arbeidet med journalistiske blindsoner viser at NRKs mål er å fremme samarbeid og løfte journalistiske saker, og at distriktskontora ikkje skal vere til hinder for dei lokale medieaktørane.

- NRK hadde i 2021 eit solid innhaldstilbod som kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap gjennom program av høg kvalitet og oppfylte kravet om å arbeide for høg kvalitet, mangfald og nyskaping. NRK oppfylte også kravet om å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar.
- NRK oppfylte også kravet om at tilbodet skal ha tematisk og sjangermessig breidde, og at NRK skal appellere til alle aldersgrupper. Vurderinga er at NRK også oppfylte kravet om å legge vinn på å tilføre tilbodet sitt eit element av auka samfunnsverdi samanlikna med det kommersielle tilbodet.
- NRK hadde ei brei nyheits- og aktualitetsdekning på radio, tv og nett i 2021. Satsing på undersøkjande journalistikk aukar, og NRK jobbar for å sikre kvalitet og fordjuping. Tilbodet bestod av både nasjonale og internasjonale saker, gav løpande oppdatering av nyheitsbildet og fakta og bakgrunnsstoff i nyheitsdekninga – i tillegg til å debattere og dekke aktuelle samfunnsspørsmål. NRK produserer eigne nyheitsprogram for ulike aldersgrupper, blant anna *Supernytt* for barn. I 2021 gjorde NRK nyheitsinnhaldet meir synleg i dei valbare strøymeplattformene NRK TV og NRK Radio.
- NRK dekte stortings- og sametingsvalet i 2021 på ein brei og balansert måte og sikra redaksjonell omtale av eit breitt spekter av dei politiske partia og listene som stilte til val.
- NRK reflekterer det geografiske mangfaldet i Noreg gjennom eit godt lokalt tilbod som er produsert og tar utgangspunkt i distrikta. NRK har hatt distriktssendingar alle kvardagar både på tv og radio og har eit løpande oppdatert regionalt nyheits- og innhaldstilbod på nett. NRK oppfylte også kravet om å vere til stades i alle fylka.
- NRK Sápmi har daglege samiskspråklege program for den samiske befolkninga og har sendt innhald på både nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. NRK oppfylte også krava til jamlege program på samisk for både barn og unge.
- NRK viser og formidlar kunnskap om mangfaldet i det norske samfunnet både gjennom fleirkulturell kompetanse og innhaldstilbod. NRK har sendt program for nasjonale og språklege minoritetar i 2021. Medietilsynet vurderer at NRKs generelle innhaldsstrategi på ein god måte bidrar til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit mangfald av identitetar. Samtidig er det viktig å understreke at

dersom NRKs tilbud til nasjonale minoriteter skal fungere som eit verkemiddel for representasjon og synleggjering av desse gruppene, må tilbodet styrkast.

- Ein stor del av programtilbodet til NRK har norsk forankring og speglar det kulturelle mangfaldet i befolkninga, og NRK oppfylte i 2021 det overordna kravet om å styrke norsk, språk, identitet og kultur. NRK har ein stor norskspråkleg innhaldsproduksjon, som blir formidla på radio, tv og nett. Kravet om at tilbodet til NRK i hovudsak skal ha norskspråkleg innhald, er oppfylt.
- NRK oppfylte krava om å fremme retten barn har til ytringsfridom og informasjon og til å skjerme barn mot skadelege former for innhald. NRK har daglege norskspråklege program for barn under tolv år og jamlege norskspråklege program for unge. NRK oppfylte også kravet om å ha eigenutvikla innhald for barn og unge på internett, som blir løpande oppdatert.
- NRK har samla formidla og belyst eit breitt spekter av religiøse perspektiv og livssyn. Formidlinga har eit tyngdepunkt i kristne tradisjonar, og NRK har styrkt formidlinga frå islamske høgtider.
- NRK oppfylte kravet om å tilby kulturstoff til både smale og breie grupper, inkludert eigne kulturprogram. NRK har formidla ulike kunstnarar og kunstuttrykk frå både uavhengige og offentlege institusjonar. Kulturtema som ofte har eit smalare publikumspotensial, er også ein del av tilbodet til NRK. Spesialkanalane på radio, som NRK Jazz, NRK Klassisk, NRK Folkemusikk, NRK P13 og NRK Urørt, bidrar til dette. Kulturdekninga famnar både norsk og internasjonalt kulturliv, og NRK gir den norske kulturen ulike rom og ulik profilering i dei ulike kanalane. Målgruppeinnretninga i hovudkanalane på radio- og tv-plattformene bidrar saman med nisje-/spesialkanalane på radio til ein variasjon i kva publikumsgrupper tilbodet vender seg til, også ulike aldersgrupper. Underhaldnings- og humorprogram på ulike plattformer bidrar også til variasjon og breidde i kulturformidlinga til NRK, blant anna gjennom dekning av populærkulturelle tema.
- NRK bidrar til å fremme nye talent og lokale artistar. Kravet om minst 40 prosent norsk musikk blei oppfylt med god margin i NRK P1, NRK P2 og NRK P3. Alle dei tre radiokanalane legg vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk i den norske musikken som blir formidla. Ein betydeleg andel hadde norsk tekstforfattar. Kringkastingsorkesteret dekte eit breitt repertoar frå underhaldningsmusikk til symfonisk musikk.
- NRK oppfylte kravet til minst 25 prosent nynorsk på tv i 2021, men oppfylte framleis ikkje kravet til nynorskandel på radio og nett. På radio var andelen nynorsk 22,7 prosent i 2021, om lag på same nivå som året før. På nett auka nynorskandelen frå 17 prosent i 2020 til 19 prosent i 2021.



- NRK har brei formidling av norsk drama som er produsert internt og eksternt i det norske produksjonsmiljøet. NRK oppfylte kravet om å legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet på tv i rullerande treårsperiodar med god margin. Snittet var på 43,8 prosent i den andre måleperioden, frå 2019 til og med 2021.
- NRK har ein stor norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, tv og nett. Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om at tilbodet i hovudsak skal ha norskspråkleg innhald.
- NRK hadde sportssendingar som dekte både breidda i norsk idrettsliv og store idrettsopplevingar – i den grad slike arrangement blei gjennomførte trass i koronapandemien. NRK dekte også fleire sportsarrangement for parautøvarar og sende direkte frå dei paralympiske leikane i Tokyo.
- NRK arbeider systematisk og godt med universell utforming av innhaldstilbodet og har eit breitt tilbod til syns- og høyrselshemma.
- NRK oppfyller krava til at allmennkringkastingstilbodet skal vere reklamefritt, og at NRK skal utvise særleg varsemnd med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press – særleg i program retta mot barn og unge.

A middle-aged man with a bald head and a grey beard is smiling broadly. He is wearing a dark, button-up jacket over a dark t-shirt. He is holding a dark purple sign with white text that reads "IKKE SPØR OM DET". The background is a textured, blue-grey wall.

Del 2

# Vurdering av NRKs programverksemd i 2021

**IKKE SPØR  
OM DET**



## 2.1 NRKs demokratiske rolle

### Vedtektene

§ 12 NRK skal ha som formål å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet.

§ 13 NRK skal ivareta ytringsfrihet og ytringsvilkår for borgerne. NRK skal være redaksjonelt uavhengig og være balansert over tid. NRK skal bidra til å fremme den offentlige samtalen og medvirke til at hele befolkningen får tilstrekkelig informasjon til å kunne være aktivt med i demokratiske prosesser.

NRK skal med det samla allmennkringkastingstilbodet støtte og styrke demokratiet og oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet. Det overordna kravet i § 12 fortel om formålet med allmennkringkastingsoppdraget til NRK. § 13 reflekterer at NRK har ein viktig funksjon knytt til det såkalla infrastrukturkravet i Grunnloven § 100 sjette ledd, som inneber at staten har ansvar for å legge til rette for kanalar og institusjonar som bidrar til ein open og opplyst offentleg samtale. NRK har eit særleg ansvar for å fremme den offentlege samtalen, og § 13 presiserer at dette inneber å legge til rette for ytringsfridomen og ytringsvilkåra til borgarane. Oppdraget inneheld fleire krav som skal sikre at NRK gir løpande oppdatert og fordjupande informasjon som er relevant for den offentlege debatten i eit velfungerande demokrati.


Vurderinga av korleis NRK oppfyller dei overordna krava i §§ 12 og 13, bygger på ei total vurdering av korleis dei meir spesifikke krava til innhaldstilbodet blir oppfylte. Delvurderingane viser samla sett om NRK på eit overordna plan løyser allmennkringkastingsoppdraget på ein god måte.

Allmennkringkastarreknescapen for 2021 viser at NRK har et breitt nyheits- og aktualitetstilbod. Ei rekke debattprogram og andre faste program forklarar nyheitsbildet og set det inn i ein større samanheng. Politiske val er ein av dei viktigaste prosessane i eit velfungerande demokrati, og tilgangen til påliteleg og uavhengig informasjon er ein føresetnad for at borgarane skal kunne danne seg ei meining og gjere opplyste val. I politiske val blir det stilt særskilde krav til NRK om å ha ei brei og balansert dekning, og til at alle parti over ein viss storleik skal bli omtalte, jf. vedtektene § 26. NRK hadde brei og grundig dekning av valkampen og stortings- og sametingsvala i 2021. Gjennom valdekninga bidrar NRK til å oppfylle det overordna kravet om å medverke til at befolkninga får tilstrekkeleg informasjon til å kunne vere aktivt med i demokratiske prosessar. NRK gjer også greie for gjennomgåande høg oppslutnad om valdekninga. Ifølge ei spørjeundersøking frå Norstat svarte 76 prosent av dei spurde at dei nytta tv-kanalane til NRK som kjelde til informasjon om valet, og 56 prosent at dei tok «Valgomaten» på Nrk.no.<sup>7</sup> «Valgomaten» er eit verktøy for å orientere seg i det politiske landskapet og få ein indikasjon på kva politisk parti ein er mest einig med – og blei

---

<sup>7</sup> NRK oppgir i rekneskapen ei spørjeundersøking frå Norstat som kjelde.

ifølge NRK nytta 2,4 millionar gonger i forkant av valet. NRK gjer greie for at valomatar er ei viktig kjelde til informasjon før politiske val for mange, særleg er andelen som meiner dette høg blant dei unge frå 18 til 29 år. Ifølge NRK er det oftast andregongsveljarane, 20–24-åringane, som droppar å stemme, og for mange er årsaka mangel på kunnskap. I *Partiguident 2021* gav NRK ei oversikt over standpunkta til dei ulike politiske partia, og tenesta fekk heile fem millionar sidevisningar. Hovudsendinga på NRK1 blei på det meste sett av over éin million sjåarar på sjølve valkvelden, og nær 2,5 millionar unike brukarar nytta seg av Nrk.no.



Illustrasjon: NRK

Langtidsstrategien for 2019–2022 reflekterer korleis NRK styrer verksemda etter formålet med allmennkringkastingsoppdraget. Hovudmåla i langtidsstrategien er at NRK styrker og utviklar demokratiet, samlar og engasjerer alle som bur i Noreg, og er ein publisist og innhaldsprodusent i verdsklasse. Dei konkrete måla for prioritering av innhald og produktutvikling set NRK i publikumsstrategien. Delmåla blir reviderte kvart år, blant anna basert på analysar av utviklinga i samfunnet og mediemarknaden. NRK opplyser i allmennkringkastarreknescapen for 2021 at måla gir ei retning i arbeidet med å utvikle og publisere innhald med stor breidde i tema og sjangrar gjennom ei krevjande tid for mange i samfunnet. NRK vil bidra til eit opent samfunn der innbyggjarane kan ta gode val for seg sjølve, ved å opplyse gjennom løpande nyheitsdekning og kritisk journalistikk.

NRK speglar norsk og samisk røyndom gjennom innhald som ifølge NRK konkurrerer med det beste innhaldet i verda. Mediebrukstal indikerer at publikum held fram med å velje innhald frå NRK. I 2021 nådde NRK ut med eitt eller fleire tilbod til 92 prosent av befolkninga kvar dag, ein auke frå 89 prosent i 2020. Ifølge NRK blir det arbeidd kontinuerleg for å svare på behovet til publikum og levere på heile oppdraget. Innsikt og analyse ligg til grunn for å



treffe best mogleg med allmennkringkastingsinnhaldet i alle segment av befolkninga. NRK viser vidare til at høg tillit og godt omdømme er viktige indikatorar på at NRK oppfyller oppdraget og har legitimitet i samfunnet. NRKs eiga årlege profilundersøking måler kva oppfatning befolkninga har av NRK, og kor tilfredse dei er med NRK. NRK har skåra høgt på fleire av parametrane knytte til nytte for samfunnet før pandemien, og omdømmet blei forsterka i 2020. For 2021 rapporterer NRK at omdømmet for det meste er stabilt høgt samanlikna med 2020. NRK rapporterer ny rekord totalt for tillit med 85 prosent. I 2021 var resultatet for tilfredsheit knytt til om NRK gir valuta for pengane, det beste sidan målinga starta, sjå nærmare om resultatata frå profilundersøkinga i punkt 2.3.2 nedanfor. Ei årleg undersøking frå Ipsos som måler omdømmet norske verksemdar har i den norske befolkninga, viste at nesten alle i Noreg har eit godt inntrykk av NRK – uansett kjønn, alder eller geografisk tilhøyrse. Aldersgruppa under 25 år hadde særleg stor tillit til NRK.

NRK har fleire år på rad vore blant topp tre i undersøkinga, og kom på førsteplass av dei 115 verksemdene som blei målte i 2021.

Prinsippet om at NRK skal vere redaksjonelt uavhengig er grunnleggande for at NRK skal kunne løyse allmennkringkastingsoppdraget på ein tilfredsstillande måte. Det er også viktig at NRK er balansert over tid, ikkje minst i opplysningsaktiviteten sin.

NRK gjer greie for målretta arbeid for å halde ein høg etisk standard i det journalistiske arbeidet, og for at verksemda følger dei felles etiske regelverka til media som Redaktørplakaten og Ver varsam-plakaten. I tillegg har NRK på nokre område utarbeidd presiseringar i ei eiga etikkhandbok, som redaksjonelle medarbeidarar skal følge. Presseetikken gjeld heile den journalistiske prosessen frå innsamling til presentasjon av det journalistiske materialet. I 2021 behandla Pressens Faglige Utvalg 22 klager på NRK og konkluderte med brot på god presseskikk i fem av desse sakene,<sup>8</sup> sjå nærmare om dette i punkt 2.11.

NRK opplyser at publikum har mange høve til å ytre seg fritt om aktuelle saker gjennom NRK, og at NRK gir tilgang til informasjon som kan gjere dei i stand til å delta i demokratiske prosessar. I 2021 lanserte NRK ei ny plattform for debatt og dialog med publikum, der innlegg blir modererte på førehand. Deltakarar registrerer seg med fullt namn for å delta i diskusjonar og stille spørsmål. NRK har ein ambisjon om å vidareutvikle og bygge ut dette tilbodet framover. Medietilsynet vurderer at NRK allereie fyller ei særskild rolle i det samla medietilbodet når det gjeld den redigerte debatten,<sup>9</sup> at dette tiltaket legg ytterlegare til rette

---

<sup>8</sup> Norsk presseforbund, PFU-statistikk 2021 viser også at 109 klager på NRK blei avviste i 2021. Tilgjengeleg 25. mai 2022 på <https://presse.no/wp-content/uploads/2022/01/Statistikk-2021-til-nettsidende.pdf>

<sup>9</sup> Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet – Rapport fra Medietilsynet til Kulturdepartementet*, tilgjengeleg 25.05.22 [https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/utredninger-pa-oppdrag-fra-andre/nrks-bidrag-til-mediemangfoldet-2021/211129\\_2021\\_nrk-rapporten\\_komplett\\_web.pdf](https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/utredninger-pa-oppdrag-fra-andre/nrks-bidrag-til-mediemangfoldet-2021/211129_2021_nrk-rapporten_komplett_web.pdf)



for ein open og brei offentleg samtale, og at fleire stemmer kjem til orde på denne fellesarenaen for meiningautvekslinga i samfunnet.

**Konklusjon:**

Medietilsynet har etter ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller krava til allmennkringkastingsverksemda, komme til at dei overordna krava i §§ 12 og 13 er oppfylte i 2021.





**NRKs bidrag til det norske mediemangfaldet**



## 2.2 Bidrag til det norske mediemangfaldet

### Vedtektene

§ 14 NRK skal ha et selvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfoldet (regionalt og nasjonalt)

§ 26 NRK skal ha et særlig ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner

NRK oppfyller kravet om at NRK skal ha eit sjølvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfaldet nasjonalt og regionalt gjennom å oppfylle oppdraget som er nedfelt i NRK-plakaten og vedtektene, og gjennom samarbeidet med andre medieaktørar – både lokalt, regionalt og nasjonalt. I vurderinga av korleis dette kravet blir oppfylt legg Medietilsynet også vekt på kva rutinar NRK har for å gjere arkiva sine tilgjengelege og praksis for å sitere og kreditere andre redaksjonelle medium.



Hege Iren Frantzen er direktør for mediemangfald og samarbeid. Foto: Ole Kaland, NRK

Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod, som skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga. NRK viser til dei tre dimensjonane i mediemangfald: mangfald i avsendarar (inkludert geografi), mangfald i innhald og mangfald i bruk. I allmennkringkastarrekneskapen dokumenterer NRK at verksemda bidrar til innhaldsmangfald. Det blir gjort gjennom ei stor sjangerbreidde for breie og smale grupper, med innhald for alle aldersgrupper, ved å redaksjonelt vere til stades over heile landet og publisere nyheiter og aktualitetar frå distrikta til eit nasjonalt publikum, og gjennom å tilby ei brei utanriksdekning. NRK gjer også innhaldet tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne. Medietilsynet vurderer at NRK på denne måten bidrar til det norske mediemangfaldet gjennom å oppfylle

allmennkringkastingsoppdraget sitt.

Da kravet om at NRK skal ha eit sjølvstendig ansvar for det norske mediemangfaldet blei innlemma i oppdraget i 2017, var det einigheit i Stortinget om at NRK har eit ansvar for å sjå til at aktiviteten deira ikkje er til hinder for andre aktørar i den norske mediemarknaden. Vurderingar av kva konkurranseeffektar NRK har for kommersielle aktørar i marknaden blir ikkje gjort i det årlege tilsynet med allmennkringkastingsoppdraget, men i samband med at Stortinget skal fastsette dei langsiktige økonomiske rammene for mediestøtta – inkludert NRK. På oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) gjorde Medietilsynet i november 2021 ei slik brei vurdering av korleis NRK bidrar til mediemangfaldet i Noreg og

korleis NRKs verksemd verkar inn på konkurransesituasjonen i den norske mediemarknaden.<sup>10</sup> Rapporten inngår i faktagrunnlaget for utforminga av eit fireårig styringssignal for perioden 2023–2026 for dei økonomiske rammene til NRK, og for vurderinga av om det er behov for endringar i NRKs allmennkringkastingsoppdrag. Sist Medietilsynet gjorde ei slik brei vurdering av korleis NRK bidrar til mediemangfaldet i Noreg, var i 2018 – basert på eit tilsvarande oppdrag frå KUD.<sup>11</sup> I 2021-rapporten er ein av hovudkonklusjonane til Medietilsynet at NRK bidrar positivt til mediemangfaldet og det samla tilbodet til publikum gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget og gjennom samarbeid med andre aktørar i den norske mediemarknaden. Spørjeundersøkinga Medietilsynet gjorde blant norske redaktørar, avdekte ulike erfaringar med – og syn på – samarbeid med og konkurranse frå NRK.<sup>12</sup> 53 prosent svarte at samarbeid med NRK gir meir mediemangfald. Aktørar som har samarbeidd med NRK, var meir positive til at samarbeid styrkar mediemangfaldet enn aktørar som ikkje har samarbeidd med NRK. Av dei som har samarbeidd med NRK, vurderte åtte av ti at samarbeidet var godt. Lokalavisene har i størst grad samarbeidd med NRK og var i undersøkinga mest positive til at samarbeidet har betydning for mediemangfaldet. Breie riksmedium og regionale medium opplever størst konkurranse frå NRK.

Konkurransesanalysen som blei gjort i 2021, viser at konkurransepresset NRK utøver overfor dei nasjonale breie nettavisene, har styrkt seg noko sidan 2018, som følge av at Nr.no i denne perioden har fått ein sterkare marknadsposisjon. Men dei fleste kommersielle aktørane ser ut til å ha hatt vekst både i bruk og inntekter i den same perioden, og konkurransepresset frå NRK er derfor vurdert til å ha verka skjerpande og til beste for publikum. Konklusjonen er at det ikkje er risiko på kort eller mellomlang sikt for at tilbodet frå NRK skal ha negative effektar på tilbodet frå kommersielle aktørar i den digitale nyheitsmarknaden nasjonalt, og dermed heller ikkje på det totale publikumstilbodet. Det digitale nyheits- og aktualitetstilbodet til NRK regionalt er svært differensiert frå lokalavisene og utøver i liten grad eit konkurransepress på lokalavisene. Slik var det også i 2018.

Konkurransesanalysen frå 2021 fann at NRK utøver eit noko sterkare press på regionaviser enn lokalaviser, ettersom det er større overlapp mellom dekningsområda til regionaviser og regionsidene til NRK. NRKs posisjon er relativt svak i område som er dekte av regionaviser, mens regionaviser har sterke posisjonar. Konklusjonen er at ein eventuell konkurranse frå NRK truleg verkar skjerpande på regionavisene, og at risikoen for negative konkurranseeffektar i framtida er svært låg, gitt det svært avgrensa konkurransepresset.<sup>13</sup>

---

<sup>10</sup> Ibid.

<sup>11</sup> Vurderingane blei følgde opp i Meld. St. nr. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* (mediestøttemeldinga).

<sup>12</sup> I underkant av 200 respondentar svarte på undersøkinga, og både avis, radio, tv, fagpresse og alle fylka er representerte.

<sup>13</sup> Ibid, sjå meir om analysen av konkurranseeffektane av nyheits- og aktualitetstenestene til NRK på nett i kapittel 9.

Analysane i 2021 viste også at NRK hadde eit breitt og variert tilbod av samfunnsviktig stoff med stor geografisk og tematisk breidde. Majoriteten av befolkninga har NRK som ei av sine tre mest brukte nyheitskjelder, samtidig som NRK langt oftare blir brukt i kombinasjon med andre norske redaktørstyrte nyheitskjelder enn åleine. Dette indikerer at NRK i større grad er ein komplementær nyheitskjelde enn eit substitutt for andre kjelder. Oppdraget til NRK er breitt definert for å fremme den demokratiske, kulturelle og sosiale rolla NRK skal fylle i samfunnet. Analysane i rapporten viste at NRK har ei breidde i tema og sjangrar som skil seg frå dei kommersielle aktørane i den norske mediemarknaden. Samla sett konkluderte Medietilsynet med at NRKs tilbod, samanlikna med tilbodet til andre aktørar, bidrar til innhalds- og bruksmangfald.

NRK har frå 2020 hatt eit nytt krav om å dekke tematiske og geografiske blindsoner. I forarbeida til denne utvidinga av allmennkringkastingsoppdraget<sup>14</sup> presiserte KUD at ansvaret for å dekke tematiske og geografiske blindsoner må balanserast mot det sjølvstendige ansvaret NRK har for å bidra til det norske mediemangfaldet. Det nye kravet styrker ansvaret NRK har for det lokale mediemangfaldet, samtidig med at departementet understreka betydninga av at distriktskontora til NRK «*ikkje definerer seg som ein konkurrent til lokalavisene, men at NRK lokalt bidreg til å styrkje det lokale mediemangfaldet og det samla tilbodet til publikum*».

For å ta hand om det nye særskilde ansvaret for å dekke tematiske og geografiske blindsoner er det nødvendig med god kunnskap om kva tematiske og geografiske blindsoner som finst, og gode verktøy for å kunne følge utviklinga over tid. Dette fordrar at NRK har system for å systematisk kartlegge og vurdere kvar slike journalistiske blindsoner finst og kva redaksjonelle grep NRK kan ta for å motverke blindsonene. I allmennkringkastingstilsynet for 2020 vurderte Medietilsynet at NRK hadde lagt til rette for å ivareta det nye kravet om å dekke tematiske og geografiske blindsoner. Medietilsynet føresette at NRK framover også gjer greie for kva journalistiske blindsoner som er identifiserte, og korleis NRK gjennom konkrete tiltak bidrar til å dekke tematiske og geografiske blindsoner, slik at mediemangfaldet blir styrkt totalt sett. NRK må også særskilt gjere greie for vurderingane som er gjorde for å ta omsyn til balansen mellom dei konkurransemessige effektane og meirverdien av at distriktskontora til NRK eventuelt satsar journalistisk for å motverke geografiske blindsoner lokalt. NRKs retningslinjer i dette arbeidet viser at NRK har som mål å fremme samarbeid og løfte journalistiske saker, og at distriktskontora ikkje skal vere til hinder for dei lokale medieaktørane.

Eitt av måla med den breie vurderinga Medietilsynet gjorde av korleis NRK bidrar til det norske mediemangfaldet i 2021, var å bidra med empirisk basert innsikt i kva tematiske og

---

<sup>14</sup> Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid*



geografiske blindsoner som finst i Noreg.<sup>15</sup> Undersøkingane i rapporten bekreftar at Noreg framleis har ein god infrastruktur av redaktørstyrte journalistiske medium på ulike geografiske nivå, lokalt regionalt og nasjonalt. Analysen frå medieforskarar ved Høgskulen i Volda<sup>16</sup> anslår likevel at Noreg har fleire enn 60 geografiske blindsoner i form av kommunar med svak eller usystematisk journalistisk dekning. Dei fleste av desse blindsonene er små utkantkommunar. Analysen indikerte at NRK ikkje dekker det kommunale nivået i spesielt stor grad dersom det som skjer i kommunen, ikkje har nasjonal interesse. Vidare indikerte analysen at NRK har ei dårlegare dekning av det fylkeskommunale nivået enn avisene i området.

Basert på desse undersøkingane av journalistiske blindsoner slår Medietilsynet i 2021-utredninga fast at NRK først og fremst skal vere eit supplement til lokalavisene, men at det ikkje er formålstenleg eller realistisk at NRK skal ha eit særskilt ansvar for å løyse utfordringa med geografiske blindsoner på kommunenivå.<sup>17</sup> Medietilsynet anbefalte likevel at NRK bør få eit særskilt ansvar for å bidra til ei systematisk dekning av det regionale forvaltningsnivået, og at det bør vurderast å presisere dette ansvaret i det regionale oppdraget til NRK. KUD følger nå opp desse vurderingane og anbefalingane i arbeidet med budsjettproposisjonen som skal leggast fram for Stortinget hausten 2022. I tilsynet med korleis NRK tar hand om ansvaret for å bidra til mediemangfald nasjonalt og regionalt, og ansvaret for å dekke tematiske og geografiske blindsoner, gir dei empiriske undersøkingane som blei innhenta til utredninga, innsikt i kva tematiske og geografiske blindsoner som finst. Denne kunnskapen er eit viktig supplement til NRKs egne kartleggingar og vurderingar av til dømes journalistiske blindsoner.

Tilsynspraksisen dei siste åra har stadfesta at NRKs utgreiing om samarbeid med andre medieaktørar, inkludert praksis for å kreditere og sitere, går inn i vurderingsgrunnlaget for

---

<sup>15</sup> Sjå nærmare om dette i kapittel 6 NRKs bidrag til innhaldsmangfaldet og 8 NRKs ansvar for journalistiske blindsonar og samarbeid med andre medieaktørar i eit mediemangfaldsperspektiv i Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet – Rapport fra Medietilsynet til Kulturdepartementet*. Medietilsynet vil også gjennom Mediemangfaldsrekneskapen jamleg kartlegge infrastrukturen av redaktørstyrte journalistiske medium på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå (avsendarmangfald, geografisk) og tematisk innhaldsbreidde i eit breitt tverrsnitt av norske nyheits- og aktualitetsmedium (innhaldsmangfald, tematisk breidde).

<sup>16</sup> Halvorsen, Lars Julius, Bjerke, Paul og Aker, Tone Kristin (2021) *Medieøkonomi, mediemangfold og mediestøtte – En utredning av nyhetsmedienes økonomiske og redaksjonelle praksiser, dekningen av geografiske og tematiske nisjer og innretningen på pressestøtten*.

<sup>17</sup> Sjå nærmare om dette i kapittel 8 i Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet – Rapport fra Medietilsynet til Kulturdepartementet*.

korleis NRK oppfyller kravet om å bidra til det norske mediemangfaldet, nasjonalt og regionalt.<sup>18</sup>

### 2.2.1 NRKs samarbeid med andre aktørar

I vurderinga av om NRK bidrar til det norske mediemangfaldet gjennom samarbeid med andre legg Medietilsynet vekt på at NRK kan dokumentere å vere ein open og aktiv initiativtakar til samarbeid, og at alle medieaktørar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå får like moglegheiter til å inngå slike samarbeid.

NRK har sidan våren 2019 hatt ein eigen redaktør for mediemangfald og samarbeid,<sup>19</sup> som har som hovudoppgåve å legge til rette for at heile NRK leverer på oppdraget om å bidra til det norske mediemangfaldet. NRK opplyser at utgangspunktet for arbeidet med mediemangfaldsoppdraget er å gi publikum i Noreg betre innhald på norsk og frå Noreg, ettersom konkurransen om tida til publikum er global. Også i 2021 møtte NRK ei rekke ulike mediehus, konsernleiarar, enkeltredaktørar, interesseorganisasjonar, forskarar og utdanningsinstitusjonar. Målet er å få kunnskap om dei eksterne forventingane til NRK og å sjå nærmare på korleis NRK kan samarbeide med andre aktørar. NRK opplyser også at det er lagt ned ekstra tid internt i 2021 for å sikre at mediemangfald og samarbeid er sett på agendaen i redaksjonane til NRK, og at NRK tar initiativ til nye prosjekt saman med andre mediehus.

Til allmennkringkastingstilsynet for 2020 orienterte NRK om at kartlegginga blant dei eksterne aktørane identifiserte tre hovudområde for samarbeid: bistand til kvalitet, bistand til kompetanse og større tilgang til NRKs arkiv. NRK opplyser at fleire praktiske tiltak er gjennomførte i 2021, blant anna bistand til journalistiske prosjekt, deling av kompetanse, bidrag til utvikling og tilgang til NRKs innhald. NRK satsa ytterlegare på bidrag til kvalitet i 2021 basert på ønska frå dei mindre mediehusa om bistand til kvalitet og fordypande journalistikk.

#### **Deling og samarbeid om kvalitet**

NRK ønskte også å fokusere på journalistiske blindsoner i 2021, først og fremst tematisk, men også geografisk, gjennom samarbeidet om *Den store folkevandringa* med Landslaget

---

<sup>18</sup> I Meld. St. 17 (2018-2019) *Mangfald og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* slutta KUD seg til Medietilsynets vurdering i rapporten frå 2018 om *NRKs bidrag til mediemangfold* når det gjeld korleis NRK praktiserer samarbeid med andre medieaktørar, krediterer og siterer. Departementet slutta seg til at NRK bør vere tilbakeholdne med å sitere for mykje frå saker som kommersielle medieaktørar har publisert i sine betalingsløysingar for å sikre at insentivet til – og meirverdi ved – å oppsøke originalkjelda blir oppretthalde. NRK bør også ha ein konsekvent og raus praksis for å kreditere. Vidare bør NRK aktivt søke å samarbeide med andre medieaktørar, til dømes i samband med valdekning.

<sup>19</sup> NRK opplyser at redaktøren for mediemangfald og samarbeid er plassert i divisjonen for strategi og medium.

for Lokalaviser (LLA). NRK viser til at NRK og avisene som er med i LLA, ikkje er i direkte konkurranse med kvarandre lokalt, og målet med samarbeidet var å gi publikum eit større tilfang av variert journalistikk gjennom eit breitt samarbeid. *Den store folkevandringa* er eit journalistisk samarbeidsprosjekt mellom NRK, LLA og Senter for undersøkende journalistikk (SUJO) i Bergen. Nesten 70 mediehus over heile landet var med på prosjektet, som starta i 2019 og blei gjennomført i valåret 2021.



*Den store folkevandringa*: Anna Szalaj og Piotr Waclawski er eit døme på innvandrarak som opprettheld folketalet i norske bygder. Foto: Andreas Lekang, NRK

Deling av ulike ressursar har ifølge NRK vore ein suksessfaktor for prosjektet. Ein fellesredaksjon av journalistar både frå NRK og lokalavisene utarbeidde eit grundig datagrunnlag om flyttemønsteret i Noreg dei siste åra og konsekvensar for kvar enkelt kommune. SUJO hadde òg ei sentral rolle med å lage journalistikk av datagrunnlaget med daglege «verkstadrom» med lokalavisene for å diskutere idear til saker og journalistiske grep. NRK opplyser at det blei gjennomført 60 slike verkstadrom, der over 60 journalistar og redaktørar deltok. Alle avisene som deltok i prosjektet, og NRK hadde tilgang til datagrunnlaget gjennom ein digital portal med ein sperrefrist, men elles fridom til å lage saker baserte på saksunderlaget. Redaksjonane delte med kvarandre og fekk ifølge NRK auka kompetanse i blant anna historieforteljing, systematikk og korleis drive undersøkende journalistikk lokalt. NRK opplyser at avisene som tok del i verkstadromma, i prosjektperioden i snitt publiserte tre gonger så mange saker som dei som ikkje deltok.

Lokalavisene har unik kjennskap til sine nærområde, men manglar ofte ressursar og kompetanse for å kunne utføre undersøkende journalistikk. I prosjektet stilte NRK med



undersøkande ressursar og laga saker om dei nasjonale utviklingstrekk, mens lokalavisene tok seg av dei lokale historiene. Målet med samarbeidet var å lage saker som elles ikkje ville blitt laga, og gi publikum ei betre forståing av konsekvensane av kor befolkninga buset seg. NRK opplyser at 68 lokalaviser og NRK til saman publiserte over 600 saker om temaet i løpet av eit par månader våren 2021. Prosjektet skapte innhald for mange av avisene gjennom heile året. NRK løfta sakene til et breiare publikum nasjonalt, og lokalavisene rapporterte ifølge NRK om spesielt gode lesartal for fleire av folkevandrings sakene.

Styreleiar i LLA, Øystein Øygarden, har ifølge NRK uttalt at *Den store folkevandringa* gav avisa han er redaktør for, Vest-Telemark Blad, fleire abonnentar enn noko anna tidlegare prosjekt. NRK opplyser også at fleire av lokalavisene i etterkant har rapportert at prosjektet har bidratt til at dei har komme i kontakt med nye kjelder, særleg blant ungdom og innvandrarak. NRK gjer også greie for at den journalistiske merksemda om flyttemønsteret i Noreg, gjennom dei over 600 sakene, skapte debatt og førte til endring i fleire kommunar.

Medietilsynet vurderer at prosjektet *Den store folkevandringa* er eit døme på korleis NRK og andre medium kan utfylle kvarandre til beste for mediemangfaldet og publikum. Prosjektet er også eit godt døme på korleis samarbeid mellom NRK og lokalaviser gjer det mogleg å trekke vekslar på dei respektive kompetansane i dei ulike miljøa og lage samfunnsviktig undersøkande journalistikk for dei ulike geografiske nivåa, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Medietilsynet har òg merka seg den rolla SUJO representerer i denne typen samarbeidsprosjekt, og ser positivt på at NRK nyttar innsikt og ressursar frå slike miljø i arbeidet med å fremme variert kvalitetsjournalistikk over heile landet.

NRK gir fleire eksempel på konkrete samarbeidsprosjekt og deling med andre mediehus i 2021. Under dekninga av stortingsvalet 2021 utvikla NRK nye former for samarbeid og deling. Større arrangement, som til dømes opningsdebatten i Arendal, folkemøtet med statsministerkandidatane i Trondheim og avsluttande partileiardebatt, blei gjort tilgjengelege for nasjonale og lokale mediehus. Mediehusa kunne dermed nytte videostraumar og -klipp i eigne redaksjonelle produkt.

NRK gir også døme på fleire samarbeid med lokale medium både under valkampen og på sjølve valkvelden: (1) felles valvake mellom NRK Møre og Romsdal og Sunnmørsposten i Ålesund, (2) to fellessendingar mellom NRK Nordland og Avisa Nordland (alle Amedia-aviser kunne dele sendinga), (3) NRK Vestlands fylkesreise under valkampen og Vestlandsrevyens debatter blei delte med lokalavisene i dei aktuelle områda, fleire lokalaviseredaktørar blei nytta som kommentatorar under sendingane, og videostraumar blei delte med Bergensavisen, (4) felles valvake mellom NRK Vestfold og Telemark og Tønsbergs blad, der lokale redaktørar blei nytta som kommentatorar, (5) felles direktesend valdebatt frå Universitetet i Nord og samarbeid om trøndersk toppduell frå Byscenen i Trondheim mellom NRK Trøndelag og Adresseavisa.



Frå trøndersk toppduell frå Byscenen i Trondheim. Her med programleiarane Odd Rune Volden frå NRK og Roy Tommy Bråten frå Adresseavisa. Foto: Kari Anne Breivik Eldnes, NRK

Framfor stortingsvalet i 2021 gjennomførte NRK meningsmålingar for alle valdistrikt, og desse målingane blei gjort tilgjengelege for mediehus over heile landet. Mediehusa fekk høve til å lage sjølvstendig journalistikk og vinklingar, og dette resulterte i 220 unike artiklar i andre medium – i tillegg til NRKs eigne saker. NRK opplyser også om samarbeid om andre meningsmålingar og nemner månadlege partimålingar saman med Aftenposten.

NRK samarbeidde også med fleire under sametingsvalet 2021, til dømes om ein felles presidentduell rett før valet. NRK og Ávvir samarbeidde om ei meningsmåling blant dei som er innmelde i Sametingets valmanntal. Ettersom tilgang til Sametingets valmanntal er svært restriktivt, gjer NRK greie for at slike målingar er ressurskrevjande.

I 2021 har NRK vore ein pådrivar for journalistiske samarbeidsprosjekt om fylkesinndelinga. I Viken samarbeidde NRK til dømes med ti Amedia-aviser om ei spørjeundersøking av ein slik storleik at resultata kunne brytast ned til mindre regionar, og dermed gi meningsfulle vinklingar også for dei mindre avisene i samarbeidet. NRK Troms og Finnmark samarbeidde med Altaposten om to fylkesvise meningsmålingar om samanslåinga av dei tidlegare fylka Troms og Finnmark, og i Innlandet har NRK hatt felles meningsmåling med fire andre mediehus om fylkesinndeling.

## Synleggjering og deling

NRK opplyser at det er etablert klare reglar for å kreditere og sitere andre medium, og at praksisen skal vere raus og tydeleg. NRK skal også lenke til eksterne medium når desse blir siterte i vesentlege saker, sjølv om sakene er innanfor betalingsløysingar. NRK viser til at dette gir publikum større meirverdi, og at formålet også er å bidra til at fleire kjøper abonnement på norske medium. NRK har ikkje automatiserte system som tel årlege krediteringar og siteringar.

NRK seier at eit tiltak for å gjere journalistikken synleg for andre medium, er å løfte fram redaktørar og journalistar frå andre mediehus i radio- og tv-sendingane til NRK. Eit døme er det direktesende radioprogrammet *Helgemorgen*, der NRK nyttar journalistar, kommentatorar og redaktørar frå andre norske mediehus. I tillegg til at saker blir belyste frå nye vinklar og spisskompetansen i ulike mediehus kjem fram, bidrar tiltaket til å løfte nye stemmer og spegle heile landet, noko som er viktige mål for NRK.

NRK samarbeider med ulike mediehus om erverv og utvikling av sportsrettar. I 2021 samarbeidde NRK med TV 2 om EM i fotball, både om rettane og redaksjonelt med felles studio. For toppserien i norsk fotball samarbeidde NRK med Amedia, og for cupen samarbeidde NRK med fleire lokalaviser. Amedia og NRK har også hatt samarbeid om produksjonar og sendingar frå norsk friidrett. NRK gir også døme på samarbeid med VG under VM i Langsjakk og Ski Classics.



Fotball-EM 2021. Frå venstre Carina Olset (NRK), Erik Thorsvedt (TV 2), Ingrid Halstensen (TV 2) og Carl-Erik Torp (NRK). Foto: Espen Solli



Fleire gonger i veka deler NRK direktestraumar med alle norske redaktørstyrte medium som ønsker å sende produksjonane til NRK frå viktige nasjonale eller lokale hendingar.<sup>20</sup> NRK opplyser at det ved utgangen av 2021 var 82 mediehus som nytta denne tenesta, og etter NRKs erfaring er delinga av slike direktestraumar verdsett i bransjen. NRK er prinsipielt opptatt av å skape eit tilbod for andre medium i tillegg til, og ikkje i staden for, nyheitsbyrået NTB. Dette inneber at NRK er så raus som mogleg med deling, men samtidig er bevisst på det kommersielle grunnlaget til NTB. Pandemien har ifølgje NRK ført til at NRK har vore «pressepool» oftare enn normalt, til dømes ved rettssaker, kongelege høve og merkedagar, gudstenester, gravferder, pressekonferansar og markeringar. NRK-programmet *Festen etter fasten – Id mubarak* blei også delt med eksterne medium.

### Tilgang til NRKs arkiv

NRKs arkiv veks kvar dag med nytt innhald som er gjort tilgjengeleg for publikum, andre medium og produksjonsselskap. Etterspurnaden etter arkivklipp har vore stabil det siste året, med om lag 1040 førespurnader i 2021, mot 1000 førespurnader i 2020. Om lag 40 prosent av desse gjeld klipp frå NRKs arkiv for bruk av andre redaktørstyrte mediehus og produksjonsselskap. NRK opplyser at etterspurnaden etter arkivklipp med historisk materiale aukar til bruk i true crime-sjangeren og andre typar historiske dokumentarseriar. Nokre eksempel i 2021 er *Rikets sikkerhet*, *Mullaen og Meling*, *Baneheia* og *Estonia*.



Illustrasjon: NRK

<sup>20</sup> Det kan ifølgje NRK vere pressekonferansar, debattar eller andre hendingar.

## Deling av kompetanse og kunnskap

NRK deler kompetanse og kunnskap med andre mediehus, bransjeorganisasjonar og andre samfunnsinstitusjonar, blant anna ved å halde kurs eller ha foredrag på ulike journalistfaglege konferansar eller utdanningar. Av tema i 2021 nemner NRK strategi, språkkompetanse, podkast, journalistisk metode og publisering i sosiale medium. NRKs ordliste for funksjonsmangfald er gjort digitalt tilgjengeleg for andre mediehus. Vidare har NRK orientert om språkarbeidet sitt fleire stader i 2021, blant anna på haustmøtet til Norsk Redaktørforening. NRK viser også til at trainee-programmet til Schibsted for å auke fleirkulturell kompetanse i redaksjonane i 2021 henta inspirasjon frå NRKs rekrutteringsprogram.

NRKs utviklingsavdeling for innhald har som hovudoppgåve å kvalitetssikre idear frå interne avdelingar og eksterne produksjonsselskap som kan levere innhald til alle plattformer i tråd med strategien til NRK. Utviklingsavdelinga arrangerer rundt 450 arbeidsmøte kvart år, der eksterne deltakarar alltid er med. Dette bidrar til å skape ein kultur for deling av kompetanse på tvers – både internt og i mediebransjen. Koronapandemien skapte utfordringar for gjennomføringa av kompetansetiltak også i 2021, men NRK heldt digitale fagdagar for lærekreftene ved utdanningsinstitusjonane og mediehusa/produksjonsselskapa. NRK samarbeider også med dei største kulturinstitusjonane i Noreg for å kartlegge felles utfordringar, som til dømes korleis nå yngre målgrupper og legge til rette for tettare kontakt mellom kulturlivet og publikum. I 2021 arrangerte NRK, Schibsted, TV 2, Discovery+, Høgskolen Kristiania, Virke, Media Change, NFI og Aftenposten for sjette gong «Seriedagene», som er ein årleg, fagleg festival. Festivalen gir ifølge NRK innblikk i analyse, forskning, debattar og inspirasjon til norsk og internasjonal innhaldsproduksjon. Saman med Aftenposten, TV 2 og Discovery arrangerte NRKs dramaavdeling «Nye stemmer», der nye talent innan norsk dramaproduksjon blei presenterte. Målet med prosjektet var å senke terskelen for kontakt med tv-stasjonane og skape ein fellesarena for uetablerte dramatalent. Tre av prosjekta blei plukka ut til å gå vidare.

## Samarbeid om målingar av mediebruk

NRK har i fleire tiår hatt samarbeid med TV 2, Discovery og NENT om måling av korleis publikum bruker tv og strøyming (Kantar) – og med P4 og Bauer om måling av radiolytting (Nielsen). NRK samarbeider også med dei kommersielle norske nettstadane og MBL om måling av nettbruk (Medietall.no). Desse målingane gir eit bilde av marknadsandelane til dei ulike medieaktørane i dei ulike segmenta. NRK gjer greie for at samarbeidet om mediebruksmålingane bidrar til eit styrkt fagleg miljø og utvikling av framtidsretta målingar, som samla sett styrker norske medium i konkurransen mot dei utanlandske aktørane.

## 2.2.2 Tematiske og geografiske blindsoner

NRKs allmennkringkastingsoppdrag er utforma for å sikre eit breitt tilbod, både tematisk og geografisk. At det redaksjonelle nærværet til NRK er så geografisk spreitt, er viktig for at NRK skal kunne ta hand om den delen av kravet som gjeld å dekke geografiske blindsoner.

NRK viser til at oppdraget er å gi eit godt nyheitstilbod frå heile landet og meiner at nærvær tilfører innhaldet ekstra journalistisk kvalitet og verdi. For å dokumentere det faktiske journalistiske nærværet i ulike kommunar og identifisere underdekte område har NRK etablert eit registreringsverktøy. Frå februar 2021 har Nr.no registrert systematisk alle større og mindre stader som blir besøkte av ein reporter, ein fotograf eller eit reportasjeteam for ein nettreportasje. Nyheitsmeldingar og artiklar som blir produserte på telefon eller med videosamtale, er ikkje med i registreringa. NRK gjer greie for at registreringa er eit nyttig verktøy for journalistar og redaksjonsleiinga i leitinga etter nyheissaker, for å identifisere/besøke område som er underdekte, og for å søke kjelder eller døme frå kommunar NRK har besøkt lite.

NRK opplyser at 5 177 nettreportasjar er plasserte i eitt eller fleire geografiske område sidan registreringa starta i februar i 2021. Kartlegginga viser at Nr.no har publisert innhald frå minst 310 ulike kommunar i 2021. NRK legg til at talet truleg er høgare, fordi ulike redaksjonar kom i gang med registreringa noko seinare enn i februar 2021.

Medietilsynet vurderer at registreringstiltaket gir viktig innsikt i kva kommunar NRK har ei journalistisk dekning av i løpet av eit år. Det bidrar også til merksemd om eventuelle underdekte kommunar og geografiske blindsoner. Dei første tala indikerer ei god geografisk spreieing av det journalistiske nærværet, sjølv om statistikken ikkje representerer eit heilt år eller alle distriktsredaksjonar fullt ut. Etter dei ulike kommune- og fylkessamanslåingane som tredde i kraft 1. januar 2020, er det 356 kommunar i Noreg, og NRK rapporterer om publisering av innhald frå minst 310 av desse. Medietilsynet er einig i at journalistisk nærvær har verdi i den redaksjonelle dekninga, blant anna for aktivt å vere til stades der hendinga skjer, eller med dei menneska som skal bidra til å sette ulike saker, perspektiv og vinklingar på dagsorden.

Medietilsynet peiker på at formålet med at staten stimulerer til eit mangfald av redaktørstyrte journalistiske medium over heile landet, er å legge til rette for den funksjonen desse har som fellesarena for informasjons- og meningsutveksling. Dersom det ikkje er redaksjonelt styrte medium som følger nasjonale, regionale og lokale forvaltningsnivå og maktstrukturar i samfunnet tett, kan demokratiske funksjonar og den tilgangen den enkelte samfunnsborgar har til informasjon frå uavhengige og kritiske kjelder, bli svekt. NRK har fått eit særskilt ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner i tillegg til det sjølvstendige ansvaret for å bidra til det norske mangfaldet regionalt og nasjonalt. I dette ligg det at NRK aukar mediemangfaldet gjennom å styrke den journalistiske dekninga i og av område der dekninga er svak. Samtidig må NRK balansere dette med å ikkje definere seg som ein konkurrent til lokale nyheitsmedium.



Kartlegginga medieforskarane frå Volda gjorde på oppdrag frå Medietilsynet i 2021, anslo at det er ei svært knapp og/eller liten systematisk lokaljournalistisk dekning i fleire enn 60 norske kommunar.<sup>21</sup> Analysen hadde som utgangspunkt at kommunen er det viktigaste lokale forvaltningsnivået og har stor betydning for innbyggjarane. Samtidig forsterkar det store omfanget av interkommunalt samarbeid for å levere kommunale tenester som ikkje er underlagde direkte folkevald kontroll, behovet for journalistisk dekning av regionane. I tråd med tidlegare funn indikerte analysen at det er liten dekning av det regionale forvaltningsnivået.

I tillegg til registreringa NRK gjer av journalistisk nærvær i ulike kommunar, vurderer Medietilsynet at det er nødvendig å kartlegge kva type saker som blir dekte, i.e. om det er lokalpolitikk, lokal kultur, hendingsnyheiter med vidare. Medietilsynet meiner ei systematisk kartlegging av både geografi og tema må til for å kunne sette inn journalistisk innsats mot geografiske område som i liten grad blir dekte journalistisk.

NRK opplyser at analysearbeidet som skal avdekke eventuelle tematiske blindsoner i dekningsområda til distriktskontora, er forseinka på grunn av koronapandemien. Arbeidet starta seinhausten 2021 og vil ifølge NRK bli klart sommaren 2022. NRK gjer kartlegginga med eit publisistisk og redaksjonelt blikk, men også ved å undersøke forventningar og behov hos publikum. NRK har i 2021 vidareført satsinga på klimajournalistikk frå 2019 og 2020 og har som mål å fortsette å heve nivået på dekninga av dette saksfeltet med den eigne klimaredaksjonen på 15 journalistar i Oslo og Bergen. NRK gjer greie for at klimaendringar er eit felt som før kunne falle mellom ulike redaksjonar, men som nå er eit satsingsområde både i Nyheitsdivisjonen og Distriktsdivisjonen.

Medietilsynet har tidlegare sagt seg einig med NRK i at empiriske analysar for å avdekke tematiske blindsoner er meir utfordrande enn analysar for å avdekke geografiske blindsoner. Samtidig har Medietilsynet vist til at tidlegare empiriske analysar har avdekt at det er ei rekke tema som får marginal journalistisk dekning i norske nyheitsmedium – særleg når det gjeld viktige samfunnsområde, medrekna kompliserte problemområde. Medietilsynet legg til grunn at NRKs tiltak knytte til klimajournalistikk, som set hendingar og fakta inn i ein større samanheng, er gode relevante tiltak for å styrke dekninga og kunnskapen i befolkninga på eit område som er samfunnsmessig relevant. Medietilsynet vil peike på at auka satsing på undersøkjande journalistikk generelt fremmer ei differensiering av den journalistiske dekninga og dermed bidrar til å styrke både unik, variert og samfunnsviktig journalistikk. NRK har tidlegare uttalt at det blir satsa på å gjere kompliserte saksfelt lettare tilgjengelege for eit større publikum. Medietilsynet vurderer at ei styrkt satsing på forklarande og analyserande

---

<sup>21</sup> Halvorsen, Lars Julius, Bjerke, Paul og Aker, Tone Kristin (2021) *Medieøkonomi, mediemangfold og mediestøtte – En utredning av nyhetsmedienes økonomiske og redaksjonelle praksiser, dekningen av geografiske og tematiske nisjer og innretningen på pressestøtten.*

journalistikk aukar innhaldsmangfaldet og også potensielt bruksmangfaldet ved at breidda i innhaldstilbodet blir nytta av fleire.

**Konklusjon:** Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å bidra til det norske mediemangfaldet, regionalt og nasjonalt. I vurderinga har Medietilsynet lagt vekt på korleis NRK oppfyller allmennkringkastingsoppdraget generelt og tiltaka NRK har gjort med omsyn til samarbeid med andre norske medieaktørar om deling og samarbeid om kvalitet, kompetanse og kunnskap, og større tilgang på NRKs arkiv. I vurderinga er det også sett på praksisen NRK har for å kreditere, sitere og lenke til saker.

Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod, både geografisk og tematisk, som skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga. Ved å oppfylle krava i allmennkringkastingsoppdraget vurderer Medietilsynet at NRK også bidrar til å oppretthalde og auke mediemangfaldet. I allmennkringkastingstilsynet for 2019 og 2020 slo Medietilsynet fast at det er nødvendig med god kunnskap om kva tematiske og geografiske blindsoner som finst, for å kunne fylle det nye særskilde kravet om å dekke tematiske og geografiske blindsoner. Verktøya som blir etablerte, må sikre at utviklinga kan følgast over tid. I 2021 har NRK starta registrering av journalistisk nærvær i ulike kommunar. Medietilsynet meiner NRK i tillegg må kartlegge kva type saker som blir dekte. Ei systematisk kartlegging av både geografi og tema er nødvendig for å vurdere kor journalistiske blindsoner finst, og kva redaksjonelle grep NRK kan ta for å motverke blindsonene. NRK har begynt eit arbeid for å avdekke eventuelle tematiske blindsoner, men dette arbeidet er ikkje ferdigstilt.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 har komme eit stykke på veg med system som gir nødvendig innsikt for å kunne oppfylle det nye kravet om å dekke tematiske og geografiske blindsoner. For 2022 føreset Medietilsynet at NRK også gjer greie for kva journalistiske blindsoner som er identifiserte, og korleis NRK gjennom konkrete tiltak bidrar til å dekke tematiske og geografiske blindsoner, slik at mediemangfaldet blir styrkt totalt sett. NRK må også særskilt gjere greie for vurderingane for å balansere mellom dei konkurransemessige effektane og meirverdien av eventuell satsing frå NRKs distriktskontor for å motverke geografiske blindsoner lokalt. NRKs retningslinjer i dette arbeidet viser at NRKs mål er å fremme samarbeid og løfte journalistiske saker, og at distriktskontora ikkje skal vere til hinder for dei lokale medieaktørane.



# Kvalitet, mangfold og nyskaping i NRK





## 2.3 Høg kvalitet, mangfold og nyskaping

### Vedtektene

§ 21 NRKs tilbud skal i hovudsak være av redaksjonell karakter. NRK skal etterstrebe høg kvalitet, mangfold og nyskaping. NRKs tilbud skal ha tematisk og sjangermessig bredde. NRK skal appellere til alle aldersgrupper.

§ 39 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være kilde til innsikt, refleksjon, opplevelse og kunnskap gjennom programmer av høg kvalitet.

§ 40 NRK skal være nyskapende og bidra til kvalitetsutvikling

§ 41 NRK skal kunne formidle samme type tilbud som også tilbys av kommersielle aktører, men bør etterstrebe å tilføye sitt tilbud et element av økt samfunnsverdi i forhold til det kommersielle tilbudet.

§ 44 NRK skal bidra til utdanning og læring, herunder tilby innhold tilrettelagt for skoleverket.

§ 52 NRK skal stimulere til kunnskap, forståelse og bruk av andre medieplattformer blant brukere i alle aldre.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Tjenester og spill som stimulerer til interaktiv deltakelse

### 2.3.1 Eit tilbod av redaksjonell karakter

Kravet om at tilbodet til NRK i hovudsak skal vere av redaksjonell karakter, understrekar at NRK skal oppfylle allmennkringkastingsoppdraget gjennom å tilby tenester som primært er redaksjonelt funderte og tydeleg avgrensar høvet NRK har til å opprette nye nyttetenester.

NRK har ikkje søkt om førehandsgodkjenning av nye tenester i 2021 og opplyser at det heller ikkje har vore utvikla nye nyttetenester i 2021. Med unntak av Yr.no har ikkje NRK tenester som primært har ein nyttefunksjon.

#### **Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRKs tilbod i hovudsak var av redaksjonell karakter i 2021.

### 2.3.2 Innsikt, refleksjon og kunnskap

I allmennkringkastingsoppdraget er det krav til at tilbudet frå NRK skal ha høg kvalitet, vere nyskapande, mangfaldig og appellere til ulike grupper. Tilbudet skal også vere ei kjelde til innsikt og refleksjon. Når NRK formidlar same tilbod som kommersielle aktørar, er kravet at NRK legg vinn på å auke samfunnsverdien.

Samla sett uttrykker kravet at NRK, som offentleg finansiert allmennkringkastar, er forventa å levere kvalitetsinnhald som bidrar til å heve kunnskapsnivået i befolkninga, er i front med tanke på kvalitetsutvikling og nyskaping og bidrar til fellesskap og inkludering gjennom eit målretta tilbod til ulike publikumsgrupper. I meir kommersielle programtilbod, for eksempel underhaldningstilbodet, skal NRK legge vinn på å tilføre ein meirverdi som gjer NRKs tilbod distinkt, slik at NRK dermed bidrar til auka mangfald i det samla medietilbodet.

Fleire av desse krava er overordna krav som seier noko om eit forventa resultat av verksemda til NRK. Korleis krava blir oppfylte, kan samtidig bli vurdert ved å sjå nærmare på innhald, omfang og regularitet for bestemte programkategoriar. Medietilsynet legg den siste forståinga til grunn for evalueringa av korleis NRK innfrir desse krava. Krava som blir stilte til «høg kvalitet», forstår Medietilsynet som breidde og fordjuping i dei perspektiva NRK tilbyr innanfor dei ulike tilbodskategoriane og i sitt samla innhaldstilbod. Det handlar også om kvalitetsjournalistikk i den betydninga at NRK har ein høg standard i produksjonane sine, og at journalistikken blir driven etter publisistiske prinsipp som å vere sakleg, balansert, påliteleg og kjeldekritisk. I tillegg inngår oppfyltinga av fleire andre konkrete krav i allmennkringkastingsoppdraget til NRK i vurderinga, til dømes krava om å fremme den offentlege samtala og tilbodet av nyheiter, aktualitetar og kultur – medrekna den undersøkjande journalistikken.

I NRKs langtidstrategi står det blant anna at «NRK bidrar til at folk forstår samfunnet, hverandre og seg selv bedre», «NRK bidrar til et inkluderende og nysgjerrig Norge», «NRK skaper åpne møteplasser, ny forståelse og opplevelser som setter spor», «Vi lærer, samarbeider og utforsker nye ideer» og «Vi styrker samspillet mellom innhold, teknologi og produktutvikling». Dette viser at NRK legg vinn på at tilbudet til NRK skal bidra til at

#### Hovudmål og delmål i langtidstrategien til NRK

##### **NRK styrker og utvikler demokratiet**

NRK bidrar til at folk forstår samfunnet, hverandre og seg selv bedre  
NRK bidrar til et inkluderende og nysgjerrig Norge  
NRK styrker norsk og samisk mediemangfold

##### **NRK samler og engasjerer alle som bor i Norge**

NRK tilbyr innhold som folk finner, velger og elsker  
NRK er tett på publikum og er til for alle  
NRK er den beste formidleren for norsk og samisk virkelighet  
NRK skaper åpne møteplasser, ny forståelse og opplevelser som setter spor

##### **NRK er en publisist og innholdsprodusent i verdensklasse**

Vi kjenner folk i Norge best  
Vi speiler befolkningen i innhold og organisasjon  
Vi lærer, samarbeider og utforsker nye idéer  
Vi styrker samspillet mellom innhold, teknologi og produktutvikling  
Vi øker andelen ressurser til publisering og innhold

Kjelde: NRK

borgarane kan forstå seg sjølve, mangfaldet og samanhengane i samfunnet betre, og gi eit godt grunnlag for meiningsdanninga og aktiv demokratisk deltaking.

Det avgjerande for at NRK oppfyller kravet er likevel det faktiske innhaldstilbodet som NRK leverer på radio, tv og nett. Fleire framstillingar i allmennkringkastarreknescapen frå NRK viser at innhaldstilbodet på alle plattformer har høg kvalitet og stort mangfald, er nyskapande og gir auka samfunnsverdi.

### Utvikling og nyskaping

NRK opplyser at det kvart år blir arrangert ei rekke arbeidsmøte der formålet er å utvikle nytt innhald. Eitt av dei nye prosjekta som blei utvikla i 2021, var *Den store folkevandringa*, eit omfattande samarbeidsprosjekt mellom NRK, Landslaget for lokalaviser (LLA) og Senter for undersøkjande journalistikk (SUJO). Prosjektet handla om kor folk flyttar og korleis flyttestrøymane endrar Noreg. *10 år siden 22. juli* var eit større utviklingsarbeid for korleis NRK skulle dekke markeringa, og *NRK Lyspunkt* er ei eiga landingsside på Nrk.no for positive nyheiter.



Illustrasjon: NRK

Nokre av programkonseptane NRK framhevar, er *Eit feitt liv*, der Ronny Brede Aase tar for seg etablerte sanningar og mytar rundt vekt og helse, *Hode i klemme*, ein dokumentarserie som følger brytarmiljøet i Noreg, *Gutter mot verden*, som er skildra som ein nyskapande dokumentarserie frå NRK P3 om gitar og unge menn som hamnar utanfor fellesskapet, og *Rådebank* sesong 2, ein dramaserie som tar opp tema som mental helse, sorg og sjølv-mord. NRK viser også til publiserte nettsaker og digitale historieforteljingar som har vore banebrytande, deriblant *Blålys for havet* om korleis mennesket set fotavtrykk i havet, *Slik blir*



*klimaet der du bor* med ei kartlegging av konsekvensane av klimaendringane i alle norske kommunar, og *På innsiden av festen til 18-åringene*, ei fleirmedial forteljing som gir eit unikt innblikk i korleis dei unge festar.

Vidare er ein del av NRKs mål for nyskaping og kvalitetsutvikling å gjennomføre produksjonar på ein klimavennleg måte. Gjennom eit samarbeid med bransjeorganisasjonen *Albert* har NRK tilgang på eit verktøy (ein klimakalkulator) som gjer det mogleg å måle klimagassutslepp frå kvar enkelt produksjon. I 2021 har to interne produksjonar ferdigstilt ein klimarekneskap, og seks produksjonar er i gang med å bruke klimakalkulatoren og ta såkalla grønne grep. NRK seier at målet er å utvide talet på grønne signalproduksjonar i 2022.

Det følger av allmennkringkastarreknescapen at det samla tilbodet til NRK i 2021 hadde ei stor breidde i tema og sjangrar. NRK viser til at ulike miljø jobbar kontinuerleg med utvikling og nyskaping for å auke breidda og kvaliteten i tilbodet – både i tema og sjangrar. NRK gjer greie for eit systematisk arbeid for å nå alle målgrupper. NRKs kanalar på tv og radio utfyller kvarandre med dei breie kanalane NRK1 og NRK P1, dei fordjupande og kunnskapsorienterte kanalane NRK 2 og NRK P2, og barne- og ungdomstilbodet i NRK Super/NRK 3. I tillegg har NRK ei rekke digitale radiokanalar med ulik profil og eit omfattande tilbod på nett og mobil.



Illustrasjon: NRK

NRK viser til at podkast og NRK Radio er ein viktig og relevant del av allmennkringkastingsoppdraget på lyd, og NRK satsar på eit breitt podkasttilbod innan dei fleste sjangrane. NRK meiner podkastmediet særleg eignar seg til det fordjupande innhaldet, og at det bidrar til å løyse breidda i oppdraget. Innanfor dokumentarar, kultur, nyheiter og folkeopplysning trekker NRK fram titlar som *Burde vært pensum*, *Fantorangens lydmysterier*,

*Musikkrommet, Hele historien, Historier fra virkeligheten, Oppdatert og Ekko samfunnspodden.*

NRK Radio auka daglege unike brukarar med 13 prosent i 2021. NRK Radio gir både høve for å høyre radio direkte og lytte til program og podkast når ein sjølv ønsker. Totalt har talet på daglege brukarar gått frå 139 696 i 2020 til 157 884 i 2021. Det er framleis flest brukarar som lyttar til direkte radio, men talet på brukarar som starta valbar lyd, auka frå 28 776 i 2020 til 42 637 i 2021. NRK opplyser samtidig om at filtreringa for kva som blir tald som ein unik brukar, blei revidert i overgangen til 2020.<sup>22</sup> NRK opplyser om at måten å telje nedlastingar av podkastar på også er endra frå og med 2021. Derfor blir ei nedlasting tald noko strengare enn i tidlegare rapportar. Podkastseriane *Friminutt med Herman og Mikkel, Ekko – samfunnspodden, Lørdagsrådet* og *Hele historien* hadde alle over ti og en halv million nedlastingar.

### Innsikt og breidde i programtilbodet



Dennis Siva Lie var programleiar i *Superkroppen*. Foto: Ole Kaland, NRK

NRK framhevar at innhald frå NRK skal gi innsikt, refleksjon, kunnskap og opplevingar for alle i Noreg. Målet er at alle skal finne og velje innhald frå NRK. Medietilsynet legg til grunn at programkategoriar som tradisjonelt bidrar til kunnskap og refleksjon, er

---

<sup>22</sup> NRK opplyser at det inneber at filtreringa er noko strengare enn tidlegare, som igjen gjer at nivået for 2020 er noko lågare enn rapportert i fjor.

informasjonsprogram, nyheiter, aktualitetar, samfunnsprogram, kulturprogram, naturprogram, vitskapsprogram og dokumentarar.

Av program som svarar på oppdraget innsikt og refleksjon, trekker NRK blant anna fram *Rus*, der Leo Ajkic forsøker å finne sanninga om rus blant norsk ungdom, og *Ikke spør om det*, der modige og misforståtte menneske svarar på spørsmål som ikkje andre våger å stille. I 2021-sesongen var det program blant anna om jødar, samar og norske rom. I *Superkroppen* blir barn vist eit mangfald av kroppar og fasongar og kva kroppen gjer for oss, *Brennpunkt: Phillips vei til terror* tar for seg radikaliseringsprosessen Philip Manshaus gjekk gjennom før drapet på stesøstera og angrepet på moskeen i Bærum, mens *Popkorn og politikk*, oppfølgjaren til podkasten *Trump mot verden*, tar for seg populistiske strøymingar i verda.

Nokre eksempel på faste programpostar i 2021 er *Urix*, *Dagsnytt 18*, *Ukeslutt*, *Dagens*, *Debatten*, *Hva feiler det deg*, *Newton* og breidda av djupnesaker som jamleg blir publiserte på Nrk.no. NRK har et breitt nyheits- og aktualitetstilbod og program med undersøkjande journalistikk som bidrar til å gi innsikt, refleksjon og kunnskap. Dette tilbodet blir omtalt nærmare under vurderinga av krava til nyheits- og aktualitetsdekninga.

Endringane NRK gjorde i programlegginga i 2020 for å møte behovet som befolkninga har for løpande nyheitsoppdatering og informasjon, kom tydeleg til uttrykk i programstatistikken. I 2020 blei det formidla 2 996 timar nyheiter i NRK1, meir enn ei dobling samanlikna med 1 231 timar året før. I 2021 blei det sendt 2239 timar med nyheiter. Talet gjekk noko ned frå 2020, men var likevel betrakteleg høgare enn i 2019. Andelen nyheiter i det samla programtilbodet i NRK1 gjekk ned frå 37 prosent i 2020 til 27,9 prosent i 2021. Innanfor dei fleste andre programkategoriane auka talet på timar frå 2020 til 2021, også for dei smalare kategoriane religion/filosofi, natur/vitskap og kunst/kultur. Talet på timar innanfor kategoriane drama og underhaldning blei noko redusert i same periode. NRK2 formidla 1389 timar med nyheiter i 2021, 319 timar meir enn i 2020. Samtidig gjekk talet på timar innanfor kategoriane drama, generell fakta / samfunn, musikk, underhaldning og religion/livssyn ned. Talet på timar med natur og vitskap blei nesten halvert frå 2020. I NRK3 er fordelinga mellom dei ulike programkategoriane relativt stabil. Den største endringa er innanfor drama, der talet på timar blei redusert med 204 timar frå 1386 timar i 2020 til 1182 timar i 2021.

På radio var det enkelte store endringar frå 2019 til 2020 i den allmenne breiddekanalen NRK P1. Talet på nyheitstimar blei meir enn dobla, og samtidig blei NRK P1s tilbod av samfunnsspørsmål betydeleg redusert. I 2021 er denne fordelinga i stor grad vidareført, og nyheitsdekninga i nokon grad styrkt i omfang. Som for tv kan det auka omfanget av nyheiter og reduksjonen i andre programkategoriar i stor grad bli forklart av at NRK har formidla meir nyheitsstoff under koronapandemien. I 2021 auka omfanget av religion og livssyn, mens fordelinga mellom dei andre programkategoriane er relativt stabil. I NRK P2 gjekk nyheitsandelen i 2021 klart tilbake samanlikna med 2020, noko som tyder på at informasjonsbehovet knytt til koronapandemien er den sentrale forklaringsfaktoren for at talet på nyheitstimar auka så kraftig i 2020. Når talet på timar i fleire av dei smalare kategoriane kunst/kultur/medium, portrett, vitskap, religion/livsfilosofi, dokumentar og sex/samliv samtidig



augar i 2021, støttar dette opp under den viktige rolla og funksjonen NRK P2 har som kultur- og samfunnsorientert kanal i radiotilbodet til NRK.

For NRK P3 har Medietilsynet løfta fram at musikkandelen har auka betydeleg dei seinare åra. Frå 2020 til 2021 er talet på timar og prosentandelen musikk mest redusert, mens talet på timar og prosentandel underhaldning har auka om lag tilsvarande. Samtidig har NRK P3 auka omfanget av samfunnsspørsmål (frå 36 timar i 2020 til 111 timar i 2021) og kunst, kultur/medium (frå 123 timar i 2020 til 143 timar i 2021). Det er også formidla nyheiter på NRK P3 i 2021, ein programkategori som ikkje var på kanalen i 2020. Medietilsynet vurderer desse endringane som positive for å styrke breidda i tema og sjangrar for dei unge. Dette er det viktig at NRK tar omsyn til i programsetjinga av aldersgruppeorienterte tilbod. For NRK på nett er fordelinga mellom programkategoriane på om lag same nivå i 2021 som føregåande år.

Medietilsynet viser til at den tematiske breidda i innhaldstilbodet til NRK er sentral for å sikre at NRK bidrar positivt til innhaldsmangfaldet. NRK har ei viktig rolle både som fellesarena som bidrar til at befolkninga har ei felles orientering mot samfunnet, og for å eksponere mediebrukarane for innhald dei tradisjonelt ikkje oppsøker. Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som er tilgjengeleg for heile befolkninga. Med det samla innhaldstilbodet på radio, tv og nett skal NRK tilby eit variert og allsidig tilbod både til breie og smale grupper. Tilsynet viser at NRK har eit innhaldsmangfald og ei sjangerbreidde som skil seg frå tilbodet til dei kommersielle medieaktørane i den norske mediemarknaden. I så måte understrekar Medietilsynet at det er viktig at NRK held tilbodet innanfor smalare kategoriar som undersøkjande journalistikk, fakta/informasjon, samfunnsspørsmål, kultur, natur, vitskap, religion og dokumentarar på eit tilfredsstillande høgt nivå framover. NRKs rolle på område med marknadssvikt er svært viktig for å bidra til auka innhalds- og bruksmangfald. Vurderinga av kulturdekninga til NRK er gjort i punkt 2.9.1.

### **Auka samfunnsverdi**

Også 2021 var prega av koronapandemien, og NRK har vore bevisst rolla si som fellesarena, blant anna gjennom prosjektet *Hele Norge svømmer*, som blei gjennomført i samarbeid med Norges Svømmeforbund og Redningsselskapet. Målet med prosjektet var at heile landet skulle bli trygge i vatnet og lære seg å flyte før sommarferien. Det blei laga både underhaldningsprogram og nyheitsjournalistikk for barn og vaksne i samband med prosjektet. 17. mai-sendinga, *BliMe!*, *MGP*, *P3 Gull*, *Idrettsgallaen* og *Samenes nasjonaldag* var gjentakande store prosjekt som blei produserte i 2021. *Festen etter fasten – id mubarak* blei sendt for andre år på rad og var ei direktesending der høgtida eid blei feira.



*Hele Norge svømmer.* Ida Nysæter Rasch, Christopher Robin Omdahl og Aalamatu Kamara leia direktesendinga frå Frognerbadet i Oslo laurdag 5. juni. Foto: Julia Marie Naglestad, NRK

I 2021 sende NRK for første gong direkte frå pridefestar rundt om i Noreg, og eit anna nytt arrangement var *Hele Norge spiller*, der heile Noreg blei invitert til spelekveld. *Hev stemmen* var eit musikkarrangement med norske artistar for eit mangfaldig og inkluderande samfunn og med eit tydeleg budskap mot rasisme. Vidare sende NRK *Sommerskuta* som var 2021-sommarens minutt-for-minutt-satsing. 29 hamner frå nord til sør blei besøkte i løpet av seks veker – med ein avstikkar til Shetland. Totalt utgjorde dette 400 timar direktesend tv med musikk, underhaldning, intervju med ulike personar og naturbilde. *Mesternes mester*, *Alle mot 1*, *Stjernekamp* og *Maskorama* er underhaldningssatsingar som fortsette å samle sjåarar i 2021. *Familiens ære*, *Monsen på villspor*, *Norges tøffeste* og *Eides språksjov* blir også trekt fram som populære programseriar i helgene. Innanfor talkshow-kategorien viste NRK også i 2021 *Kåss til kvelds*, *Nytt på nytt* og *Lindmo*. Desse programkonseptane skal ifølge NRK by på humor, avkopling, innsikt og personlege og sterke historier. NRK framhevar andre sesong av *Førstegangstjenesten* som den store humorsuksessen i 2021. Dette var siste runde av det militære universet til Herman Flesvig.

Medietilsynet vurderer det folkelege tilbodet med brei appell som viktig for at NRK både fyller funksjonen som samlande fellesarena i befolkninga, og som ein «lead in»-effekt til det smalare tilbodet som appellerer til bestemte målgrupper. Ved å vere nyskapande og ta opp samfunnsaktuelle tema på ein fordjupande og engasjerande måte som treffer breitt, vurderer



Medietilsynet at NRK tilfører ein samfunnsverdi i det totale innhaldstilbodet som er tilgjengeleg for publikum.

### NRKs profilundersøking

NRK framhevar tillit som eit av dei viktigaste parametrane for ein sterk og uavhengig medieaktør. NRKs profilundersøking for 2021 viser at 85 prosent har tillit til NRK, ein auke på eitt prosentpoeng frå 2020, som var eit rekordår. Profilundersøkinga viser også at 80 prosent var tilfreds med det samla tilbodet til NRK i 2021. I tillegg meiner 83 prosent at NRK er svært eller ganske viktig for samfunnet. Nivået har halde seg stabilt frå 2020. 85 prosent meiner NRK oppfyller allmennkringkastingsoppdraget, noko som er relativt stabilt frå føregåande år. Samtidig viser profilundersøkinga at resultatane frå andre halvår i 2021 er svakare enn for første halvår, spesielt på spørsmåla om tillit, valuta for skattepengane og «upartisk og upåvirket». Det er i hovudsak fjerde kvartal som er svakast på desse områda, og NRK vil følge utviklinga utover i 2022 for å sjå om dette er ei rørsle i omdømmet.

Profilundersøkinga viser vidare at dei unge har høg tillit og er nøgde, og auken i 2020 i segmentet vaksne utan høgare utdanning fortset i 2021. Blant vaksne med høg utdanning, godt vaksne og pensjonistar er resultatane dårlegare for fleire av områda som blir målte i profilundersøkinga. Samtidig er nivåa i dei nemnde segmenta svært høge, og utviklinga kan vere ei naturleg justering. NRK peiker på at endringane må følgast over tid.

#### **Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å arbeide for høg kvalitet, mangfald og nyskaping, at allmennkringkastingstilbodet skal vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap gjennom program av høg kvalitet, og at NRK skal vere nyskapande og bidra til kvalitetsutvikling. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfylte kravet om at tilbodet skal ha tematisk og sjangermessig breidde, og at NRK skal appellere til alle aldersgrupper. Vurderinga er også at NRK oppfylte kravet om å legge vinn på å tilføre tilbodet sitt eit element av auka samfunnsverdi samanlikna med det kommersielle tilbodet.






### 2.3.3 Programstatistikk NRK TV

Figur 1 – programstatistikk for NRK1


Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Nyheiter	2 996	37,0 %	2 239	27,9 %
Fritid/hobby/livsstil	1 127	13,9 %	1 484	18,5 %
Sport	580	7,2 %	1 009	12,5 %
Drama	1 270	15,7 %	885	11,0 %
Generell fakta / samfunn	577	7,1 %	808	10,1 %
Natur og vitenskap	388	4,8 %	576	7,2 %
Musikk	323	4,0 %	364	4,5 %
Underholdning	576	7,1 %	339	4,2 %
Kunst og kultur	245	3,0 %	264	3,3 %
Religion/filosofi	25	0,3 %	53	0,7 %
Sum	8 106	100,0 %	8 021	100,0 %



Kilde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 2 – programstatistikk for NRK2


Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Nyheiter	1 070	14,2 %	1 389	18,2 %
Fritid/hobby/livsstil	1 190	15,8 %	1 437	18,8 %
Sport	296	3,9 %	344	4,5 %
Drama	974	12,9 %	1 231	16,1 %
Generell fakta / samfunn	1 179	15,7 %	1 038	13,6 %
Natur og vitenskap	1 067	14,2 %	560	7,3 %
Musikk	738	9,8 %	611	8,0 %
Underholdning	460	6,1 %	401	5,2 %
Kunst og kultur	476	6,3 %	562	7,4 %
Religion/filosofi	74	1,0 %	69	0,9 %
Sum	7 524	100,0 %	7 642	100,0 %



Kilde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 3 – programstatistikk for NRK3

Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Nyheiter	3	0,1 %	6	0,2 %
Fritid/hobby/livsstil	397	14,7 %	390	14,1 %
Sport	45	1,7 %	71	2,5 %
Drama	1 386	51,2 %	1 182	42,6 %
Generell fakta / samfunn	350	13,0 %	458	16,5 %
Natur og vitenskap	156	5,8 %	171	6,2 %
Musikk	125	4,6 %	154	5,6 %
Underholdning	164	6,1 %	184	6,6 %
Kunst og kultur	63	2,3 %	140	5,1 %
Religion/filosofi	15	0,5 %	18	0,6 %
Sum	2 706	100,0 %	2 774	100,0 %




Kilde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk



Figur 4 – programstatistikk for NRK Super

Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Nyheiter	3	0,1 %	0	0,0 %
Animasjon	3 112	58,9 %	3 143	61,6 %
Dokumentar	245	4,6 %	254	5,0 %
Sportoverføring	0	0,0 %	4	0,1 %
Drama	956	18,1 %	856	16,8 %
Undervisning	99	1,9 %	170	3,3 %
Vitskap	1	0,0 %	31	0,6 %
Musikkvideo	20	0,4 %	30	0,6 %
Underholdning	752	14,2 %	509	10,0 %
Samisk innhald	98	1,8 %	109	2,1 %
Fillarar	1	0,0 %	0	0,0 %
Sum	5 285	100,0 %	5 106	100,0 %




Kilde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

## 2.3.4 Programstatistikk NRK Radio

Figur 5 – programstatistikk for NRK P1

Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Underholdning	3 599	41,1 %	3 589	41,0 %
Musikk	2 376	27,1 %	2 403	27,4 %
Regionale sendingar	1 488	17,0 %	1 459	16,7 %
Nyheiter	383	4,4 %	400	4,6 %
Religion/livsfilosofi	247	2,8 %	302	3,4 %
Samfunnsspørsmål	219	2,5 %	216	2,5 %
Sport	100	1,1 %	96	1,1 %
Konkurransse	68	0,8 %	54	0,6 %
Portrett	10	0,1 %	8	0,1 %
Anna	268	3,1 %	234	2,7 %
Sum	8 760	100,0 %	8 760	100,0 %




Kjelde: NRK Statistikk



Figur 6 – programstatistikk for NRK P2


Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Samfunnsspørsmål	2 156	24,6 %	2 025	23,1 %
Nyheiter	2 173	24,8 %	1 825	20,8 %
Kunst/kultur/medium	1 788	20,4 %	1 825	20,8 %
Portrett	930	10,6 %	1 043	11,9 %
Musikk	866	9,9 %	823	9,4 %
Vitskap	136	1,6 %	416	4,8 %
Religion/livsfilosofi	272	3,1 %	394	4,5 %
Dokumentar	80	0,9 %	203	2,3 %
Drama	12	0,1 %	10	0,1 %
Sex/samliv	0	0,0 %	10	0,1 %
Anna	347	4,0 %	185	2,1 %
Sum	8 760	100,0 %	8 760	100,0 %



Kjelde: NRK Statistikk

Figur 7 – programstatistikk for NRK P3

Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Musikk	6 718	76,7 %	5 205	59,4 %
Underholdning	1 672	19,1 %	2 685	30,6 %
Nyheiter	0	0,0 %	314	3,6 %
Sex/samliv	170	1,9 %	157	1,8 %
Kunst/kultur/medium	123	1,4 %	143	1,6 %
Samfunnsspørsmål	36	0,4 %	111	1,3 %
Portrett	2	0,0 %	3	0,0 %
Anna	39	0,4 %	142	1,6 %
Sum	8 760	100,0 %	8 760	100,0 %




Kjelde: NRK Statistikk



### 2.3.5 Programstatistikk for NRK på nettet

Figur 8 – programstatistikk for NRK på nettet

Kategori	2020		2021	
	Artiklar	Prosent	Artiklar	Prosent
Distrikt – innanriks	10 166	45,7 %	10 278	45,7 %
Nyheiter – politikk, innanriks	3 483	15,7 %	3 148	14,0 %
Nyheiter – utanriks	2 668	12,0 %	2 115	9,4 %
Sport	1 399	6,3 %	1 864	8,3 %
Kultur og underhaldning	1 172	5,3 %	1 086	4,8 %
NRK Sápmi	505	2,3 %	565	2,5 %
Andre	2 846	12,8 %	3 430	15,3 %
Sum	22 239	100,0 %	22 486	100,0 %



Kjelde: NRK Statistikk

### 2.3.6 Utdanning og læring

NRK skal bidra til utdanning og læring. Det inkluderer innhald som er lagt til rette for skoleverket. Målgruppa er lærarar, og bruken fordeler seg jamt mellom grunnskolen og vidaregåande skole. NRK Skole tilpassar innhald som er produsert i heile NRK, og koplar det til konkrete læringsmål i læreplanverket til skolen. NRK Skole produserer også eige innhald, gjerne saman med interne og eksterne samarbeidspartnarar.

NRK Skole har over 10 000 klipp tilgjengelege som bidrag til undervisninga på dei fleste trinn og fag. Nærmare 400 av desse klippa er publiserte i 2021. NRK Skole-redaksjonen har tett og brei kontakt med lærarar gjennom konferansar, fokusgrupper, nyheitsbrev og sosiale medium.

På grunn av den store fagfornyninga og læreplanane som blei innførte hausten 2020, starta NRK Skole med å legge om nettsidene i 2020. Dette arbeidet er gjort gradvis og blir slutført hausten 2022. Mot slutten av 2021 publiserte NRK dei siste 50 filmene i animasjonsserien *Kort fortalt – Livsmestring*. Serien tar opp tema som depresjon, sjølvskading, sjølv-mord, rus og seksuell helse på ein pedagogisk måte. Serien er laga i samarbeid med eit eksternt produksjonsselskap.



Illustrasjon: NRK

NRK samarbeidde med LOOP Miljøskole i 2021, og det er produsert ni nye filmar om berekraftig utvikling. Det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap blir dekt gjennom generelt innhald som blir laga i NRK, og NRK Skole er i dialog med andre redaksjonar og oppdaterer porteføljen fortløpande. NRK Skole og NRK Nyheter samarbeidde om forklaringsfilmar og ei tv-sending tilpassa skoleungdom i tilknytning til stortingsvalet i 2021. NRK Skole deltok også i produksjon av innhald til NRK Supers temauke om rasisme. Filmene blei publiserte i januar 2022.

NRK Skole laga også innhald innan faget KRLE og publiserte ein serie om religiøse høgtider vinteren 2021. Planlegginga av ein serie om dei heilage husa til dei store religionane blei starta i 2021. Vidare er det gjort opptak, og det blir jobba med filmar og seriar innan faget kroppsøving, som blir publisert i 2022. *Super:bit*-prosjektet er eit treårig prosjekt der NRK Skole samarbeider med Vitensenterforeningen, Lær Kidsa Koding og NRK Super. I 2021 bidrog NRK Skole med læringsvideoar om koding og i marknadsføringa ut til skolane.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å bidra til utdanning og læring, medrekna å tilby innhald som er tilrettelagt for skoleverket.

### 2.3.7 Bruk av andre medieplattformer

NRK gjer vidare greie for arbeidet med å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer på fleire område. Målet er ifølge NRK først og fremst å gi kunnskap gjennom redaksjonelle flater. P1+ har for eksempel gjestar som kan forklare kor det er mogleg å finne godt innhald og korleis ein kan bruke nye tenester. Ut frå ein tanke om at attraktivt innhald stimulerer til bruk, tilpassar NRK stadig meir innhald i NRK TV til godt vaksne, slik at dei oppdagar og tar i bruk strøymetenesta.

NRK Publikumsservice svarar på spørsmål om strøymetenestene NRK Radio og NRK TV, korleis ein kan laste ned podkastar og så vidare. Universell utforming kjem dei eldre brukarane til gode ved at innhaldet blir meir tilgjengeleg også for dei. Sjå meir om universell utforming i punkt 2.10.1.

NRKs tv- og radiosendingar og program er tilgjengelege på nett gjennom strøymetenestene NRK TV, NRK Super og NRK Radio. NRK har ein rikhaldig katalog i strøymetenestene og løyser ikkje lenger oppdraget med det lineære tilbodet aleine. Stadig fleire strøymere, mens lineære tv- og radiokanalar gradvis mistar oppslutning. NRK gjer greie for at dei yngre framleis strøymere mest innhald, men at stadig fleire eldre oppdagar tilbodet i NRK TV og NRK Radio. NRK har ei rekke verktøy for å sikre at katalogen kjem ut til publikum, at breidda i tilbodet blir presentert, og at det er enkelt for alle å navigere i tenesta. NRK opplyser at publikum nyttar eit breitt spekter av tilbodet, som drama, dokumentar, kulturprogram, underhaldning, nyheiter og sport. NRK opplyser at i 2021 var 70 prosent av dei som lytta til podkast kvar veke, under 40 år, mens 70 prosent av dei som lytta lineært var over 40 år. Satsing på podkast er dermed avgjerande for NRK for å lykkast med å fylle rolla som

allmennkringkastar på lydområdet i framtida. Det fordjupande innhaldet, som dokumentarar, nyheiter og folkeopplysning, eignar seg ifølge NRK godt på podkast og er blant dei mest populære podkastane til NRK og andre aktørar. NRK gjer greie for auka konkurranse i podkastmarknaden i 2021, og at NRK har eit klart mål om å styrke egne publiseringsplattformer og gjere seg mindre avhengige av tredjepartsplattformer.

NRK innleia hausten 2019 eit samarbeid med Kompetanse Norge som har vore ein viktig del av NRKs arbeid for å bidra til digital kompetanse og forståing. Vidare har ei arbeidsgruppe med medarbeidarar frå ulike kompetansemiljø i NRK gjennom 2021 jobba med å svare på korleis NRK skal satse for å lage innhald som folk vil ha innanfor teknologi. Gruppen har blant anna gjennomført spørjeundersøkingar. Prosjektet skal bygge opp under NRKs ambisjon om å bidra til å styrke og utvikle det digitale demokratiet. I 2022 leverer arbeidsgruppa forslaget sitt til innhaldsstrategi og korleis teknologisatsinga skal bli organisert og leia. NRK peiker også på at NRKbeta er eit viktig miljø for teknologijournalistikk, rådgiving og innsikt og bidrar inn i mange prosjekt i NRK.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar.


### 2.3.8 Interaktiv deltaking

NRK opplyser at dialog med publikum blir ein stadig viktigare del av tilbodet til NRK. I 2021 har NRK vidareutvikla den interaktive informasjonstenesta *NRK Svarer*,<sup>23</sup> der publikum kan stille spørsmål og få svar frå NRKs egne redaksjonar og eksterne ekspertar. Hausten 2021 innførte NRK også eit nytt verktøy for publikumsdialog som gir høve til å engasjere publikum og har gjort det enklare for fleire redaksjonar å ta i bruk dialog i innhaldstilbodet. Blant anna har det i sportssamanheng vore både idrettspersonar og NRKs egne profilar som svarar på spørsmål frå publikum gjennom sendingar.

---

<sup>23</sup> Tenesta blei først etablert da koronapandemien i 2020 skapte eit aukande informasjons- og kunnskapsbehov i befolkninga





NRK inviterte til interaktiv deltaking og avrøysting i underholdningsprogrammet *Maskorama*.  
Illustrasjon: NRK

NRK skal ha eit breitt og løpande oppdatert tilbod av tenester og spel på nett som stimulerer til interaktiv deltaking. Fellesarrangement som *MGP*, *Stjernekamp*, *Alle mot 1*, *Idrettsgallaen* og *Maskorama* har alle inkludert publikumsinteraksjon og avrøysting. For andre sesong av *Maskorama* blei det også lansert ein eigen podkast. I samband med stortingsvalet 2021 utvikla NRK ein ny valautomat, og partiguident hadde eit særleg fokus på yngre målgrupper. Det var også nyutvikling av *Sexguiden*, interaksjon bygd direkte inn i NRK Radio-appen og framleis høg deltaking i *Påskelabyrinten* og idrettsgalla-spelet. NRK Super har eigne quizar og spel som eignar seg for målgruppa til Nrksuper.no og bruker Svar-o-meter-appen til å invitere barn til å svare på spørsmål. Interaksjon med barna blir dermed nytta av NRK Super for å fortelje nyheiter på ein annleis måte.

#### Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å ha eit breitt og løpande oppdatert tilbod av tenester og spel på nett som stimulerer til interaktiv deltaking.





# Nyheits- og aktualitetsdekninga i NRK

Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2.4 Nyheits- og aktualitetsdekninga

### Vedtektene

§ 42 NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 43 NRK skal bidra til økt kunnskap om internasjonale forhold

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Nasjonale og internasjonale nyheter
- Fakta- og bakgrunnsinformasjon for nyheter, debatt og aktuelle samfunns spørsmål

§ 27 NRK skal ha en bred og balansert dekning av politiske valg. Samtlige partier og lister over en viss størrelse omtales normalt i den redaksjonelle valgdekningen.

§ 28 NRK har som oppgave å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre.

### 2.4.1 Eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod, fakta og bakgrunnsinformasjon

Den strategiske føringa for NRKs nyheitsarbeid er framleis «først – med heile bildet», noko NRK forklarar inneber å gi ei grundig og balansert dekning av det løpende nyheitsbildet, oppdatere publikum på dei viktigaste nyheitssakene til ei kvar tid og sette dagsorden med eigenprodusert journalistikk. Samtidig blei 2021 nok eit spesielt år, og NRK rapporterer at interessa for NRKs nyheitsinnhald på alle plattformer har vore rekordstor. Som for 2020 viser NRK til at dette medfører endringar i korleis NRK Nyheter arbeider og bidrar til at strategien til NRK Nyheter blir vidareutvikla.

Interessa for NRKs nyheitsinnhald på alle plattformer auka så mykje i pandemiåret 2020 at det førte til endringar i måten NRK Nyheter arbeider på og til ei vidareutvikling av strategien til NRK Nyheter. «Alltid til å stole på» og «nær og modig» kom til i nyheitsstrategien i 2020, og strategien blei ført vidare i 2021. Tillegga skal understreke kor viktig det er at NRK skal styrke og utvikle demokratiet og nå så breitt ut i befolkninga som mogleg. NRK peiker på utviklingstrekk som framveksten av alternative og ikkje-redaktørstyrte medium, falske nyheiter, påverknadsjournalistikk og auka bruk av sosiale medium som forsterkar desse trekk. For å nå betre ut til yngre målgrupper og komme nærmare folk flest søker NRK ei meir leiken tilnærming i det journalistiske uttrykket.

I 2021 har NRK lagt vekt på å legge til rette for dialog med publikum på eigne plattformer. NRK Svarer har som mål å fremme publikumsdialog på alle NRKs plattformer og er i tråd med NRKs fellesstrategi om å styrke eigne plattformer og vere mindre avhengig av tredjepartsaktørar. NRK opplyser at det blir lagt ressursar i å presentere nyheiter på ein meir visuell måte for å treffe den unge generasjonen betre, og med ein felles gjennomarbeidd



nyheitsstrategi samarbeider NRK tettare på tvers i organisasjonen – ikkje minst med Distriktsdivisjonen og Sápmi.

NRK rapporterer at nyheitsinnhald blir stadig meir synleg i dei valbare strøymeplattformene NRK TV og NRK Radio. For første gong er NRK Nyheter's store produksjon av direktesendt innhald frå den fleirmediale sendedesken også kontinuerleg tilgjengeleg i NRK TV og NRK Radio – i tillegg til radiokanalen NRK Nyheter. Også 2021 blei eit ekstraordinært nyheitsår med høg oppslutning om nyheitsinnhald på dei tradisjonelle, lineære plattformene til NRK, og med eit markant oppsving for det same innhaldet på NRK TV og NRK Radio.

For *Dagsrevyen* alle dagar auka sjåartala frå 556 000 i 2019 til 642 000 i 2020. I 2021 fall sjåartala til 612 000, som framleis er godt over tala frå 2019. Også *Dagsrevyen 21* måndag til torsdag, *Kveldsnytt* alle dagar og *Debatten* fekk noko redusert sjåartal i 2021 samanlikna med 2020. *Urix* og *Dagsnytt 18* fortsette å auke i 2021.

NRK P1 er NRKs beredskapskanal på radio og gir løpande nyheitsoppdatering regionalt og nasjonalt når nyheitsbildet krev det. NRK P2 tilbyr nyheitsfordjuping, kommentarar og analysar av aktuelle hendingar, mens NRK Alltid Nyheter gir eigne nyheitsoppdateringar i tillegg til å samsende nyheitsflater på andre kanalar – både på radio og tv. *Nyhetsmorgen* på NRK P2, som i 2019 også blei ei tv-sending tilsvarande *Dagsnytt 18*, blei under pandemien i 2020 flytta over til NRK1 på tv. NRK opplyser at dette førte til ei merkbar større oppslutning om nyheitsinnhaldet. NRK har også halde fram med å eksperimentere med å tilby eigne nyheitsoppdateringar for smarthøgtalarar gjennom heile 2021.

*Dagsrevyen*, *Dagsrevyen 21* og *Kveldsnytt* var dei sentrale, daglege nyheitsprogramma på tv også i 2021, og NRK fortsette med to sendingar av *Debatten* kvar veke. NRK har endra programtilbodet ved å utvide dei eksisterande nyheitssendingane eller tilbydt ekstra nyheitssendingar når nyheitsbildet har kravd dette. NRK rapporterer at NRK Nyheter dekker dei løpande sakene til tv, radio og nett i tett samarbeid med NRKs distriktskontor. Det er også samarbeid med andre miljø i NRK om undersøkende journalistikk og prosjekt som går i djupna. NRK rapporterer om ei samla aukande oppslutning om nyheitsinnhaldet på NRKs plattformer for nyheitsåret 2021.

NRK arbeider for å styrke det digitale nærværet gjennom Nrk.no, og i 2021 blei Nrk.no ei like stor plattform for publikum som NRK 1 på lineær tv. Nrk.no er Noregs nest største nettstad på mobil. NRK Nyheter har gjennom fleire år hatt strategien «mobil først» for nyheitsinnhaldet til NRK, og i 2021 blei også radio- og tv-sendingane knytte tettare til Nrk.no gjennom direktepublisering, samspel mellom plattformene og gjennom utstrekt bruk av publikumsdialog. I 2021 publiserte NRK 22 486 artiklar på Nrk.no. Av desse var ni prosent i kategorien utanriks, mens 60 prosent handla om nasjonale forhold (distrikt – innanriks (46 prosent) og nyheiter – politikk, innanriks (14 prosent)).

Som i 2020 arbeidde NRK også i 2021 for å vere mindre avhengig av tredjepartplattformer og få meir trafikk og publikumsdialog på eigne plattformer. Dette inneber at NRK har redusert

talet på kontoar i sosiale medium. NRK Nyheter er framleis til stades på Facebook, men NRK opplyser at kontoen først og fremst blir brukt til å gjere publikum merksam på nyheitsinnhaldet til NRK og å føre dei til Nrk.no.

I 2021 prega den verdsomspennande pandemien framleis nyheitsbildet. Andre store nyheitsaker var storminga av Kongressen i USA, at det var ti år sidan terrorangrepet 22. juli, stortingsvalet/regjeringsskiftet og krisa i Ukraina.

Medietilsynet viser til at NRK i allmennkringkastarrekneskapen beskriv nyheitstilboda *NRK Super* (nyheiter for barn), *Tegnspråknytt* (nyheiter på teiknspråk) og *Urix* (utanriksmagasin). Ei eiga gruppe i Nyhetsdivisjonen har som hovudoppgåve å jobbe med å treffe fleire unge med nyheitsinnhald. I 2020 blei *NRK Nyheter* lansert på plattforma Snapchat Discover.

Tidleg i 2022 har tenesta nærmare 240 000 abonnentar. Ved å publisere daglege nyheitsoppdateringar via denne tenesta når NRK eit yngre publikum som til vanleg ikkje besøker dei tradisjonelle kanalane til NRK. NRK opplyser at podkasten *Oppdatert* har vakse til å bli ein av landets største podkaster. I denne podkasten ønsker NRK å gi ei yngre målgruppe innsikt og forståing i aktuelle tema som kan vere kompliserte. Hausten 2021 lanserte NRK også podkasten *Nyhetsblanding*, der unge og etablerte profilar snakkar om aktuelle nyheitssaker i ei form som er tilpassa eit ungt publikum.

P3nyheter blir framleis sendt på NRK P3 og mP3 og leverer innhald til sosiale medium gjennom tenesta *NRK Nyheter* på Instagram. I starten av 2022 hadde instagramkontoen 261 000 følgjarar. NRK oppretta også ein eigen klimaredaksjon fordi den yngre generasjonen er opptatt av globale spørsmål. Redaksjonen leverte innsiktsfulle reportasjar og løpande nyheiter gjennom heile 2021, blant anna dekning av klimatoppmøtet i Glasgow hausten 2021.

NRK opplyser vidare at det i 2021 blei etablert ein liten redaksjon som blir kalla *Lyspunkt*. Denne gruppa i NRK Nyheter jobbar på tvers i NRK for å fremme journalistikk som søker håp og løysingar, ikkje konfliktar. Det uttrykte målet er å finne historier, menneske og idear som gir inspirasjon og håp.

### **Dekning av stortings- og sametingsvalet i 2021**

NRK skal ha ei brei og balansert dekning av politiske val. I 2021 var det både stortings- og samtingsval i Noreg. I valdekninga hadde NRK som mål å treffe best mogleg med innhald som bidrar til at folk engasjerer seg og sluttar opp om demokratiet i Noreg. NRK gjer greie for at valdekninga i 2021 omfatta både tradisjonelle og nye konsept. Før valkampen starta, gjennomførte NRK innsiktsintervju for å treffe godt med valinnhaldet. NRK gjer greie for at intervjuarar viste at folk ønsker seg ei kjensle av fellesskap, å få oversikt og danne seg eit bilde av at valet og politikken handlar om eiga framtid og eigne behov. I dekninga av valet var NRK opptatt av å samle innhaldet om valet, tilby nyskapande brukaropplevingar og å legge til rette for interaksjon med publikum. I tillegg var andregongsveljarar viktige for valdekninga til

NRK. Det var eit redaksjonelt val fordi 20–24-åringane ofte droppar å stemme, og for mange er årsaka mangel på kunnskap.

NRK dekte valkampen og valet gjennom debattar, reportasjar og ytringar. NRK gjer greie for at ikkje alle parti var representerte i like stor grad, men at ulikt meiningsinnhald er formidla i dekninga. NRK viser til at dei etablerte meiningspartia får over 95 prosent av stemmene ved val. I valdekninga hadde NRK som hovudmål å klargjere kva desse partia representerer, skilnader mellom parti og praktiske konsekvensar av partiprogramma. Småpartia er nytta som kjelder i hjertesakene deira og presenterte i saker som *Dette er «de andre» partiene*.<sup>24</sup>

Ein analyse av valdekninga til NRK som er gjord av forskarar ved Universitetet i Stavanger,<sup>25</sup> konkluderer med at *«det er mulig å si at til tross for at enkelte temaer dominerer valgkampdekningen, har NRK dekket valgkampen på en relativt bred og balansert måte»*. Av analysen kom det fram at *«NRK involverte en lang rekke kilder, både fra forskere, kommentatorer og ‘mannen i gata’*. *Representasjonen av de ulike kildene varierte fra program til program, men det var en relativt bred kildegruppe som kom til uttrykk i alle programmer/nettsteder»*. Når det gjeld partitilhørser, konkluderer analysen med at eit breitt spekter av kjelder blei inkluderte. Det går fram at kjelder frå Høgre og Arbeidarpartiet er mest representerte, men at også kjelder frå små parti har fått spalteplass eller taletid i den undersøkte perioden før valet. Analysen peika også på at saker som omhandla sjølve valet, prega valdekninga og reiste spørsmål om denne typen saker gjer veljarane i stand til å ta eit informert politisk val. Saker om klima og miljø fekk også relativt stor plass i valdekninga til NRK, etterfølgt av saker om helse og økonomi. I analysen var brei og balansert dekning av valkampen operasjonalisert som kva tema som blei dekt, og kva kjelder og parti som kom til orde.

Valomaten var i 2021 utforma slik at ulike brukarar fekk litt ulike spørsmål ut frå korleis dei svara. Valomaten blei tatt 2,4 millionar gonger. Standpunkta til stortingspartia i saker som særleg blei vurderte som aktuelle for ungdom, blei forenkla og samanstilte i partiguidentil NRK. I tillegg til tradisjonelle debattar, utspørjingar og valmaraton viste NRK også innsiktsprogram som *Din stemme* og *Er dette politikk?*. NRK sende også seriar som *Brølet fra bygda* og *Sjukt mange spørsmål*, podkasten *Exit bygda* og serien *Latterlig politikk*, der ni komikarar fekk kvart sitt parti som dei skulle sette seg inn politikken til, for så å kjempe for dette partiet i ein direktesend tv-debatt.

NRK dekte også sametingsvalet med nyheitsinnslag, debattar og utspørjingar. I tillegg sende NRK tv-serien *Agnete bruker stemmen*.

---

<sup>24</sup> Saka greidde ut om kjernesakene til ti mindre parti som stilte til val i 2021 utover dei ni politiske partia som allereie var representerte på Stortinget i førre periode, tilgjengeleg 01.06.2022 <https://www.nrk.no/norge/dette-er-smapartiene-som-stiller-til-stortingsvalget-1.15567782>

<sup>25</sup> Kvalheim, Nina (2021) *Med valgkamp på dagsorden – en analyse av NRKs dekning av stortingsvalgkampen 2021*. Rapport skrevet på oppdrag frå NRK.



Som vist i punkt 2.2.1 gjennomførte NRK meningsmålingar både i samband med stortings- og sametingsvalet. NRK har også gjort greie for fleire samarbeid med mediehus over heile landet under dei politiske vala i 2021, som også bidrar til breidde i valdekninga.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK gjennom ei rekke innhaldstilbod på radio, tv og nett hadde ei brei nyheits- og aktualitetsdekning i 2021 som oppfylte krava i vedtektene. Utgreiinga frå NRK viser at det var både nasjonale og internasjonale saker, løpande oppdatering av nyheitsbildet og fakta og bakgrunnsstoff i nyheitsdekninga – i tillegg til dekning og debatt av aktuelle samfunns spørsmål. Nyheits- og aktualitetstilbodet var også retta mot ulike aldersgrupper, medrekna barn og unge. Medietilsynet vurderer at NRK ved stortingsvalet og sametingsvalet i 2021 oppfylte krava knytte til ei brei og balansert dekning av politiske val, og at alle parti og lister over ein viss storleik blei omtalte i den redaksjonelle valdekninga.

#### 2.4.2 Kunnskap om internasjonale forhold

NRK skal bidra til å auke kunnskapen om internasjonale forhold, noko som blir gjort gjennom den løpande nyheitsdekninga, i fleire ulike programflater og på alle medieplattformene. I 2021 bestod utanriksredaksjonen av ti korrespondentar og 18 utanriksjournalistar. NRK peiker på at det internasjonale nyheitsbildet i 2021 var prega av store spørsmål om krig og fred og politiske konflikhtar som blir løyste med militære verkemiddel eller truslar om det.


NRK dekte regimets kollaps og Talibans overtaking i Afghanistan på nært hald. NRK laga også ein reportasje som blant anna viste korleis Taliban nekta kvinnelege lærarstudentar å få vitnemål, trass i budskapet om at Taliban ville respektere rettane til kvinnene. I podkastserien *Krig og fred: 11. september* belyste NRK fleire sider av terrorangrepet i USA 11. september 2001. Det journalistiske arbeidet blei også nytta i publisering på alle plattformer for å nå breitt ut. NRK framheva vidare Etiopia-krigen og viste til at utanriksredaksjonen jobba for å løfte fram stemmer og belyse konflikten frå fleire sider. NRK sende også direkte frå storminga av den amerikanske kongressen 6. januar 2021.

Tradisjonelle medium er viktige når store nyheiter blir formidla direkte, og NRK brukte korrespondentar både da den amerikanske kongressen blei storma og ved konflikten mellom Russland og Ukraina. NRK legg vekt på å belyse konfliktane frå fleire sider og har eit særleg søkelys på sivile lidingar.

Hausten 2021 blei det bestemt at NRK skulle opprette eit nytt Norden-kontor med base i Stockholm, fordi NRK har eit særleg ansvar for å dekke Norden. Kontoret skal vere operativt frå første halvdel av 2022, og NRK får sin ellevte faste korrespondent.

NRK har et breitt tilbud av dokumentarfilmar – både internasjonale og norske. I 2021 sende NRK dei fordjupande seriane *Verden under Trump*, *De utvalgte barna* og *Iraks tragedie*.

Seriar for eit breiare publikum er *Verda rundt på skjener* og *Michael Palins beste reiser*. Av enkeltstående dokumentarfilmar trekker NRK blant anna fram *Covid-19 – et halvår på intensiven* og *Do not split*.



*Michael Palins beste reiser*. Foto: NRK

For å tydeleggjere tilbodet av dokumentarfilm ut mot publikum, både på NRK TV og på dei lineære kanalane, lanserte NRK to nye såkalla dokumentaruniversar i 2021. *Helgas dokumentar* er tilgjengeleg på NRK TV og blei vist på søndagar på NRK1. Blant filmene er *Vaksinekonspirasjon*, *Kongressen under angrep* og *Til siste dråpe*. *Dokuland* er ein fast katalog i NRK TV og har sendeflate på NRK2 kvar veke. Blant dokumentarane er *Min kjære mor*, *Navalnyj – giftig maktkamp* og *Spillet om Gamestop*.

Medietilsynet vurderer at NRK gjennom ei rekke innhaldstilbod på radio, tv og nett hadde ei brei nyheits- og aktualitetsdekning i 2021. Utgreiinga frå NRK viser at tilbodet bestod av både nasjonale og internasjonale saker, gav løpande oppdatering av nyheitsbildet og fakta og bakgrunnsstoff i nyheitsdekninga – i tillegg til å debattere og dekke aktuelle samfunnsprospørsmål. Nyheits- og aktualitetstilbodet var også retta mot ulike aldersgrupper, medrekna barn og unge.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å bidra til auka kunnskap om internasjonale forhold.

### 2.4.3 Undersøkande journalistikk

Undersøkande journalistikk er vidareført i 2021 som eit eige strategisk satsingsområde i NRK med strategien «Undersøkande journalistikk i heile landet». Det er oppretta nye gravegrupper med geografisk spreining, og det er sett i gang eit kompetanseløp saman med Senter for undersøkande journalistikk (SUJO) ved Universitetet i Bergen. Vidare fortel NRK at planen er å auke med ytterlegare 15–20 årsverk utanfor Oslo på dette fagfeltet dei neste to åra.

Ei av sakene som blei avdekt i 2021, var *Drapet i akebakken*, der den 27 år gamle Silje-saka blei tatt opp igjen. I denne saka fekk tre barn i alderen fire til seks år skulda for at den fem år gamle venninne deira døydde. *Brennpunkt* arbeidde med saka gjennom fem år, og arbeidet resulterte i fire dokumentarar, to store featuresaker for nett og fleire nyheitssaker. Vidare avdekte NRK einomstridd praksis knytt til dødserklæringar ved organdonasjon gjennom ein serie nettartiklar. Arbeidet førte til ei open høyring og offentleg debatt om spørsmålet om når ein er «død nok» til å bli organdonor. Andre saker handla blant anna om eldreomsorga i Grue, og korleis ein mann kunne ligge død i ei leilegheit i ni år utan å bli oppdaga.

**Konklusjon:**

NRK har gjort greie for ei auka satsing på undersøkande journalistikk og korleis det blir jobba for å sikre kvalitet og fordjuping. NRK har gitt fleire eksempel på større prosjekt, program og nettsaker i 2021 der kritikkverdige forhold både på individ- og systemnivå er belyst. Medietilsynet vurderer på denne bakgrunn at NRK i 2021 oppfylte kravet om å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å verne enkeltmenneske og grupper mot overgrep eller forsømmingar frå offentlege myndigheiter og institusjonar, private føretak eller andre.





JAZZKLUBB

VOSSA  
JAZZ

# Distriktsdekninga i NRK

## 2.5 Distrikt

### Vedtektene

§ 20 NRK skal reflektere det geografiske mangfoldet i Norge og ha et godt lokalt tilbud. NRK skal være til stede i alle fylker.

§ 33 NRK plikter å tilby innhold som er produsert i og utgangspunkt i, distriktene. NRK skal ha distriktssendinger alle hverdager.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Et eget regionalt nyhets- og innholdstilbud

Krava om geografisk spreing av det redaksjonelle nærværet NRK skal ha i ulike delar av Noreg, handlar både om redaksjonell dekning av distrikta, og om at NRK skal vere til stades i alle fylke. Kravet om nærvær i alle fylke skal ikkje bli forstått som at NRK skal ha eit eige distriktskontor i kvart fylke, slik at NRK har handlefridom til sjølv å bestemme korleis distriktskontora skal vere organiserte. Familie- og kulturkomiteen var opptatt av at kravet skal sikre at det ikkje blir utvikla geografiske blindsoner i den redaksjonelle dekninga av landsdelane (Innst. 332 S (2016–2017)). Frå 2020 har NRK fått eit særskilt ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner, noko som også styrker ansvaret for å dekke geografiske område med svak journalistisk dekning. Sjå meir om vurderinga av korleis NRK oppfyller dette kravet i punkt 2.2.


Frå 1970 og fram til i dag har NRKs distriktskontorstruktur svart til fylkesinndelinga i Noreg. Etter tilpassinga av strukturen til den nye fylkesinndelinga frå 2020 har ikkje NRK gjort ytterlegare endringar i talet på kontor rundt om i landet. Distriktskontorstrukturen følger den nye fylkesinndelinga med éi organisatorisk eining i kvart fylke med ansvar for dei ulike lokaliseringane. I Oslo og Viken har NRK valt ei felles organisatorisk eining for dei to fylka, noko som gir følgjande ti organisatoriske einingar:

- **NRK Troms og Finnmark:** hovudkontor i Tromsø, redaksjonar og lokalkontor i Harstad, Finnsnes, Alta, Hammerfest, Vadsø og Kirkenes
- **NRK Nordland:** hovudkontor i Bodø og lokalkontor i Brønnøysund, Mo i Rana, Svolvær og Narvik
- **NRK Trøndelag:** hovudkontor i Trondheim, redaksjonar og lokalkontor i Steinkjer, Namsos og Brekstad
- **NRK Innlandet:** hovudkontor på Lillehammer, redaksjonar og lokalkontor på Hamar, Gjøvik, Kongsvinger og Leira
- **NRK Møre og Romsdal:** hovudkontor i Ålesund og lokalkontor i Ulsteinvik, Molde og Kristiansund
- **NRK Vestland:** hovudkontor i Bergen, redaksjonar og lokalkontor i Førde, Nordfjordeid, Sogndal, Odda og Stord
- **NRK Rogaland:** hovudkontor i Stavanger og lokalkontor i Haugesund
- **NRK Sørlandet:** hovudkontor i Kristiansand og lokalkontor i Flekkefjord og Arendal
- **NRK Vestfold og Telemark:** hovudkontor i Porsgrunn og redaksjon i Tønsberg



- **NRK Oslo og Viken:** redaksjonar i Oslo, Fredrikstad, Drammen og Ål

Figur 9 – oversikt over NRKs geografiske nærvær i 2021



Kjelde: NRK

I 2021 hadde NRK fast redaksjonelt nærvær 42 ulike stader i Noreg og var til stades i alle landets elleve fylke. Distriktsdivisjonen har totalt 860 medarbeidarar fordelt på dei ulike kontora og er den største innholdsproduserande eininga i NRK. I tillegg kjem avdelingane til NRK Sápmi.

### Innhald produsert i og sendt frå distrikta

Distriktsdivisjonen i NRK har eit tredelt innhaldsoppdrag: å produsere nyheiter og aktualitetar frå heile landet til nasjonale flater, gi eit regionalt nyheitstilbod og produsere for NRKs nasjonale innhaldstilbod i ei rekke andre sjangrar. Redaksjonane og lokalkontora er ifølgje NRK viktige for den samla dekninga av større nyheitshendingar, lokalt og nasjonalt, til dømes i den løpande koronadekninga frå regionane også i 2021. Distriktskontora er også sentrale for NRKs dekning av større hendingar, ulykker og kriminalsaker. Eitt eksempel frå 2021 er dekninga som distriktskontoret i Oslo og Viken og redaksjonen i Drammen gjorde av drapa i Kongsberg.

I 2020 etablerte distriktsdivisjonen eigne journalistiske miljø for fordjupande og undersøkende journalistikk i dei fire regionane Nord, Midt, Vest og Sørøst, og desse blei vidareutvikla i 2021. NRK opplyser at seks av elleve prosjekt blei vurderte for SKUP-prisen for 2021. Eksempel på nyheitssaker og -avsløringar som sette dagsorden frå denne satsinga, er *Den store folkevandringa* (som blei gjort i samarbeid med LLA) og avdekkinga av omsorgssvikt i Grue kommune i Innlandet. Dekninga av stortingsvalet 2021 var ei viktig satsing med sentrale leveransar også for distriktskontora, og ei av sakene som NRK opplyser sette politisk dagsorden før valet, var konsekvensane av utbyggingar selskapet Nye



Veier stod for fleire stader i landet. I tillegg bidrog fleire av distriktskontora med sjølve valdekninga og arrangerte valvaker med sentrale politikarar, presse og publikum til stades.

NRK har daglege regionale sendingar på tv og radio og regionale nettsider på Nrk.no med innhald for nett og mobil. NRK1 sender regionale tv-sendingar kvardagar klokka 19.45 (14 minutt) og klokka 22.55 (fem minutt). NRK rapporterer at dei regionale sendingane har hatt høge sjåartal gjennom heile året. NRK hadde eigne regionale tv-sendingar for Troms og Finnmark (Nordnytt), Nordland, Trøndelag (Midtnytt), Møre og Romsdal, Vestland (Vestlandsrevyen), Rogaland, Agder (Sørlandet), Vestfold og Telemark, Innlandet og fellessending for Oslo og Viken. I 2021 ble dei regionale sendingane også tilgjengelege via strøyming i NRK TV.

Distriktsendingane på radio blei også i 2021 sende i to flater i NRK P1, med lokale morgonsendingar frå 06.00 til 09.00 og ettermiddagssendingar frå 14.00 til 17.00 alle kvardagar. På laurdagar var det lokale nyheitsoppdateringar frå distriktskontora om morgonen. Det regionale radiotilbodet har ein annan sendestruktur enn tv ved at eigne radiosendingar i dei geografiske dekningsområda til dei gamle fylka er vidareførte. I 2021 hadde NRK P1 regionale radiosendingar i Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Rogaland, Sørlandet og Innlandet – i tillegg til eigne sendingar i tidlegare Troms og Finnmark, eigne morgonsendingar i tidlegare Vestfold og Telemark, og eigne sendingar i tidlegare Buskerud, Oslo/Akershus og Østfold.

Distriktskontora har fylkesvise undersider på Nrk.no som er tilpassa fylkesinndelinga og som skal dekke behovet for løpande oppdatering av regionalt innhald på nett. På nett og mobil er distriktskontora ein svært viktig innhaldsleverandør av nyheiter og aktualitetar til Nrk.no, og NRK rapporterer tydeleg vekst i bruken av innhaldet i 2021 – særleg på mobil. I 2021 har distriktskontora hatt eit mål om å nå ut til og engasjere fleire under 30 år med det digitale innhaldet i regionane. NRK har gjort innsiktsarbeid for å auke kunnskapen om kva tema dei unge har interesse for, og har nytta språk, bilde og visuelle verkemiddel som kan nå dei unge. Eit eksempel frå denne satsinga i 2021 er historia NRK Oslo og Viken laga om å søke kjærlig gjennom mobilen: *Bare et sveip til*.


Distriktskontora leverer også innhald til det nasjonale tilbodet på radio, nett, tv og mobil. Distriktskontora har ifølge NRK eit spesielt ansvar for livssyn, vitenskap, klima, natur og historier frå norsk kvardagsliv. I tillegg leverer distriktsdivisjonen fordjupande journalistikk, dokumentarar og innhald for barn, lagar dei fleste av dei riksdekkande programma i NRK P1 og P1+ og har ansvar for morgon- og ettermiddagsflater på mp3. NRK gjer greie for at dei største miljøa for produksjon innanfor andre sjangrar enn nyheiter finst i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo.

Nokre eksempel på tv-produksjonar frå distriktskontora i 2021 er konkurranseprogramma *Norges tøffeste* og *Symesterskapet*. Eksempel på produksjonar for dei yngste er *Bamselegen*, *Ikke gjør dette mot klimaet*, *Gjør det sjøl*, *Eg går på*, *Bli med heim* og *Klassequizen*. NRK opplyser også at distriktskontora i 2021 laga NRKs første

eigenproduserte true crime-serie for tv, *Vålnes-saken*. I tillegg bidrog distriktskontora i store satsingar som *Sommerskuta med Statsraad Lemkuhl*, *Festen etter fasten*, *Melodi Grand Prix* og 17. mai-dekninga.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK gjennom innholdstilbudet sitt på ulike plattformer i 2021 reflekterte det geografiske mangfaldet i Noreg, og at NRK hadde eit godt lokalt tilbod som er produsert og tar utgangspunkt i distrikta. NRK oppfylte også kravet om å vere til stades i alle fylka. NRK har hatt distriktssendingar alle kvardagar både på tv og radio og har eit løpande oppdatert regionalt nyheits- og innholdstilbod på nett.



# Innhald for og med barn og unge i NRK



## 2.6 Barn og unge

### Vedtektene

§ 22 NRK skal fremme barns rett til ytringsfrihet og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhold. NRK skal ha norskspråklige programmer for barn under 12 år, jevnlig norskspråklige programmer for unge, og jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene.

§ 34 NRK skal ha daglige norskspråklige programmer for barn under 12 år.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Egenutviklet innhold for barn og unge

### 2.6.1 Norskspråklege program for barn og unge

NRK skal ha daglege norskspråklege program for barn under tolv år og eit tilbod på nett med eigenutvikla innhald for barn og unge. NRK skal også fremme retten barn har til ytringsfriheit og informasjon. I 2021 lanserte NRK Super 15 nye konsept i tillegg til at nye episodar av etablerte titlar blei publiserte dagleg. Blant dei nye konsept var *Superkroppen*, *Ikke gjør dette mot klimaet!* og *Bjørnis*. Førstnemnde dedikerte episodar til ulike kroppsdelar og vaksne, nakne menneske stod på ei scene og svarte på spørsmål frå barn. Spørsmåla var førebudde saman med klassene til barna i forkant. Programserien skapte debatt og fekk både positive og negative tilbakemeldingar.

*Ikke gjør dette mot klimaet!* har barn i alderen 10–12 år som målgruppe. NRK fekk ei rekke klager, blant anna fordi mange meinte at dei formmessige verkemidla i programserien blei for sterke, og at serien kunne skremme barn. NRK viser til at serien er bygd på ein sjanger som er kjend for barn, og at ingen gav tilbakemeldingar om at dette var for sterkt kost etter førehandsvisinga av serien til fleire hundre barn i målgruppa og lærarar i Trondheim før premieren. NRK viser til kjernen av oppdraget sitt om balansegangen mellom å sikre at barn får informasjon og samtidig blir skjerma mot skadeleg innhald.



Bávkkanas – BlimE! på samisk. Foto: NRK

*Bjørnis* er ein programserie for dei yngste barna og basert på ein velkjend karakter for barn. Serien viser korleis barn kan bidra til brannvern og balanserer det visuelle med informasjon om den kjente karakteren. Vidare var temadagane til NRK Super i 2021 dedikerte til trusfridomen til barn, og vennskapskampanjen BlimE! gav for første gong barn høve til å påverke BlimE-dansen ved å sende inn favorittdanserørslene sine. Videoen «Dynamitt» blei også spelt inn i samisk versjon.

NRK Super hadde i 2021 daglege lineære sendingar frå klokka 06.00 til 19.30. Desse er først og fremst tilpassa dei yngste barna opp til 6–7 år, som er dei som ser mest på tv lineært. Programtilbodet blei i all hovudsak publisert først i strøymetenestene til NRK Super og NRK TV fordi det meste av mediebruken til barn skjer gjennom strøyming.

I 2021 blei det sendt 5106 timar med innhald for barn på NRK Super, som deler kanalplassering med NRK3. Det var ein nedgang frå 5285 timar i 2020. 61,6 prosent av sendetimanane var animasjon, 16,8 prosent drama, 10 prosent underhaldning, 5 prosent dokumentar, 3,3 prosent undervisning, 2,1 prosent samisk innhald og 1,2 prosent «andre» (musikkvideo 0,6 prosent og vitskap 0,6 prosent). 29 prosent av innhaldet var på nynorsk, 2 prosent på dei samiske språka og resten av innhaldet i all hovudsak norskspråkleg.

NRK gjer greie for at alt innhald som blir sendt på dei lineære kanalane eller publisert i NRKs strøymetenester, blir vurdert og merka etter Medietilsynets retningslinjer for aldersklassifisering av bildeprogram. I Super-appen er det mogleg å hindre avspeling av program som har anbefalt aldersgrense 6+ og 9+.

*Supernytt* er nyheitsprogrammet på NRK Super for barn i alderen 8–12 år. Programmet blir publisert alle kvardagar klokka 09.45 på Nrksuper.no. Programmet blir også sendt på NRK1 eller NRK2 klokka 17.50 og er tilgjengeleg i NRK TV. NRK opplyser at strøymetala for *Supernytt* viser at det hovudsakleg blir sett på dagtid, og det blir antatt at det er i stor bruk i klasserom.

I 2020 lanserte NRK *Supernytt* på radio på grunn av pandemien og nedstenginga av samfunnet. Dette tilbodet blei oppretthalde gjennom to månader i 2020, men blei ikkje vidareført i 2021. *Supernytt* hadde sju sendingar i 2021 på NRK Super, *Supernytt og jakten på sannheten* og *Supernytt ekstra*. Desse sendingane var på til saman 65,67 minutt.

Visjonen til NRK Super er «det sterkaste fellesskapet for alle barn i Noreg». NRK seier også at NRK Super ønsker å tilby kvalitetsinnhald som samlar familiar på tvers av alder. I 2021 følgde nær 800 000 barn og vaksne julekalenderen *Kristiania magiske tivoli* i 24 dagar. Julekalenderen blei produsert av Monster og er den første av julekalendrane til NRK som er produsert utanfor NRK.

### Norskspråklege program for unge

NRKs vedtekter stiller krav om at NRK skal ha jamlege norskspråklege program for unge. I allmennkringkastarrekneskapen går det fram at det blir laga norsk innhald til unge på alle plattformer, produsert av mange ulike miljø i NRK. Innhaldet skal svare på behova til dei unge som NRK har avdekt gjennom systematiske innsiktsundersøkingar.

NRK gjer greie for at innsikt i unge målgrupper viser at mange tenåringar drøymmer om å få ein trygg økonomi og aller helst bli rike. NRK har derfor vist tv-serien *Martha blir rik*. Vidare peiker NRK på at undersøkingar viser at unge ofte kjenner på press for å lukkast med skole og jobb, så vel som i det sosiale. NRK ser det som si oppgåve å gi unge eit pusterom ved å få dei til å le. I den samanhengen blir humorseriane *Førstegangstjenesten* og *Elevrådet* og humorreality med *Gym* frå NRK 4ETG, som tok kjendisar tilbake til skolen, trekte fram som eksempel.

I samband med valet viste NRK tv-serien *Latterlig politikk*, der ni komikarar skulle sette seg inn i kvart sitt tildelte politiske parti. NRK viser til at mange unge har lav politisk sjølvtilitt og trekker fram tv-serien som eit bidrag til unge for å forstå forskjellane mellom dei ulike partia. NRK har tidlegare gjort greie for at NRK P3 og NRK mP3 skal vere dei føretrekte radiokanalane for tenåringar og unge vaksne i alderen 18–29 år. I tillegg skal podkastar som *Friminutt* og *Karakter* svare på behova dei unge har for humor og underhaldning. NRK har også publisert podkastserien *VG3* om siste året på vidaregåande skole og *Pålogga* om livet unge folk har på nettet.





*Gutter mot verden*. Programleiar Martha Antonette Solli i samtale med politistudenten Kim. Foto: NRK

I 2021 viste NRK dokumentarserien *Gutter mot verden*. Serien tok opp utanforskap, spesielt blant unge menn. NRK viste også dramaseriar som *19* og *Rådebank 2*. Ei anna satsing var tv-dokumentarserien *Gamerne* som følgde unge e-sportsstjerner i kvardagen. I dokumentarserien *RUS* prøver Leo Ajkic å finne sanninga om rus – på godt og vondt.

### Digitalt univers

Eit av dei digitale universa til NRK for unge er *Unormal*, ei YouTube-satsing for kjernemålgruppa jenter 13–15 år, der tematikken er kropp, kjensler og identitet. Det er også ein podkast som forlenging av programmet. *4ETG* skildrar eit humorkollektiv og postar videoar for unge på YouTube.

NRK samarbeider med andre nordiske kringkastarar i Nordvisjon. 1. januar 2021 tredde ein ny avtale i kraft som inneheld samarbeidet B14, om ungt dramainnhald. DR, NRK og SVT skal bidra med fire seriar kvart år, mens svenske Yle skal bidra med to. Nokre av dramaproduksjonane for barn det blei samarbeidt om i 2021, er *Livet* (DR) og *Fantus og maskinene* (NRK1). For unge er *Eagles* (SVT), *19* (NRK) og *Eg kjem* (svenske Yle) eksempel på samproduksjonar.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte krava knytte til å fremme retten barn har til ytringsfridom og informasjon, og til å skjerme barn mot skadelege former for innhald. NRK oppfylte også kravet om å ha daglege norskspråklege program for barn under tolv år. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfylte kravet om jamlege norskspråklege program for unge. NRK oppfylte også kravet om å ha eigenutvikla innhald for barn og unge på internett som blir løpande oppdatert.

## 2.6.2 Program for barn på dei samiske språka

NRK skal sende jamlege program for barn på alle dei samiske språka. I 2021 sende NRK Super barneprogram på samisk måndag til fredag frå klokka 17.00 til 17.15. *Binnabánnas* er ein serie der NRK i 2021 sende åtte episodar på nordsamisk, åtte på sørsamisk og åtte på lulesamisk. Det er ein auke til det dobbelte frå 2020. I 2021 fokuserte serien på å inspirere samiske barn til å utvide ordforrådet sitt. I tillegg blei det vist ein musikkvideo i tilknytning til nasjonaldagen til samane der Fantorangen og Binnabánnas er saman. Musikkinnhaldet er på dei tre samiske språka og norsk. Målgruppa er 2–6-åringar.



*Boade Stoahkat (skal vi leke) er ein serie på nordsamisk for barn i alderen 0–2 år. Foto: NRK*

*Imas* er ein nordsamisk mysterie- og dramaserie som blei vist på NRK TV og NRK Super i den tredje sesongen sin i 2021. Målgruppa for serien er tiåringar. *Jurká* blei lansert på nordsamisk seinvinteren 2020 og kvar veke i 2021 på NRK TV og YouTube. Målgruppa er tolvåringar som bruker YouTube. NRK legg stor vekt på dialog med brukarane, blant anna ved å publisere gamingsendingar der følgjarane aktivt kan vere med. *Jurká* var også med

under det direkte sende arrangementet som var ein del av produksjonen *Hele Norge svømmer*.

Vennskapskampanjen BlimE! blei produsert på samisk med ein samiskspråkleg vri på NRK Super. *Boađe Stoahkat (Skal vi leike)* blei kjøpt inn og vist i 2021. Serien har åtte episodar på nordsamisk og er retta mot målgruppa 0–2 år. Totalt utgjorde samisk innhald to prosent av innhaldet på NRK Super. I tillegg kan det samiske barnetilbodet bli strøymt på NRK TV og på den eksterne plattformen YouTube.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet til jamlege program for barn på dei samiske språka.

### 2.6.3 Program for unge på de samiske språka

NRK skal ha jamlege program for unge på dei samiske språka, og dei to føregåande åra har NRK oppfylt dette kravet etter ein periode på tre år med brot. *Valvi* blei lansert hausten 2020, og heldt i 2021 fram som eit dagleg direkte sendt radiotilbod til unge i tenåra på samisk på NRK Sápmi. Programmet er leia av unge programleiarar som tar opp aktuelle tema og speler samisk og annan musikk som er relevant for målgruppa. Konseptet er utvikla med publisering på fleire plattformer ved at *Valvi* jamleg publiserer fleirspråkleg videoinnhald til nett og sosiale medium, og at programmet blir produsert som ei tv-sending kvar fredag. Den visuelle radiosendinga blir vist på [Nrk.no/sapmi](http://Nrk.no/sapmi).



Jone er ein av tre ungdommar vi møter i *Borteboerne*. Foto: NRK



NRK sende også tv-serien *Bearkedem/Borteboerne* frå Sápmi. Serien handlar om unge samar som må flytte heimanfrå for å gå på vidaregåande skole. I serien er både nordsamisk og sørsamisk representert, og kommentarane i serien er på sørsamisk.

NRK opplyser at det i 2021 blei det sett i gang ei utvikling av to podkastar på nordsamisk og norsk retta mot eit ungt, breitt samisk publikum.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet til jamlege program for unge på dei samiske språka.



A low-angle photograph of four men looking upwards against a cloudy sky. The man on the far right is leaning in, wearing a bright green jacket. The man in the center is wearing a grey jacket over a white shirt. The man on the far left has a beard and is wearing a dark jacket. The man in the middle-right has a grey beard and is wearing a dark jacket and a green beanie.

# Språk, identitet og kultur i NRK

Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2.7 Samisk språk, identitet og kultur

### Vedtektene

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. (...). NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkning.

Den særstillinga som den samiske befolkningsgruppa har som urbefolkning i Noreg, er reflektert i allmennkringkastingsoppdraget til NRK. Oppdraget med å styrke samisk identitet og kultur omfattar også å styrke dei tre samiske språka som er jamstilte med det norske språket.<sup>26</sup> NRK viser til at NRK Sápmi har eit spesielt ansvar for å bringe fram dei samiske historiene, men at det samiske oppdraget blir eigd av heile NRK. Krava blir ifølge NRK oppfylte både gjennom eit godt og breitt tilbud til den samiske befolkninga og ved at samar og samisk røyndom er synleg i det nasjonale tilbudet til NRK – som i nyheitsbildet og ved andre nasjonale hendingar. NRK Sápmi leverer løpande aktuelt innhald og innslag til andre programflater i tilbudet NRK har på radio og tv, og alt samisk innhald som er sendt på NRK1 eller NRK Sápmi DAB, er tilgjengeleg i strøymetenestene NRK TV og NRK Radio.



Barneprogrammet *Binnabánnas* blir sendt på alle dei samiske språka. Foto: NRK

<sup>26</sup> Samelova § 1-5.



I 2021 har NRK vidareført arbeidet frå året før med å styrke eksponeringa av samisk innhald innanfor fleire sjangrar, medrekna nyheiter, kultur og underhaldning. NRK opplyser om auka oppslutning om samisk innhald frå publikum på alle plattformer og flater, og forklarar at årsaka er styrkt samarbeid mellom NRK Sápmi og andre innholdsmiljø i NRK og auka kvalitet i det samiske innhaldet. I 2021 blei NRK Sápmi nominert til både «Årets nisjenettsted» og «Årets lokale historie» i konkurransen til Mediebedriftenes Landsforening og vann prisen for årets lokale historie med *Bærerne av det onde*.

NRK Sápmi publiserer på dei tre samiske språka nord-, sør- og lulesamisk og på norsk. I 2021 har NRK styrka bruken av lule- og sørsamisk i tilbodet til barn, med versjonering av *Binnabánnas* på alle dei samiske språka (8 episodar på kvart språk mot fire i 2020) og innkjøp av *Minibarna*. Det andre samiskspråklege innhaldet for barn var på nordsamisk. NRK har opplyst at det er utfordrande å finne selskap som kan levere dubbing på sør og lulesamisk.

NRK har frå 2020 eit eige samisk talentprogram for talentar med nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk språk- og kulturkompetanse. Det er få samiskspråklege journalistar og få samiskspråklege som utdannar seg innan journalistikk, noko som har fått NRK til å ta eigne grep for å motivere og utvikle framtidige journalistar. I 2021 har NRK vidareutvikla det samiske talentprogrammet for å auke tilfanget av særleg lule- og sørsamisk kompetanse, som NRK forklarar er særst vanskeleg å rekruttere ut ifrå at dei representerer dei mest utryddingstrua samiske språka. Talentprogrammet går over eitt skoleår, og seks til sju ungdommar lærer å lage innhald for nett, radio/lys, video/tv og sosiale medium – spesielt for yngre målgrupper. Opplæringa har starta ved hovudkontoret til NRK Sápmi i Karasjok, deretter praksis ved fleire ulike NRK-redaksjonar i Oslo, Trondheim, Bodø og Tromsø. Tolv unge samisktalende journalistar er foreløpig gjennom programmet, fire av fem frå det første kullet jobbar i NRK Sápmi, og fleire av dei sju talenta i det siste kullet ønsker å fortsette i NRK.



Frå Valvi studio. Alexander Hætta og Ole Niklas Mienna. Foto: Ole Mátthe Gaup, NRK

I volum er det daglege tilbodet på samisk størst på lineær radio og tv. NRK Sápmi DAB sender samiskspråkleg innhald og flater med samisk, norsk og internasjonal musikk 24 timar i døgnet heile året.<sup>27</sup> NRK Sápmi DAB tilbyr tre daglege direktesendingar på samisk. Morgonsendinga klokka 07.00 til 09.00, *Buorre Idit Sápmi*, er eit nyheits- og aktualitetsprogram på nordsamisk laga i samarbeid med dei samiske redaksjonane i dei nordiske kringkastarane: SVT Sápmi, SR Sameradion og YLE Sápmi. Tidleg ettermiddag blir det nye nordsamiske programmet *VALVI*<sup>28</sup> sendt. Dette programmet har unge samar som målgruppe og blei lansert sommaren 2020. I tillegg til dagleg direktesending publiserer NRK Sápmi DAB ei sending som visuell radio kvar veke tilgjengeleg på nett. Den tredje direktesendinga, *Veaigesátta*, er eit fordjupande programtilbod på nordsamisk med intervju og reportasjar om dagsaktuelle saker om samisk kultur, språk og samfunnsliv. Nyheitsoppdateringar på nordsamisk om formiddagen og lule- og sørsamiske sendingar blir sende i løpet av veka. Andre faste program på NRK Sápmi DAB er magasinsendingane *Julevmagasijnna* på lulesamisk (måndagar og onsdagar 12.04–12.30) og *Áarjel faaroe* på sørsamisk (tysdagar og torsdagar 12.04–12.30). NRK sender også andakten, *Rohkos*, på nordsamisk kvar veke (søndagar 08.30–09.00).

<sup>27</sup> I 2020 og første halvdel av 2021 blei det kvar veke sendt ein halv time norskspråkleg podcast på NRK Sápmi DAB og NRK P2. Siste program i podcasten *Tett på* blei sendt 25. juni 2021, og har vore det einaste norskspråklege tilbodet i DAB-kanalen, som elles tilbyr samiskspråkleg innhald. NRK opplyser at NRK Sápmi har starta utviklinga av ein ny, norskspråkleg podcast som etter planen blir lansert i 2022.

<sup>28</sup> Det nye programmet *VALVI* er ei vidareføring av det tidlegare ungdomsprogrammet *IHÁN*.



På NRK1 sender NRK Sápmi nyheits- og aktualitetsprogrammet *Ođđasat* alle kvardagar. Programmet blir laga i samarbeid med dei samiske redaksjonane i dei nordiske kringkastarane SVT Sápmi, SR Sameradioen og YLE Sápmi.

NRK Sápmi har daglege nyheitsoppdateringar og produserer anna innhald på norsk og samiske språk til eigen nettstad (Nr.no/sapmi), sosiale medium og til Nr.no. NRK opplyser at sør- og lulesamisk innhald jamleg blir publisert på Nr.no/sapmi. NRK rapporterer om auka bruk av NRK Sápmis innhald på nett, og at samiske nyheiter når ut til fleire personar. I 2021 har NRK vidareført den nordsamiskspråklege nyheitspodkasten *Ođđaspodda*, som blei lansert hausten 2020. Podkasten tar opp eit dagsaktuelt tema på ein enkel og oppsummerande måte kvar veke. Podkastane er tilgjengelege på Nr.no/sapmi, i strøymetenesta NRK Radio og på dei mest brukte podkastplattformene. Hausten 2021 blei den nordsamiske podkasten *Sámi Horror* lansert. Podkasten byr på klassisk samisk forteljartradisjon og bringar skumle og uforklarlege forteljingar inn i det digitale valbare innhaldstilbodet til NRK Sápmi. Podkasten blir produsert eksternt på bestilling frå NRK.

NRK Sápmi dekte sametingsvalet og stortingsvalet på nett, radio og tv, og arrangerte fleire tv-debattar som blei sende på NRK1 og Nr.no/sapmi. Under Arendalsveka i august gjennomførte NRK Sápmi den første debatten mellom presidentkandidatane til sametingsvalet. Serien *Agnete jienáda/Agnete bruker stemmen* blei send på NRK1 tidleg hausten 2021. Programma følgde Agnete Saba på reisa si inn i samepolitikken og løfta spørsmål om tryggleik kring eigen samisk identitet. NRK gjer greie for at serien vekte sterke kjensler og engasjement og vann kategorien for beste tv-program i Northern Character TV- and filmfestival.





Serien *Agnete jienáda/Agnete bruker stemmen*. Foto: Hannah Oseid, NRK

NRK omsette partiguidentil stortingsvalet til nordsamisk og laga ein eigen valguide om sametingsvalet som blei publisert på både nordsamisk og norsk. I den samiske valguiden gav NRK informasjon om eigen valkrets, kva parti som stilte til val, og dei ulike politiske ståstadene. På valdagen publiserte NRK Sápmi oppdateringar heile dagen og kvelden og hadde ei direktesend valsending på radio frå klokka 20.00 til 24.00, som også blei send som ei audiovisuell sending på nett. I samarbeid med den samiskspråklege avisa Ávvir gjorde NRK Sápmi ei meningsmåling blant eit representativt utval av valmanntalet til Sametinget, sjå nærmare i punkt 2.2. Opninga av Sametinget blei send direkte på NRK1 og dekt på nett.

I 2021 lanserte NRK Sápmi tv-serien *Bearkedem/Borteboerne* i NRK TV. Serien handlar om tre unge samar som flyttar heimanfrå for første gong for å gå på vidaregåande skole. NRK opplyser at dette er den tredje strøymeserien produsert av NRK Sápmi i tråd med det varsla skiftet i 2020 om å i større grad prioritere digitalt/valbart innhald retta mot unge og unge vaksne samar. Den første serien, *URBI – bare gjør det!*, blei lansert i 2020 og følgde draumane til fire unge samar om ein artistkarriere gjennom eitt år. NRK Sápmi skal produsere minst ein årleg strøymeserie retta mot eit ungt samisk publikum framover. Det visuelle radiokonseptet *VALVI* som blei lansert sommaren 2020, blei også vidareført i 2021. Konseptet er ein del av den styrkte kultur- og ungsatsinga til NRK Sápmi.

*URBI*, NRK Sápmis paraply for samisk musikkinnhald og samiske artistar, presenterer både ukjende og meir etablerte samiske artistar. Formidlinga skjer gjennom nettartiklar,

radioinnhald, audiovisuelt nettinnhald og innhald på sosiale medium. I 2021 delte NRK Sápmi for første gong ut «Årets URBI», prisen for best likte samiske musikkproduksjon stemt fram av publikum. Utdelinga av prisen skjedde på Sami Music Awards 2021, som var ei av dei direktesende hendingane i NRK TV og på Nrk.no. Sendinga var eit samarbeid mellom NRK Sápmi og selskapet Audioland. *Sámi Grand Prix* blei strøymt på NRK TV og Nrk.no i 2021 og for første gong send lineært på NRK2. Sendinga bidrar til å løfte fram joikarar og artistar frå heile det samiske området. Hausten 2021 starta NRK å planlegge direktesending av *Sámi Grand Prix* på NRK1 i 2022 i samarbeid med relevante musikkmiljø både i og utanfor NRK. I 2021 publiserte NRK ein konsert i regi av KORK med den samiske artisten Maria Mortensson frå den sørsamiske festivalen Raasten Rastah, både digitalt og lineært. Sjå meir i punkt 2.9.5. Joik var tilbake som sjanger i *Stjernekamp* i 2021.

NRK Sápmi DAB sender følgjande automatiserte radiosendingar: *Luhteboddu* (samiske joikar), *Ođđaseamos sámi musihkka* (den nyaste samiske musikken), *Vahkkoloahppa* (helgemusikk), *Álgoálbmotmusihkka* (urfolksmusikk) og *Idjarávgga musihkka* (musikk for natteramnar).

I 2021 relanserte NRK Yr.no med ein utbetra samisk del. I arbeidet nytta NRK ei referansegruppe sett saman av interne og eksterne språkressursar for samisk språk – blant anna Samisk språkråd. Utviklarane i NRK og språkmiljøet i NRK Sápmi utvikla ein metode for å finne fram til gode samiske ord og uttrykk for vår på samisk, som svarar mest presist til dei norske uttrykka. Nå er heile tenesta Yr.no omsett til eit heilskapleg samisk språk.


### Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 gjennom tilbudet på radio, tv, nett og mobil oppfylte krava til å styrke dei samiske språka, samisk identitet og kultur. NRK har i 2021 sendt innhald på både nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. NRK oppfylte også kravet om å ha daglege sendingar for den samiske befolkninga.

## 2.7.1 Programstatistikk NRK Sápmi

Figur 10 – tv-tilbudet til NRK Sápmi


Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Barn og ungdom	137	51,5 %	111	49,6 %
Nyheiter	117	44,0 %	101	45,1 %
Nasjonal politikk / Sametinget	0	0,0 %	4	1,8 %
Underhaldning	4	1,5 %	2	0,9 %
Drama	0	0,0 %	2	0,9 %
Val	0	0,0 %	2	0,9 %
Kultur	8	3,0 %	1	0,4 %
Fakta	0	0,0 %	1	0,4 %
Sum	266	100,0 %	224	100,0 %



Kjelde: NRK Statistikk

Figur 11 – radiotilbudet til NRK Sápmi

Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Musikk	3 658	41,4 %	3 825	43,5 %
Aktualitetar	3 454	39,1 %	3 414	38,9 %
Barn og ungdom	1 300	14,7 %	1 319	15,0 %
Nyheiter på samisk	119	1,3 %	92	1,0 %
Religion	107	1,2 %	59	0,7 %
Samfunn	0	0,0 %	51	0,6 %
Kultur og underhaldning	129	1,5 %	18	0,2 %
Kultur og underhaldning på norsk	70	0,8 %	0	0,0 %
Nasjonal politikk / Sametinget	0	0,0 %	7	0,1 %
Sum	8 837	100,0 %	8 785	100,0 %



Kjelde: NRK Statistikk

## 2.8 Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfoldet

### Vedtektene

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile det kulturelle mangfoldet i befolkningen. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra med kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

§ 32 NRK skal formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfoldet i det norske samfunnet. NRK skal skape arenaer for debatt og informasjon om Norge som et flerkulturelt samfunn.

### 2.8.1 Norsk språk, identitet og kultur

Vurderinga av korleis NRK oppfyller kravet om å styrke norsk språk, identitet og kultur, bygger på ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller fleire av dei spesifikke krava i innhaldstilbodet. NRK viser til at innhald speglar norsk røyndom og er berebjelken i tilbodet. Speglinga av befolkninga skal ifølge NRK inkludere både store og små grupper i samfunnet, og NRK har eit særleg ansvar for norske minoritetar.





Journalist Ingvil Bryn i *Dagsrevyen* fekk språkprisen frå kringkastingsjefen for å vere eit godt førebilde for å snakke normert nynorsk. Foto: Håkon Benjaminsen, NRK

NRK meiner språkarbeidet i NRK er eit viktig bidrag til å styrke språk, identitet og kultur, og i 2021 sette NRK i gang fleire prosjekt som direkte styrker samisk og norsk språk. Eit døme på metodikken NRK nyttar i språkarbeidet sitt, er ordlista for funksjonsmangfald. Lista er utarbeidd både på bokmål og nynorsk og er tilgjengeleg digitalt for alle på [Info.nrk.no](http://Info.nrk.no). I arbeidet med lista inkluderte NRK ulike interesseorganisasjonar, privatpersonar og interne ressursar. Målet med lista er at språket ikkje blir eit hinder for å dekke eit viktig felt i journalistikken, og lista samlar gode råd og hjelp for journalistane. NRK opplyser at ordlista har bidratt til å synleggjere funksjonsmangfald i samfunnsdebatten og til å problematisere ord og omgrep som ikkje lenger er greie å bruke.

NRK forklarar at heile valfridomen i det munnlege språket blir nytta i NRK, og at dei tilsette blir oppmoda om å nytte både «konservativt» og «radikalt» bokmål og valfrie former av nynorsk. I tillegg speglar dialektbruken i NRK det geografiske mangfaldet. Samtidig er NRK opptatt av å halde i hevd den delen av språkoppdraget som legg vekt på å nytte dei normerte målformene – også munnleg. NRK viser til at det er få som nyttar normert nynorsk munnleg språk i dag. I 2021 fekk Ingvil Bryn i *Dagsrevyen* språkprisen frå kringkastingsjefen for å vere eit godt førebilde for å tale normert nynorsk. Sjå meir om NRKs bruk av nynorsk i punkt 2.9.2.

Medietilsynet legg vekt på at NRK har ein omfattande eigenproduksjon på radio, tv, nett og mobil, som samla omfattar ein stor variasjon av tema og sjangrar. Den breie lokale forankringa i distriktsdekninga og tilbodet til ulike minoritetsgrupper bidrar til å spegle ulike sider av norsk røyndom og eit mangfald av identitetar i det norske samfunnet. Tematikken i

dramaseriane til NRK bidrar også til å spegle mangfaldet i det norske samfunnet. Sjå meir i punkt 2.9.3.

NRK har eit tilbod til ulike aldersgrupper, blant anna eigne nyheiter for barn og unge. NRK har et breitt og variert kulturtilbod og oppfyller dei ulike krava knytte til norsk musikk, norsk drama og ein variasjon av norske kulturuttrykk, sjå nærmare i punkt 2.9.1 og 2.9.4 nedanfor.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte det overordna kravet om å styrke norsk, språk, identitet og kultur. Medietilsynets vurdering er at ein stor del av programtilbodet til NRK har norsk forankring og speglar det kulturelle mangfaldet i befolkninga.

## 2.8.2 Nasjonale og språklege minoritetar

Forpliktingane NRK har overfor nasjonale og språklege minoritetar, omfattar både eit krav om at NRK skal tilby eigne program for desse gruppene og formidle kunnskap om ulike minoritetsgrupper og mangfaldet i det norske samfunnet. Dei nasjonale minoritetane omfattar grupper som har langvarig tilknytning til eit land. I Noreg er dette jødar, kvenar/norskfinnar, skogfinnar, rom og romanifolk/tatarar. Dei nasjonale minoritetsgruppene er relativt små, og det er inga oversikt over kor mange som sjølv definerer seg som ein nasjonal minoritet ettersom Noreg ikkje har offentleg registrering av etnisk tilhøyrse.

Kravet om at NRK skal ha program for nasjonale minoritetar, er eit av dei statlege tiltaka for å fremme det minoritetspolitiske målet om at nasjonale minoritetar deltar aktivt og kan uttrykke og vidareutvikle språket sitt og kulturen sin. Kravet om eigne program er formålstenleg, særleg for å verne minoritetsspråk. Eit anna sentralt mål for minoritetspolitikken er å auke kjennskapen til nasjonale minoritetar i befolkninga. Medietilsynet legg til grunn at NRK gjennom sine program kan bidra til å fremme kunnskap om dei fem nasjonale minoritetane i Noreg og bidra til representasjon og deltaking, slik at den kulturelle identiteten til desse gruppene og språka deira blir synleggjorde. Medietilsynet held fast ved at dersom eigne program skal fungere som eit verkemiddel til å representere og synleggjere minoritetar, må omfanget vere på eit visst nivå. Europarådet har blant anna gitt fleire anbefalingar som gjeld auka innsats og direkte tiltak for kvener og kvensk språk. Auka nærvær i media er trekt fram som eit slikt direkte tiltak for å sikre at personar som høyrer til den kvenske minoriteten, kan oppretthalde og utvikle den kulturelle identiteten sin og bruke det kvenske språket aktivt i det offentlege rommet. I rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet<sup>29</sup> konkluderte Medietilsynet med at NRK må styrke tilbodet til nasjonale minoritetar dersom det skal

---

<sup>29</sup> Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet – Rapport fra Medietilsynet til Kulturdepartementet*.

fungere som eit verkemiddel for representasjon og synleggjering for desse gruppene framover.

NRK viser til at det er eit mål å spegle nasjonale og språklege minoritetar i det daglege innhaldstilbodet. I tidlegare tilsyn med denne forpliktinga har NRK uttalt til Medietilsynet at det er krevjande å skaffe ei samla oversikt over tilbodet til nasjonale minoritetar på tvers av ulike innhaldsmiljø i NRK. NRK har derfor gitt bestemte regionredaksjonar eit særskilt ansvar for å spegle dei enkelte minoritetskulturane meir systematisk i innhaldstilbodet til NRK. NRK opplyser at det regionale ansvaret er utvikla vidare i 2021 gjennom jamleg kontakt og dialogmøte med minoritetsmiljøa. NRK Troms har ansvar for kvensk innhald, NRK Innlandet for skogfinsk, Region Sørøst for rom og romani og livssynsredaksjonen ved NRK Tyholt for jødisk.

NRK gjer greie for at NRK Kvensk er eit tilbod og ein redaksjon med innhald til den kvenske/norskfinske befolkninga. Styrking av det kvenske tilbodet er ein kontinuerleg prosess der NRK fortløpande evaluerer og utviklar. Nettsida [Nr.no/kvensk](https://nrk.no/kvensk) tilbyr innhald om kvensk språk, kultur og kvenskrelaterte nyheiter gjennom artiklar, videoar, bilde og lydklipp. Målet til NRK er at nettsida skal vere eit dialogpunkt med kvensk publikum og andre som er interesserte i kvensk kultur. NRK har også eit mål om å spreie kunnskap om kvensk kultur og identitet til andre i befolkninga, spesielt gjennom innhaldet som blir gjort tilgjengeleg på forsida til [Nr.no](https://nrk.no). NRK viser til at ein av dei mest leste artiklane på [Nr.no/kvensk](https://nrk.no/kvensk) handla om taiwanske tvillingar som vil revitalisere det kvenske språket ved hjelp av Disney med over 40 000 visningar.

I 2021 tilsette NRK ein journalist med kvensk språkkompetanse som har laga innhald og artiklar skrivne og teksta på kvensk. I tillegg har rekrutteringa ført til at NRK tilbyr video- og lydklipp med kvensk tale, medrekna ei oppsummering av nasjonalt og internasjonalt nyheitsbilde kvar veke med kvensk tale og tekst. Oppsummeringa blir publisert på [Nr.no/kvensk](https://nrk.no/kvensk).

Den kvenske nyttårstala blei for tredje år på rad send på riksdekkande tv i 2021. Talen blei i tillegg gjord tilgjengeleg på [Nr.no/kvensk](https://nrk.no/kvensk). NRK opplyser om gode sjåartal for tv-sendinga og digitalt. I 2021 samarbeidde NRK med Språkrådet om utdeling av den kvenske språkprisen, og utdelinga blei overført på NRK Kvensk. NRK opplyser at samarbeidet med Språkrådet var vellukka og gir høve til fleire samarbeid framover.





Kai Petter Johansen heldt den kvenske nyttårstalen i 2021. Foto: Bernt Olsen

Gjennom 2021 har lokalsendingane i Troms og Finnmark hatt jamlege innslag som set søkelyset på kvensk kultur. Nokre eksempel er innslag om nordnorske musistarar som er inspirerte av kvenske dikt, samarbeid blant museum om bevaring av kvensk kultur, manglande kunnskap om kvensk historie, ønske om nytt kvensk språksenter, kvensk språkopplæring i barnehagar, mangel på kvenske omsettarar og kvensk julefeiring. Kvensk språk var også tema i *Eides språksjov* på NRK1 i romjula 2021.

NRK gjer greie for at det er eit viktig mål å nå barn og unge med det kvenske innhaldet. Målet er å inspirere til læring og praktisering av det kvenske språket. I 2021 resulterte samarbeidet mellom NRK Kvensk og ein filmskapar i seks dokumentarklipp med kvenskspråkleg innhald retta mot barn på nett. Tiltak og restriksjonar knytte til koronapandemien har gjort det ekstra krevjande å kome i intervjusituasjonar med barn og unge i dei kvenske miljøa. I 2022 håpar NRK at dette blir enklare, slik at NRK kan styrke omfanget av tilbodet retta mot barn og unge.

I 2021 hadde dokumentarfilmen *Fremmed blod* premiere i NRK TV og blei ein av dei mest sette enkeltstående dokumentarane på NRK i 2021. Dokumentaren sette nytt søkelys på skogfinnane og følgde regissør Marte Hallem i jakta på dei nyoppdaga røtene sine og på historia til skogfinnane generelt. NRK opplyser at det blei laga nyheitsinnslag på NRK knytte til premieren, som blant anna tok for seg korleis rasebiologar forska på norske skogfinnar. Regissøren Marte Hallem var òg gjest på Sommer i P2, der ho fortalde om den skogfinske

historia si. Historia til skogfynnane i Noreg og Sverige var også tema i eit eige program i *Dette er Norge*, ein serie under det faste programmet *Verdibørsen*. NRK fortel vidare at programmet *Radiolangs* og NRK Innlandet dekte utgivinga av ei plate med gamle skogfinske sverjingar av Ove Berg Russanen frå Svullrya i 2021.



Norske frontkjemparar var tema i Debatten. Frå venstre historikar Sigurd Sørлие frå Forsvarshøgskulen, journalist Eirik Veum frå NRK Nyheter, programleiar Fredrik Solvang og regissør Alexander Kristiansen. Foto: NRK

NRK belyste historia til jødane i Noreg og Europa i ulike program og innslag i 2021, blant anna i samfunnspodden *Ekko* og *NRK Nyheter*. Nokre tema som NRK nemner, er nye snublesteinar i Oslo, retorikken frå Den norske kyrka mot dei norske jødane, 100-årsjubileet til den norske synagogen i Oslo, fordommar mot jødar og ulike innslag om den internasjonale holocaustdagen. NRK Trøndelag publiserte ei djupnesak om fire unge, norske jødar som ikkje kjenner seg bundne av religiøse krav. Sørlandssendinga dekte jødehat på Sørlandet, jødiske skjebnar i Agder og eit initiativ om å legge ned snublesteinar på Sørlandet. I debattprogrammet *Debatten* var jødar representerte i fleire sendingar, blant anna i debatt om konflikten i Midtausten og om serien *Frontkjemperne* på NRK. Innslag om opphevinga av den såkalla jødeparagrafen i Grunnloven og om antisemittisme under koronapandemien, blei sendt i *Studio 2*. NRKs nye verdi- og livssynsprogram *Kompass* hadde fleire innslag om jødisk tru og tradisjonar i 2021, og norske jødar svarte på spørsmål om jødedomen i tv-serien *Ikke spør om det – Jøder*. Under temadagane om religion sende NRK Super ein episode i serien *Klassen* om *Arvesmykket*, som handla om ei jente som strevar med å vere open om at ho er jødisk. I tillegg viste NRK Super to episodar om sabbat og jom kippur. Jødiske Monika Csango gjesta programmet *Lørdagsliv*, og Håvard Rem reflekterte om forholdet sitt til jødisk kultur i programmet *God helg*. NRK sende den svenske dokumentarfilmen *Brevene fra Blomman*, som skildra historia til ei jødisk kvinne som levde i

skjul i Oslo under andre verdenskrig. Filmen *Fra en annen virkelighet* fortalte historia om lyrikaren Gunvor Hofmo og den jødiske venninna hennar, Ruth Maier.

I 2021 medverka musikaren Elias Akselsen, som er ein talsperson for romanifolket, i fleire program som *Folk fra Sentralen*, *Folkemusikk* og eit konsertopptak frå Riksscenen for folkemusikk og folkedans i *Verdensscenen*. Samfunnspodden Ekko sette søkelyset på norsk antisiganisme og stilte spørsmål om kor negativiteten og den «gløymde rasismen» mot romar kjem frå. Representantar for norsk rom/romani gav i tv-serien *Ikke spør om det – Norsk rom* innsikt i sin kultur, bakgrunn, tradisjonar, historie og språk, men også om diskriminering og det å kjenne på det å vere annleis. Knytt til denne episoden publiserte NRK nyheitssaker og ei sak om Natalina, som skjulte for andre at ho var romani. I 2021 har NRK sendt to svenske seriar på romani: *Kiravas – vi lager mat* viste matrettar og spesialitetar i seks episodar, og *Felicias* var ein dokumentarserie om ei jente på 17 år som ville forstå sin romske bakgrunn.

### Mangfald i organisasjonen

Når det gjeld kravet om å formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfaldet i det norske samfunnet, viser NRK til at mangfald og inkludering er eit strategiske innsatsområde. Ut frå samfunnsoppdraget og vedtektene har NRK formulert følgande strategiske mål:

- NRK skal spegle befolkninga i innhald og organisasjon.
- NRK skal bidra til eit inkluderande og nysgjerrig Noreg.
- NRK skal bidra til at folk forstår samfunnet, kvarandre og seg sjølve betre.

NRK gjer greie for aktivt og systematisk arbeid for å hindre diskriminering og fremme likestilling og mangfald. NRK har eit eige mangfaldsteam med brei representasjon frå organisasjonen, og mandatet til teamet er å sette ambisjonar, mål og tiltak. Hausten 2021 har NRK arbeidd med eit breiare mangfaldsombod og har gjennom analysar identifisert enkelte område som særleg viktige for å auke mangfald og opplevd inkludering i organisasjonen. NRK definerer mangfald blant anna ut frå alder, kjønn, funksjonsgrad, livssyn, utsjånad, seksuell orientering, kjønnsidentitet, utdanning, kompetanse, erfaring, interesser, familiesituasjon, språk og dialekt, i tillegg til geografisk, sosial, etnisk og/eller kulturell bakgrunn. NRK vil frå denne breie tilnærminga konsentrere mangfaldsarbeidet framover om følgande område: fleirkulturell, funksjons-, kjønns-, LHBT+ og språkleg kompetanse.

NRK samarbeider med WebCruiter og likestillings- og diskrimineringsombodet om ein metode for å måle talet på søkarar med mangfaldskompetanse innanfor språk, fleirkulturell kompetanse og erfaring med å leve med funksjonsnedsetting. NRK har også eit nytt utviklingsprogram for leiartalent med mangfaldsprofil. I 2021 hadde NRK for første gong ein faktor i medarbeidarundersøkinga som måler korleis medarbeidarane opplever inkludering. NRK opplyser at NRK skåra høgt med 5,6 av 7 moglege poeng, og NRK vil jobbe for å halde



dette nivået oppe framover. Verdien og betydninga som arbeidet med å fremme mangfald og inkludering har, var også temaet på ei leiarsamling NRK heldt i 2021.

Talentprogrammet for journalistar og innhaldsprodusentar med fleirkulturell kompetanse, FleRe, er eit langsiktig tiltak i mangfaldsarbeidet til NRK. Ordninga kom i gang i 2008 og har fram til og med 2021 utdanna 84 stipendiatar. Om lag 45 prosent av desse (38 stipendiatar) jobbar i NRK per i dag, dei fleste som fast tilsette. Totalt 84 prosent jobbar innan media. Hausten 2020 tilsette NRK ny FleRe-leiar, Iram Ansari, for å rekruttere fleire journalistar med fleirkulturell kompetanse. Fleirkulturell kompetanse blir definert som språk, nettverk og perspektiv frå store innvandrargrupper frå land utanom Vest-Europa. NRK treng meir av denne kompetansen for å gi eit relevant og attraktivt tilbod til heile befolkninga.

I 2021 fekk NRK to prisar for arbeidet med mangfald og inkludering: Medienettverkets Mangfaldspris og DOGAS innovasjonspris for universell utforming innan IKT.

### **Mangfald i innhaldet**

NRK har som mål å nå fire av fem i alle publikumsgrupper. Ifølge NRK krev det at mangfald blir ein naturleg og sjølvsgd del av innhaldet framfor spissa tilbod til spesifikke grupper. Eitt av tiltaka er å stille krav både til interne og eksterne programbestillingar om at NRK skal spegle eit mangfaldig og fleirkulturelt Noreg i innhaldet, og at alle skal kjenne seg inkluderte og sette. NRK viser til at det siste også handlar om geografisk innhald.

Mangfald er særleg viktig for at NRK skal nå yngre og breiare i befolkninga, og NRK Super og NRK P3 har gjort mykje for å etablere ein naturleg mangfaldskultur. NRK Super har rekruttert mangfaldskompetanse og synleggjer mangfaldet i Noreg. NRK P3 har kontraktsfesta krav til mangfald både framfor og bak kamera i avtalane sine. Både NRKs eiga dramaavdeling og eksterntredaksjon som bestiller program og seriar frå produsentar utanfor NRK, har mangfald som ein sentral komponent i innhaldsutviklinga.

Nokre eksempel på prosjekt i 2021 som speglar mangfaldsarbeidet, er *19*, fjerde og siste sesong etter *17*, *18* og *16* i dramaserien om ungdommar på Oslo aust, og podkasten *Da jeg ble meg* som fortel historiene om dei viktigaste augneblinka til unge muslimar og unge jødar.

NRK sende for andre gong direkte frå feiringa av ei muslimsk høgtid med *Festen etter fasten – Id mubarak*, og muslimske tradisjonar var tema i *Ramadan med Noman*. Podkasten *Med all respekt* har også i 2021 diskutert verda og aktuelle tema på ein usensurert måte, og programmet blir ifølge NRK leia av «en inder, en pakistaner, en kurder og en hvit cis-mann».

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å ha program for nasjonale og språklege minoritetar. Vidare oppfylte NRK krava om å formidle kunnskap om ulike grupper, om mangfaldet i det norske samfunnet og om å skape arenaer for debatt og informasjon om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn. Medietilsynet vurderer at NRKs generelle innhaldsstrategi på ein god måte bidrar til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit mangfald av identitetar.

### 2.8.3 Nordiske samfunnsforhold, kultur og språk

Dei nordiske allmennkringkastarane, inkludert NRK, har eit samarbeid gjennom Nordvisjonen. Dette samarbeidet genererer ifølge NRK årleg over 4000 programepisodar – både utvekslande og samproduserte program. NRK opplyser at trass i utfordringar knytte til pandemien, blei 2021 – med 2469 programepisodar – det beste året nokon gong målt i tal på samproduksjonar. Totalt omfatta dette 513 titlar – 97 seriar er fullførte, 220 er utviklingspitchar og 196 er pågåande prosjekt.

NRK opplyser at programutvekslinga i Nordvisjonen var på same nivå i 2021 som i 2020. Det blei arrangert tre digitale utvekslingar for at dei nordiske kringkastarane skulle få tilgang på fleire seriar og program. Nokre av titlane NRK valde å framheve i 2021, og som har nådd eit stort publikum, er *De utvalgte barna* (SVT), *Vil du spise dette?* (Yle), *Munter mat på de britiske øyene* (DR) og *Palmemorderen* (SVT).

Allmennkringkastarane i Nordvisjonen har også starta eit samarbeid om ungt dramainnhald. Frå 1. januar 2021 har det vore ein avtale der danske DR, svenske SVT og NRK skal bidra med fire seriar kvar per år og svenske Yle med to seriar. Desse seriane skal innehalde ungt dramainnhald, og samarbeidet går under namnet B14. Samproduksjonar for barn i 2021 var blant anna *Livet* og *Skyldig* (DR), *Fantus* og *maskinene* (NRK) og *Være venner* (SVT). For den unge målgruppa blei dramaseriar som *Eagles* (SVT), *Eg kjem* og *Vakuum* (svenske Yle) og *19* og *Rådebank* (NRK), samproduserte i 2021. I 2021 resulterte B14 samarbeidet i 272 timar og 1 362 episodar for barn. I tillegg bli det vist 138 timar og 393 episodar for ei ung målgruppe.

NRK tilbyr også nordiske program innanfor kunst og kultur, vitenskap, dokumentar, sport, nyheiter og underhaldning.

NRK har saman med allmennkringkastarane SVT, YLE, DR og RÚV avtalt å produsere tolv dramaseriar per år, som skal blir gjort tilgjengelege for strøyming i minst eitt år i alle medlemslanda. I 2021 resulterte dramasarbeidet N12 i følgande nordiske seriar på NRK *Hvor ligger Løkken* (*Lovestruck*) (DR), *Gullregn* (RÚV), *Deig* (*Dough*) (SVT), *En kunglig affär* (SVT), *Cargo* (*Rahti*) (YLE), *Peace of my heart* (YLE), *Snøengler* (SVT), *Tynne blå linjen*

(SVT) og *Måste gitt* (SVT).<sup>30</sup> I programtid utgjør N12-seriane 289 timar og 382 episodar vaksendrama i 2021. Totalt blei det utveksla 18 dramaseriar for vaksen målgruppe gjennom Nordvisjonen, noko som utgjorde 102 timar og 134 episodar (medrekna N12-seriane).

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å formidle innhald frå Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, nordisk kultur og språk. Slik Medietilsynet ser det, bidrar NRKs medlemskap i Nordvisjonen til å vareta dette kravet, og det er derfor positivt at samarbeidet blir styrkt.

## 2.8.4 Mangfold i religion og livssyn

For å oppfylle kravet om å spegle Noregs religiøse arv og mangfaldet av livssyn og religionar i det norske samfunnet har NRK i 2021 tilbydt både eigenproduserte livssynsprogram, andakter og overføringar av gudstenester og innkjøpte dokumentarar.

På tv sende NRK i 2021 til saman 140 timar gudstenester og livssynsprogram på NRK1, NRK2 og NRK3. Dette er ein tydeleg auke frå 114 timar i 2020 og 89 timar i 2019. NRK opplyser at alle kristne høgtider er formidla på tv, i tillegg til minnegudstenesta frå raset i Gjerdrum og 22. juli-markeringa i Oslo domkyrkje. Under den muslimske høgtida produserte NRK samtaleprogrammet *Ramadan med Noman*, der unge kjente muslimar fortel om sitt forhold til tru og tradisjon. I adventsserien *Din sang* skreiv og framførte kjente artistar ein song til ein person som har ei sterk historie knytt til orda lengsel, glede, håp og fred.

På radio overførte NRK P1 og P1+ til saman 62 gudstenester i 2021, mot 47 i 2020, 40 i 2019 og 59 i 2018. NRK har vore til stades i mange norske kyrkjelydar både i Den norske kyrkja og i frikyrkjelydar, frå Svalbard i nord til Mandal i sør. Totalt formidla NRK 696 timar med religion og livssynsprogram på NRK P1 og NRK P2 i 2021, ein auke på 177 timar frå 519 timar i 2020. Det jamnar ut fallet på 353 timar frå 2019. NRK har tidlegare forklart at det auka behovet for nyheiter under koronapandemien blant anna blei møtt med å erstatte *Verdibørsen* i NRK P2, som var eit dagleg religions- og livssynsprogram, med nyheitssendingar. Hausten 2021 lanserte NRK eit nytt dagleg program om religion og livsfilosofi i NRK P2 med sendetid frå klokka 12.00 til 13.00 alle kvardagar. Programmet *Kompass* utforskar tru, verdier og livssyn og byr på ny kunnskap og nye perspektiv ved å løfte nye stemmer. Nokre tema frå programma i 2021 er rolla til «helvete» i kristendomen, bruk av rusmidlar i religionar og mytar om jomfrufødsler og jomfruhinne. Podcasten

---

<sup>30</sup> NRK opplyser at den danske serien *Orkesteret* (DR) var planlagt for visning i 2021, men er utsett til 2022.



*Etikketaten* er ein del av programmet *Kompass*, der tre gjester som har ulike syn på livet, gir råd til lyttarar om etiske dilemma frå kvardagen.

Under ramadan blei det produsert ein eigen podkastserie i *Mellom oss* som heiter *Da jeg ble meg* og fortel om viktige augneblink for ei gruppe unge muslimar og tilsvarande historier om tre unge jødar under den jødiske høgtida hanukka.

I NRK P1 blei det etablerte livssynsprogrammet *Tro, håp og Lillesæter* sendt kvar søndag. *Andakten* blei send måndag til torsdag kvar veke, tre gonger kvar morgon i P1 og P1+. Kvar søndag blei salmeprogrammet *Salmer til alle tider* sendt på NRK P1+.

I 2021 produserte NRK 18 saker om livssyn til Nrk.no – om lag same nivå som i 2020. NRK styrkte satsinga på livssyn på nett gjennom å etablere ein av landets største nettklynger, dybdedesken på NRK Tyholt. NRK opplyser at mange av nettsakene blei svært godt leste og er i samsvar med strategien: færre, men betre saker. NRK viser til at sakene i snitt har lengre lesetid i 2021 enn i 2020, og totalt har dei 18 sakene 3,2 millionar sidevisningar. Vidare har livssynsinnhaldet på Nrk.no i 2021 vist mangfaldet av livssyn og religionar gjennom kyrkjequiz til påske, ulike saker om kva norrøne symbol betyr, avgjerande vegval i livet, om å døy heime og om helvete finnast.

**Konklusjon:**

NRK har gjennom overføringar frå gudstenester og religiøse høgtider, faste programstar og seriar, samla formidla og belyst eit breitt spekter av religiøse perspektiv og livssyn i 2021. NRK har eit tyngdepunkt i kristne tradisjonar i tilbodet, og ei styrkt satsing på å formidle frå islamske høgtider. Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å spegle den religiøse arven i Noreg og eit mangfald av livssyn og religionar i det norske samfunnet.

A man and a woman are standing on a red carpet in a studio setting. The woman is wearing a bright red, long-sleeved, form-fitting dress and has her hair styled up. She is smiling and gesturing with her hands. The man is wearing a black tuxedo with a white shirt and a black bow tie. He is also smiling. The background features studio equipment, including large overhead lights, a grid backdrop, and a sculpture on a table. The overall atmosphere is professional and celebratory.

Norsk kultur, kunst, musikk,  
drama og film i NRK

Allmennkringkastingstilsynet 2021

## 2.9 Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film

### Vedtektene

§ 17 NRK skal formidle norsk kultur og en bred variasjon av norske kunstuttrykk fra mange ulike kunstnere, uavhengige miljøer og offentlige kulturinstitusjoner. NRK skal formidle norsk musikk, film og drama og stimulere norske produksjonsmiljøer.

§ 19 NRKs tilbud skal i hovedsak ha norskspråklig innhold, og minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk.

§ 35 NRK skal bidra til å fremme nye talenter og lokale artister. Minst 40 pst. av musikken som spilles i NRK P1, P2 og P3 skal være norsk, med vekt på norskspråklig og/eller norskkomponert musikk. NRK skal holde et fast orkester som dekker et bredt repertoar fra underholdningsmusikk til symfonisk musikk.

§ 36 NRK skal legge ut minst 40 pst. i gjennomsnitt for de siste tre årene av det frie programbudsjettet for TV til eksterne produsenter.

§ 42 NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 38 NRK skal ha sportssendinger som dekker både bredden i norsk idrettsliv, herunder funksjonshemmedes idrettsutøvelse, og store idrettsbegivenheter

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

Kunst og kultur

Sport og underholdning

### 2.9.1 Brei kulturformidling til ulike publikumsgrupper

Kulturformidlinga til NRK skal ifølge vedtektene vere brei, variert og omfatte kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og offentlege kulturinstitusjonar. Tilbodet skal ta omsyn både til breie og smale publikumsgrupper, spegle mangfaldet i befolkninga og appellere til alle aldersgrupper. NRK skal også ha eit løpande oppdatert tilbod av kunst, kultur og underhaldning på nett.

Medietilsynet har i dei seinare åra vore særskilt merksam på korleis NRK varetar det breie kulturoppdraget sitt. Bakgrunnen er den viktige rolla NRK har som kultur- og språkpolitisk verkemiddel, at det er marknadssvikt i dekninga av kultur i norske medium, og verdien kulturformidlinga har både for befolkninga og aktørar på kulturfeltet. I tilsynet med allmennkringkastingsverksemda til NRK i 2020 såg Medietilsynet på utviklinga i det totale timeomfanget for kulturdekninga til NRKs kanalar frå 2010 til 2020.

Programstatistikken viste at timetalet for kulturformidlinga var tydeleg redusert i dei allment orienterte breiddekanalane i perioden. Timetalet var meir enn halvert i NRK1, og kulturformidling var ikkje lenger representert i NRK P1. Statistikken viste også den tydelege profileringa av NRK P2 og NRK2 som kulturformidlarar, mens kultur hadde relativt liten plass i innhaldet til NRK3 og NRK P3. I allmennkringkastingsrapporten for 2020 varsla



Medietilsynet at ei vurdering av behovet for å konkretisere krava til NRK knytte til den tematiske breidda og journalistiske handsaminga av musikk og kultur, ville inngå i utgreiinga om NRKs bidrag til mediemangfaldet i november 2021.<sup>31</sup>

NRK har gitt Medietilsynet oppdaterte tal for sendetimar om kunst og kultur i NRK P2 for 2019 og 2020, som slår fast at nedgangen i det samla kulturtilbodet ikkje var så stor som dei tidlegare tala hadde indikert. NRK har også lagt fram ei større utgreiing om kulturdekninga si, der det blant anna blei presisert at NRK tilpassar innhaldstilbodet, også på kulturfeltet, til endringar i måten publikum konsumerer innhald på. Utviklinga i program- og radioformat gjer at det ifølge NRK er vanskelegare å kvantifisere innhaldet på same måte som tidlegare, ettersom fleire av programma og flatene kan inngå i fleire sjanger- og innhaldskategoriar. Dette gjer det også meir krevjande å sjå utviklinga over tid.

I 2021 viser programstatistikken frå NRK at kunst og kultur ligg på om lag same nivå som i 2020 i NRK1 (3,3 mot 3 prosent), NRK P2 (20,8 mot 20,4 prosent) og NRK P3 (1,6 mot 1,4 prosent). For alle desse kanalane er det likevel ein auke i talet på timar sende, slik tabell 1 viser. Frå 2020 til 2021 aukar andelen kultur mest i NRK2 og NRK3. I NRK3 blei det sendt over dobbelt så mange timar kunst og kultur i 2021 som året før – frå 63 timar i 2020 til 140 timar i 2021. Timetalet i kanalen blei også dobla frå 2019 til 2020, slik at prosentdelen kultur i NRK3 auka frå 1,1 prosent i 2019 til 5,3 prosent i 2021. I faktiske timar auka likevel kulturformidlinga mest i NRK2, som frå før er den av tv-kanalane med den største kulturdelen. Frå 2020 til 2021 auka timetalet i NRK2 med nær 100 timar, frå 476 til 562 timar.

På radio formidlar NRK P2 i størst grad kunst og kultur. Med unntak av 2018, da kulturdelen var i overkant av 25 prosent, har omfanget i NRK P2 vore meir eller mindre stabilt på i overkant av 20 prosent.<sup>32</sup> I NRK P1 er ikkje kunst og kultur representert i statistikken og har heller ikkje vore det dei siste åra. NRK har opplyst at statistikken ikkje femner dekninga av kunst og kultur i distriktssendingane til NRK P1, slik at kanalen i røynda byr på meir kulturinnhald enn tala indikerer. NRK formidlar også kulturinnhald på nett, og omfanget har vore stabilt dei seinare åra. I 2021 var 4,8 prosent og 1086 av dei publiserte artiklane på Nrk.no i kategorien kultur og underholdning. Tilsvarende tal for kulturdekninga på nett i 2020 var 5,3 prosent og 1 172 artiklar.

---

<sup>31</sup> Sjå nærmare om dette i punkt 6.4.4 i Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet 2021 – En analyse av NRKs bidrag til innholds- og bruksmangfoldet, NRKs samarbeid med andre medieaktører og konkurransemessige virkningar av NRKs nyhets- og aktualitetstilbud på nett.*

<sup>32</sup> I 2019 og 2020 var det feil i statistikkgrunlaget NRK la fram for Medietilsynet i allmennkringkastingstilsynet. For NRK P2 viste statistikken ein prosentandel og eit timetal for kunst og kultur i 2020 på 12,7 prosent og 1 109 timar og i 2019 15,3 prosent 1 361 timar.

Tabell 1 – utviklinga i antal kunst og kultur i NRKs «kjernekanalar» på radio og tv i perioden 2010 til 2021

År	NRK1		NRK2		NRK3		NRK P1		NRK P2		NRK P3	
	Timar/prosent		Timar/prosent		Timar/prosent		Timar/prosent		Timar/Prosent		Timar/prosent	
2010	547	6,6	500	7,8	22	0,6	32	0,4	1437	21,9	0	0
2011	427	5,2	474	7,5	22	0,6	1	0	1677	21,9	158	1,8
2014	93	1,2	419	6,3	0	0	0	0	1661	18,9	203	2,3
2015	91	1,1	417	5,8	0	0	0	0	1906	21,8	199	2,3
2018	206	2,5	226	3,2	20	0,7	0	0	2233	25,5	88	1,0
2019	199	2,5	408	5,4	30	1,1	0	0	2010	22,9	123	1,4
2020	245	3,0	476	6,3	63	2,3	0	0	1788	20,4	123	1,4
2021	264	3,3	562	7,4	140	5,1	0	0	1825	20,8	143	1,6

Kjelde: NRK

Heilt frå NRK etablerte fleire kanalar på radio og tv, har programlegginga i dei ulike kanalane vore orientert mot ulike målgrupper med tydelege profilar.<sup>33</sup> NRK1 og NRK P1 er dei allment orienterte breiddekanalane, mens for eksempel NRK2 og særleg NRK P2 er kultur- og samfunnsorienterte, og NRK P3 og NRK Super/NRK 3 er orienterte mot yngre målgrupper. I tillegg kjem eit titals nisje- og spesialkanalar på radio. I den særskilde orienteringa NRK la fram for Medietilsynet knytt til utgreiinga om NRKs bidrag til mediemangfaldet hausten 2021, blei det stadfesta at NRK P2 er kanalen med ein tydeleg profil som kulturformidlar i NRKs innhaldsunivers.

Medietilsynet har særleg sett på tilbodet i dei tre «kjernekanalane» på radio og tv i tilsynet med allmennkringkastingsoppdraget for 2021. NRK P2 står for om lag to tredelar (66,6 prosent) av kulturinnhaldet som blei sendt i NRKs kjernekanalar på radio og tv i 2021. NRK har orientert om at tilpassinga til brukarvanar skjer gjennom ei dreining frå mange spesialtitlar til lengre flater med eit stort mangfald, som *Studio 2* og *Kulturstripa*. For 2021 opplyser NRK at aktuelt kulturstoff får naturleg plass i dei breie nyheitsflatene som *Dagsnytt 18*, *Nyhetsmorgen* og *Dagsrevyen*, som formidlar kulturjournalistikk og -debatt. Kulturredaksjonen dekkjer både det løpande nyheitsbildet og lagar eigen journalistikk, og journalistikken blir også publisert på nett. NRK opplyser at alle innhaldsmiljøa deltar i å løyse kulturoppdraget.


NRK har argumentert for at lyttarane vel kanalar tilpassa behov og situasjon, ikkje ut frå spesifikke program. Målet med å publisere kultur- og musikkstoffet saman med anna innhald gjennom dagen er å auke sjansen for at lyttarane får med seg kulturdekninga. I kulturstrategien ligg også spesialprogram, og for 2021 nemner NRK blant anna faste program på NRK P2, som dekker musikksgangar som folkemusikk, kunstmusikk, jazz og

<sup>33</sup> NRK etablerte sin andre radiokanal NRK P2 i 1984 og den tredje kanalen NRK P3 i 1993. I løpet av 2017 blei det nasjonale bakkenettet digitalisert, og NRK sender til saman 15 radiokanalar i den såkalla Regionblokk. På tv etablerte NRK sin andre tv-kanal NRK2 i 1996 og den tredje NRK Super / NRK3 i 2007.

verdsmusikk, litteratur, språk og verdspørsmål. NRK har opplyst om ei større satsing på kulturprogram som rettar seg mot et breitt publikum, framfor spesifikke og smale grupper. I 2021 har NRK både vidareført etablerte programkonsept og utvikla nye tilbod.

Figur 12 viser at utviklinga i talet på timar kunst og kultur i NRKs kjernekanalar er relativt stabil totalt. Årsaka til nedgangen i kulturformidlinga i 2020 er i hovudsak fleire nyheitstimar på NRK P2 under koronapandemien, noko som resulterte i mindre sendetid til kunst og kultur og anna programinnhald. NRK opplyser at 2021 blei nok eit krevjande år for norsk kulturliv, der pandemien førte til fleire endringar, utsettingar og avlysingar.

Figur 12 – utviklinga for totalt tal på timar kunst og kultur i NRKs «kjernekanalar» i perioden 2010 til 2021



Kjelde: NRK/Medietilsynet

NRK gjer greie for at kulturoppdraget blir løyst gjennom å publisere program i mange ulike format, programflater og på alle plattformer. NRK har tidlegare gjort greie for at analyse, kritikk og kunnskapsformidling står sentralt i kulturdekninga, men at også anbefalingar og omtalar er viktige, fordi desse formata er ein viktig veg inn til kultur og musikk for svært mange.

NRK opplyser at utvikling av det digitale tilbodet har hatt prioritet i 2021. Nokre døme er den nye musikkpodkasten *Musikkrommet*, kulturomtalar og anbefalingar på *Nrk.no/anmeldelser* og samlinga av om lag 2 800 klipp frå NRKs produksjonar av livemusikk frå program som *Lindmo*, *P3Gull*, *Haik*, *MGP* og *Stjernekamp* og opptak av kringkastingsorkesteret KORK. NRK viser til at det store tilfanget av livemusikk blei nytta i serien *Låt for låt* på NRK2 og NRK



TV, der desse klippa er sette saman i nye samlingar. Nokre døme er tilbod som viser samiske artistar, spesielle tilbod i høgtidene, høgdepunkt frå ønskekonsertane til KORK og *P3 Live 2021*.

NRK lanserte i 2021 eit nytt musikkprogram, *Musikklivet*, i NRK P2. Programmet blir sendt kvar veke og skal behandle sjangerområda klassisk, samtidsmusikk, jazz, folkemusikk og verdsmusikk journalistisk. Redaksjonen har løfta fram nye norske plateutgivingar, vurderer norske uroppføringar på dei store scenene saman med NRKs musikkritikar for klassisk musikk og byr på både intervju og reportasjar frå dei største musikkfestivalane i heile landet. NRK opplyser at programmet allereie har høg oppslutnad blant P2-lyttarane. På tv sende NRK eit nytt kunstprogram, *Kunstnerliv*, som omhandla kunsthistoria og viktige samtidskunstnarar som Ahmed Uhmar, Sverre Bjertnes og Mari Pasenau og heidra pionerar og inspirasjonskjelder som Louis Moe, Bendik Riis og Ingerid Kuiters.

NRK dekte opninga av det nye Munchmuseet i Bjørvika breitt og sende direkte i radio og tv med gjestar og analysar. NRK gjer greie for korleis denne nasjonale kulturhendinga i 2021 blei dekt ved å ta fleire programflater i bruk. Dette bidrog til at NRK gav både ei brei forståing for funksjonen til det nye museumsbygget og innsikt i kunstnarskapen til Edvard Munch. Arkitektur- og kunstkritikaren til NRK gav ein grundig analyse i artikkelen *Et arr på Oslos ansikt*<sup>34</sup>, og debatten blei tatt vidare i *Dagsnytt 18*. I romjula sende NRK dokumentarserien *Vi flytter Munch*, som gjennom åtte episodar følgde prosessen med å flytte museet med objekta til Munch frå Tøyen til Bjørvika.

NRK gir fleire eksempel på musikkdokumentarar og artiklar som dekker same tema journalistisk. Serien *Kokkeliv* viste prisvinnande kokkar som formidla matopplevingar og matkultur frå alle sesongar i nordisk miljø og natur. NRK formidla festkonserten som heidra vinnarane av Nobels fredspris 2021, i samarbeid med Det Norske Nobelinstitut, Oslo Filharmoniske Orkester, Snøhetta og Oslo Konserthus. NRK gjer greie for at dette var ein nyskapande tv-produksjon som i ettertid er delt med heile Europa i samarbeid med EBU (European Broadcasting Union – eit nettverk av dei europeiske offentlege allmennkringkastarane, som NRK er ein del av).

Samla viser utgreiinga at NRK tilbyr ei sjangerbreidde i kulturdekninga, medrekna dekninga av musikk. NRKs samfunnsoppdrag er utforma slik at det gir NRK plikter både overfor publikum og skapande og utøvande kunstnarar.<sup>35</sup> Kulturformidlinga til NRK skal både romme

---

<sup>34</sup> [https://www.nrk.no/kultur/xl/anmeldelse\\_-munchmuseet-1.15691310](https://www.nrk.no/kultur/xl/anmeldelse_-munchmuseet-1.15691310), tilgjengeleg 01.06.2022.

<sup>35</sup> Dette blei beskrive i forarbeida da allmennkringkastingsoppdraget til NRK blei revidert og utvida til å gjelde alle medieplattformer frå og med 2009 – der mellom anna krava til kulturformidling blei presiserte. Departementet uttrykte at punktet om å formidle norsk kultur og ein brei variasjon av

ei variert formidling og ei journalistisk behandling av ulike kulturtema. NRK skal vareta både breie og smale publikumsgrupper, ha ei breidde i formidlinga av norske kunstnarar og ein variasjon mellom uavhengige og offentlege kulturinstitusjonar. Det følger av utforminga og ordlyden at kulturoppdraget står sentralt i allmennkringkastingsoppdraget og har ein viktig demokratisk funksjon på lik linje med nyheiter og aktualitetar. Utforminga av kravet presiserer at NRK skal tilby egne kulturprogram i dekninga si av kulturfeltet.

Medietilsynet anerkjenner NRKs behov for å utvikle programformat og måtar å formidle innhald på og vil understreke at nyskaping og kvalitetsutvikling på kulturformidlingsfeltet også er ein del av NRKs allmennkringkastingsoppdrag. At NRK også har ei særleg viktig rolle med omsyn til ei brei og fordjupande kulturdekning, blir streka under av at dette er innhald som dei kommersielle aktørane formidlar mindre av. NRKs rolle på område med marknadssvikt er svært viktig for å bidra til auka innhalds- og bruksmangfald. I rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet i 2021 anbefalte Medietilsynet at NRK i større grad bør synleggjere kulturinnhaldet på alle sine plattformer, ettersom dette er ein type innhald som dei kommersielle aktørane formidlar mindre av. Medietilsynet vil derfor i framtidige tilsyn framleis ha særleg merksemd på korleis NRK oppfyller krava knytte til kulturformidlinga.

---

norske kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og offentlege kulturinstitusjonar, skal understreke at «NRK har plikter andsynes skapande og utøvande kunstnarar, i tillegg til pliktene andsynes publikum. Dette gjeld mellom anna musikk, litteratur, teater og dans.» (St.meld. nr. 6 (2007–2008):24 *NRK-plakaten* – «*Noe for alle. Alltid*»). Ansvarer NRK har for å dekke kulturfeltet, blei ikkje omtalt i stortingets behandling av meldinga, men i behandlinga av Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst* uttalte familie- og kulturkomiteen at «*med et mediemarked i rask endring er det viktig med en allmennkringkaster som tilbyr både det brede og det smale tilbudet*». Vidare understreka komiteen den viktige rolla til NRK som formidlar av norsk språk og kultur, og peika på «*sendinger og produksjoner som favner bredt*» og «*smalere tilbud det ikke er rom for i andre medier*».

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 hadde eit variert og breitt kulturtilbod som retta seg mot ulike publikumsgrupper og oppfylte krava i vedtektene. Kulturdekninga femner både norsk og internasjonalt kulturliv, og NRK gir den norske kulturen ulikt rom og ulik profilering i dei ulike kanalane. Målgruppeinnretninga i hovudkanalane på radio- og tv-plattformene bidrar saman med nisje- og spesialkanalane på radio til ein variasjon i kva publikumsgrupper tilbodet vender seg til – også ulike aldersgrupper.

Kulturtema som ofte har eit smalare publikumspotensial, er også er ein del av tilbodet til NRK. Spesialkanalane på radio, som NRK Jazz, NRK Klassisk, NRK Folkemusikk, NRK P13 og NRK Urørt, bidrar til dette. Underholdnings- og humorprogram på ulike plattformer bidrar også til variasjon og breidde i kulturformidlinga til NRK, blant anna gjennom dekning av populærkulturelle tema. Utgreiinga frå NRK viser at det er ei breidde i kulturformidlinga, og at ulike kunstnarar og kunstuttrykk frå både uavhengige og offentlege institusjonar er representerte i formidlinga.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å tilby kulturstoff til både smale og breie grupper, inkludert eigne kulturprogram. NRK oppfylte i 2021 også kravet om å ha eit løpande oppdatert tilbod innanfor kunst, kultur og underholdning på nett.

NRK har ein stor norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, tv og nett. Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om at tilbodet i hovudsak skal ha norskspråkleg innhald.

## 2.9.2 Bruk av nynorsk

NRK har i fleire år hatt ei utfordring med å oppfylle kravet om at minst 25 prosent av innhaldet som blir publisert, skal vere på nynorsk. Medietilsynet har i dei føregåande tilsynsrapportane etterlyst meir systematiske tiltak frå NRK for å oppfylle kravet om nynorsk på alle plattformer.


I 2021 var den totale nynorskandelen på 25,4 prosent. Dette er ein auke på litt over eitt prosentpoeng frå 2020, da nynorskandelen var 24,2 prosent, og om lag på same nivå som i 2019, da andelen var 25,2 prosent. Kravet til at NRK skal ha minst 25 prosent nynorsk, må vere oppfylt for kvar enkelt medieplattform, altså både for tv, radio og nett. Det er såleis gjennomsnittet av nynorskandelane i dei ulike kanalane per plattform som er grunnlaget for å ta stilling til om NRK oppfyller kravet til at minst 25 prosent av innhaldet som blir publisert, skal vere på nynorsk. I 2021 var andelen nynorsk i gjennomsnitt 29,1 prosent på tv – ein auke frå 27,3 prosent i 2020 og 25,6 prosent i 2019. På radio var gjennomsnittet 22,7 prosent – om lag på same nivå som i 2020, da det var 22,4 prosent, og lågare enn i 2019, da andelen var 25,9 prosent. På nett var andelen nynorsk 18,8 prosent, ein auke frå 17 prosent i



2020 og frå 18 prosent i 2019. NRK oppfylte dermed heller ikkje i 2021 kravet til nynorskandel på radio og nett.

NRK2 hadde i 2021 den høgaste andelen nynorsk med 32,2 prosent. NRK2 var også kanalen med den høgaste nynorskandelen i 2020, da andelen var på 30,6 prosent. Den nest høgaste nynorskandelen i 2021 hadde NRK3 med 31,2 prosent, ein auke på 4,5 prosentpoeng frå 2020. NRK Super hadde ein nynorskandel på 28,6 prosentpoeng, om lag på same nivå som NRK P1, som hadde 28,1 prosent. Begge desse kanalane låg på om lag same nivå i 2021 som i 2020. For NRK1 var andelen nynorsk 24 prosent i 2021, tilbake på same nivå som i 2019 da andelen var 23,9 prosent. Det same gjeld for NRK P2 som etter ein liten nedgang i 2020, hadde 19 prosent nynorsk i 2021, om lag som i 2019. NRK P3 hadde i 2021 framleis ein låg andel med 21 prosent, om lag som i 2020 da kanalen hadde ein nedgang på heile åtte prosentpoeng frå 2019. Nynorskandelen på Nrk.no auka i 2021 og var med 19 prosent på det høgaste nivået NRK har rapportert for nynorsk på nett. Tala viser at med unntak for NRK P1, som har ein av dei høgaste nynorskandelane i kanaluniverset til NRK, ligg radio og nett lengst unna kravet om å nytte minst 25 prosent nynorsk.

Figur 13 – andel nynorsk på alle plattformer frå 2017 til 2020 (tal i prosent)



	2017	2018	2019	2020	2021
NRK1	20,1	29,0	23,9	22,0	24,2
NRK2	23,8	25,5	26,5	30,6	32,2
NRK3	23,6	21,8	26,4	26,5	31,2
NRK Super	27,2	25,7	25,7	29,9	28,6
NRK P1	29,2	29,7	30,4	28,7	28,1
NRK P2	17,5	17,7	18,5	17,5	19,1
NRK P3	22,2	23,8	28,8	21,1	20,9
Nrk.no	16,3	16,3	18,1	17,0	18,8
NRK totalt	22,5	24,0	25,2	24,2	25,4

Kjelde: NRK (dialekt blir fordelt 50/50 mellom nynorsk og bokmål i statistikken)

NRK gjer greie for at det blir arbeidd systematisk for å oppfylle nynorskkravet på alle plattformer. Programpostar blir planlagde på nynorsk, fleire nynorskbrukarar er tilsette i ulike redaksjonar, og det er sett i gang eit eige prosjekt for å auke bruken av nynorsk på Nrk.no. Prosjektet på nett blir leia av nettsjefen i NRK, og representantar frå alle dei ulike divisjonane i NRK deltar. NRK viser til at prosjektet har løfta fram gode eksempel på nynorskarbeid som skal inspirere andre til å følge etter, til å vere bevisste og til å bygge ein kultur. Sjølv om koronapandemien har prega språkarbeidet til NRK også i 2021, rapporterer NRK at det har vore mogleg å planlegge betre enn i 2020. Resultatet er at nynorskarbeidet har nådd fleire, for eksempel i planlegginga av ressursbruk i ulike produksjonar. NRK har også fått på plass fleire digitale alternativ for kursing, nye rutinar for språkarbeid på heimekontor og ei oppfølging av nynorskandelen i kvart spesifikt område.

NRK gjer greie for at fleire nynorskbrukarar nå blir tilsette i område der det tradisjonelt har vore lite eller ingen nynorsk. NRK Nynorsk mediesenter i Førde er eit eige tiltak for å rekruttere og lære opp journalistar med nynorsk språkkompetanse. Senteret tar årleg inn ti praktikantar som får opplæring og praksis i nyheitsjournalistikk på nett, sosiale medium, radio og tv. NRK har samlokalisert senteret med redaksjonen i NRK Vestland, der praktikantane får lage og publisere mykje av stoffet, før dei har praksis i andre redaksjonar i NRK seinare i opplæringsløpet. Til saman 180 nynorskpraktikantar har vore gjennom opplæringa via Nynorsk mediesenter sidan oppstarten i 2004. NRK opplyser at om lag 60 prosent av dei som har vore praktikantar, jobbar i media, og at om lag 40 prosent jobbar i NRK. NRK har tidlegare gjort greie for ein fast avtale om å bruke Nynorskroboten til NTB, at det er etablert ein eigen støtteressurs hos NRK Vestland, og at det er innført eigne delmål for nynorsk i dei redaksjonelle områda på nettet.

Da nynorskprosenten gjekk drastisk ned i NRK P3 i 2020, forklarte NRK nedgangen med at nynorskprofilen Ronny Brede Aase slutta som programleiar i *P3morgen* i desember 2019. NRK opplyser i rekneskapen for 2021 at Aase nå får eit eige ettermiddagsprogram i NRK P1. For å auke talet på nynorskbrukarar har både NRK P3 og NRK Nyheter skrive utlysingar av nye stillingar på nynorsk. NRK Nordland har nyleg tilsett ein ny nynorskbrukande journalist, og to praktikantar frå Nynorsk mediesenter skal jobbe på NRKs kontor i Bodø og Troms og Finnmark. Desse tiltaka har som mål at nynorskprosenten aukar nok til å oppfylle krava i åra framover.

**Konklusjon:**

Medietilsynet konstaterer at NRK oppfylte kravet til minst 25 prosent nynorsk på tv i 2021, men at NRK framleis ikkje oppfylte kravet til nynorskandel på radio og nett. På radio var andelen nynorsk 22,7 prosent i 2021, om lag på same nivå som året før. På nett auka nynorskandelen frå 17 prosent i 2020 til 19 prosent i 2021.

I 2020 uttrykte Medietilsynet forståing for at utskifting av medarbeidarar i sentrale programtilbod på kort sikt kan påverke omfanget av ulike målformer. Men Medietilsynet har samtidig i fleire tilsyn peikt på at NRK i større grad må utvikle struktur og system som motverkar at språkarbeidet blir for sårbart. NRK forklarte den markante nedgangen i nynorskandel frå 2019 til 2020 for NRK P3 med at ein sentral nynorsktalende medarbeidar slutta i desember 2019. Når nynorskdelen i kanalen framleis er på låge 21 prosent to år etter, meiner Medietilsynet at dette er for svakt.

Medietilsynet har i fleire tilsynsrapportar og i utredninga om NRKs bidrag til det norske mediemangfaldet i 2021 peikt på at NRK må gjennomføre systematiske tiltak for å sikre at kravet til 25 prosent nynorskandel blir oppfylt for alle medieplattformer. Medietilsynet ser at NRK har sett i gang tiltak for å styrke nynorskandelen, men ber NRK om ein konkret handlingsplan for å sikre tiltak som resulterer i at kravet kan bli nådd også for radio og nett.

### 2.9.3 Norsk drama og film

I 2021 lanserte NRK 19 dramaseriar.<sup>36</sup> Talet inkluderer både nye produksjonar og nye sesongar av etablerte seriar. Ti av seriane blei laga internt i NRK, mens dei resterande ni blei laga av ni ulike eksterne produksjonsselskap. Seriane var retta mot ulike målgrupper, og sju av dei hadde barn og unge som målgruppe. Dei 19 produksjonane representerer totalt om lag 65 timar drama. Til saman har NRK investert 261,4 millionar kroner i norske dramaproduksjonar.

Tv-seriane *19*, *Bablo*, *Coda KORK*, *Førstegangstjenesten*, *Lik meg*, *Maxitaxi Driver*, *Nødt eller sannhet*, *Side om side*, *Superkrim* og *Søstrene ser på TV* er laga internt i NRK.

*Elevrådet* er produsert av Spark, *Exit* (sesong 2) er produsert av Fremantle, *Familien Lykke* er produsert av Seefood TV, *Jordbrukerne* er produsert av Rubicon TV, *Klassen* er produsert av STV Production Norway, *Kristiania magiske tivoliheater* (julekalender) er produsert av

---

<sup>36</sup> Dei dramaproduserande avdelingane til NRK er Drama, Super, Underhaldning og P3/Ung.



Monster, *Lillestad* er produsert av Monday, *Rådebank* (sesong 2) er produsert av Fenomen TV Film og Scene Storyline, og *Stolthet og forfall* er produsert av Ape & Bjørn.

NRK gjer greie for at tematikken i dramaseriane speglar mangfaldet i det norske samfunnet. Blant anna blir ung identitet i bygd og by skildra i *Rådebank* og *19*. Førstnemnde serie vann tre Gullruten-prisar og blei hylla for å ta opp psykisk helse blant unge menn. NRK Drama har fortsett samarbeidet med NRK Sápmi og Internasjonalt Samisk Filminstitutt (ISFI) om å utvikle samiske dramaseriar for barn, ungdom og vaksne, som tar utgangspunkt i samisk språk og kultur. I 2020 og 2021 har NRK arbeidd vidare med to prosjekt for å ferdigstille manus for respektive fire og åtte episodar i tillegg til to dramaprojekt for barn som også er under utvikling. Målet var oppstart for prosjekta våren 2022 med lansering vår/haust 2023. NRK opplyser at ein større dramaserie framleis er under utvikling. NRK P3 produserer i tillegg klimadramaet *Vi lover et helvete* for samiske unge i alderen 15–25 år i samarbeid med produksjonsselskapet Fenomen. Historia er lagd til Finnmark og handlar om umogleg kjærleik mellom reindriftsarvingen og miljøaktivisten Elin og klimaskeptikaren Daniel. NRK har tidlegare opplyst at serien kjem i januar 2023.



Lukas Langmyr Mabin spelar fattigguten Luka i julekalenderen *Kristiania magiske tivoli*theater. Foto: Julianne Leikanger, NRK

I 2021 hadde NRK for første gong ein eksternt produsert julekalender, *Kristiania magiske tivoli*theater, og første episode blei sett av over 1,2 millionar. Den satiriske komiserien *Jordbrukerne* handla om ein gjeng frå Oslo som flyttar til Telemark på oppdrag for ein islamistisk organisasjon, og skildra, ifølgje NRK, mangfald på eit ukonvensjonelt vis. Serien

fekk to prisar under Canneseries og blei nominert til å vere Noregs representant til manusprisen i Nordisk Film & TV Fond.

NRK rapporterer også om arbeid med grøn produksjon innanfor drama. NRK samarbeider med organisasjonen Albert om miljømåling av produksjonar.<sup>37</sup>

NRK viser til at radiodrama er ein viktig del av kulturinnhaldet til NRK, og at ein ny strategi blei lagd i 2021 for korleis lydfiksjon skal lukkast som valbart innhald. NRK forklarar at få lyttar på radioteater på lineær radio, men at interessa for gode historier veks på podkast. Derfor vil NRK utvikle meir fiksjonsdrama framover og satse på innovasjon og ny kompetanse. Ettersom det tar noko tid å utvikle og produsere innhald som svarar på nye behov, tar det ifølgje NRK noko tid før innhaldet når publikum. *Revnen* er ein ny grøssarserie i seks episodar, som NRK produserte i 2021 og publiserte som påskekrim. Serien var den første i podkaststraumen *Mørke fortellinger*, der NRK vil lansere fleire spenningsseriar framover. NRK viser til at lyddrama blir publisert som valbart innhald i NRK Radio.<sup>38</sup> Kvar veke har NRK lagt ut nye høyrespel frå Radioteateret i NRK-arkivet, og i 2021 blei 149 titlar lagde ut.

NRK slepper til fleire stemmer og ulike produksjonsselskap for å stimulere det norske produksjonsmiljøet. NRK viser til at 24 frilans manusforfattarar har vore involverte i skrivearbeid til dei ulike dramaseriane, og eit fåtal av seriane er skrivne av tilsette i NRK. I 2021 vurderte dramaavdelingane til NRK over 200 innspel til nye dramaseriar frå eksterne, og av desse var om lag 40 lyddrama. NRK opplyser vidare at det blei inngått utviklingsavtale med 51 prosjekt – 16 interne og 36 eksterne.

NRK skal ifølgje vedtektene legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet for tv til eksterne produsentar. Delen skal reknast ut frå rullerande treårsperiodar og som eit snitt over tre år. Det frie programbudsjettet for tv omfattar all investering i tv-innhald i eitt år, bortsett frå investering i nyheiter, sport, distriktssendingar, innhald frå NRK Sápmi og kjøp av visningsrettar til internasjonale produksjonar.

---

<sup>37</sup> Albert er ei bransjesamanslutning for alle innan film- og tv-industrien som jobbar med miljø og berekraft i bransjen. Sjå meir her: <https://wearealbert.org/about/> NRK gir opp at Albert blant anna har utvikla ein karbonkalkulator som gjer det mogleg å måle den reelle klima- og miljøpåverknaden frå ein produksjon.

<sup>38</sup> Alle nye og gamle titlar er samla i <https://radio.nrk.no/kategori/hoerespill>, tilgjengeleg 31. mai 2022.



Aksel Lund Svindal vann *Mesternes mester* 2021. Foto: Sunniva Luca Veliz Pedersen, Rubicon/NRK

Kravet blei tatt inn i NRKs oppdrag frå 2018, og i den første perioden frå 2018 til 2020 var snittet 42 prosent, godt over minstekravet. I den andre måleperioden, frå 2019 til 2021, var snittet 43,8 prosent.<sup>39</sup> NRK gjer greie for at dei eksterne utsetjingane har auka dei siste åra, og NRK vil halde fram med å auke delen basert på kva som gjer publikum det beste innhaldet. Fleire store satsingar, til dømes *Mesternes mester*, *Maskorama*, *Exit* og *Alle mot 1*, er produserte utanfor NRK. I årsrekneskapen til NRK går det fram at den årlege summen til eksterne produksjonar har auka frå 325 millionar kroner i 2017 til 470 millionar kroner i 2021.


---

<sup>39</sup> I 2021 brukte NRK 44,4 prosent av det frie programbudsjettet for tv på eksterne produksjonar. Det svarar til 44,8 prosent i 2020 og 42 prosent for 2019.





Figur 14 – kostnader til eksterne produsentar og andel av samanliknbar tv-ramme



Kjelde: NRK

NRK gjer greie for andre investeringar i eksterne produksjonar som ikkje er medrekna i målingane ovanfor. Til dømes har NRK dei siste åra auka satsinga på eksterne radio- og podkastproduksjonar. NRK rapporterer at investeringa i radio- og lydinnhald var på over 29 millionar kroner i 2021, ein auke frå 25 millionar kroner i 2020. Vidare nyttar ei rekke større NRK-produksjonar kompetanse frå eksterne produksjonsmiljø. NRK viser til at eksterne produksjonsmiljø i Noreg leverer innhald av høg kvalitet, og at det eksternt produserte innhaldet, saman med det interntproduserte, bidrar til breidde og variasjon i samsvar med NRKs oppdrag og strategi. I perioden frå 2010 til 2021 har NRK meir enn dobla investeringane sine i eksterne produksjonar.

#### Konklusjon:


Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte krava om å formidle norsk drama og film og stimulere norske produksjonsmiljø. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfylte kravet om å legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet på tv i rullerande treårsperiodar frå og med 2018, med eit snitt på 43,8 prosent i den andre måleperioden frå 2019 til og med 2021.

#### 2.9.4 Norsk musikk

NRK skal bidra til å fremme nye talent og lokale artistar, og 40 prosent av musikken som blir spelt i NRK P1, NRK P2 og NRK P3, skal vere norsk. Kravet om minst 40 prosent norsk musikk må oppfyllest for kvar av dei tre kanalane. Den norske musikken som blir formidla, skal legge vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk.

NRK har auka andelen norsk musikk i radiokanalane sine dei seinare åra, og i 2021 spelte alle hovudkanalane, NRK P1, NRK P2 og NRK P3, mykje norsk musikk.<sup>40</sup> Norskandelen i NRK P1 ligg stabilt høgt med 55 prosent i 2021 mot 55,9 prosent i 2020. NRK opplyser at andelen blir høgare dersom distriktssendingane til NRK P1 blir inkluderte. Til dømes har NRK P1 inkludert sendingane frå Hordaland ein norskandel på 61,9 prosent. NRK P2 ligg også stabilt over kravet med 42,9 prosent norskandel både i 2021 og 2020, mot 39,6 prosent norsk musikk i 2019. NRK P3 spelte i 2021 59,3 prosent norsk musikk, og norskandelen har auka jamt dei siste åra frå 55,2 prosent i 2019 og frå 57,8 prosent i 2020. Godt over 50 prosent av musikken i NRK P1 og NRK P3 var dermed norsk også i 2021.

Figur 15 – andelen norsk musikk på NRK P1, NRK P2 og NRK P3




Kjelde: NRK

Andelen av den norske musikken med norsk språk var 62,3 prosent i 2021 i NRK P1. Den norskspråklege delen har lege jamt over 60 prosent dei siste fire åra, med den høgaste delen i 2018 med 64 prosent, og rundt 62 prosent de andre åra (61,9 prosent i 2020 og 62,5 prosent i 2019). 30,5 prosent av den norske musikken som blei spelt i NRK P2, var norskspråkleg, ein nedgang frå 34,3 prosent i 2020, men framleis ein auke frå 21 prosent i 2018. 34,7 prosent norskspråkleg musikk i NRK P3 i 2021 er ein auke frå 28,2 prosent i 2020 og 32,2 prosent i 2019.

<sup>40</sup> NRK reknar norsk musikk som musikk av norsk artist/utøvar, komponist, tekstforfattar eller med norsk språk.

Figur 16 – andelen norsk på norsk på NRK P1, NRK P2 og NRK P3




Kjelde: NRK

Ein betydeleg andel av den norske musikken i dei tre kjernekanalane som NRK har på radio, har norsk komponist eller norsk tekstforfattar, sjå figur 17. I NRK P1 og NRK P3 har prosentandelen leige stabilt høgt på over 95 prosent dei siste fem åra frå 2017 til 2021. Andelen av den norske musikken som var norskkomponert eller hadde norsk tekstforfattar på NRK P2, har også vore høg i same periode og har auka jamt frå rundt 60 prosent i 2017/2018 mot 80 prosent i 2021. Forklaringa på at andelen som har norsk komponist/tekstforfattar, er noko lågare i NRK P2 enn i NRK P1 og NRK P3, er at NRK P2 har ei betydeleg større breidde i musikkjangrar, med eit høgt innslag av jazz, klassisk og verdsmusikk.

Frå 2021 har NRK nytta ein ny målemetode som skil mellom komponist og tekstforfattar, i tillegg til andelen av musikken som har norsk utøvar, noko som gir betre innsikt i kva som blir formidla i NRKs formidling av norsk musikk. I NRK P1 hadde 52,2 prosent av all musikk som blei spelt i kanalen, norsk komponist, 52,4 prosent hadde norsk tekstforfattar og 54,6 prosent hadde norsk utøvar. I NRK P2 hadde 34,3 prosent av musikken norsk komponist, 22,9 prosent norsk tekstforfattar og 42,7 prosent norsk utøvar. I NRK P3 hadde 59,1 prosent av musikken norsk komponist, 58,9 prosent norsk tekstforfattar og 58,7 prosent norsk utøvar. At andelen musikk med norsk tekstforfattar er relativt sett mykje lågare i NRK P2 enn i dei andre to kanalane, kjem av at NRK spelar meir instrumental musikk. Målinga bekreftar at NRK i formidlinga av norsk musikk legg vekt på å løfte fram både norske komponistar og tekstforfattarar i tillegg til norske utøvarar. På grunn av den nye målemetoden er 2021-tala i figur 17 berre berekna på grunnlag av andelen av musikken som har norsk komponist.



Figur 17 – andelen norsk musikk med norsk komponist/tekstforfatter på NRK P1, NRK P2 og NRK P3



Kjelde: NRK Statistikk (2021-tala omfatar berre andelen norsk musikk som har norsk komponist.)

Statistikken som NRK har lagt fram, viser samla sett at NRK la vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert norsk musikk i NRK P1, NRK P2 og NRK P3 i 2021.

NRK rapporterer at i 2021 sette NRK P1 678 nye norske songar på spelelista til distriktskontora og 90 nasjonalt, og NRK P3 sette 486 nye norske låtar på spelelista. NRK har tidlegare forklart at distriktskontora kontinuerleg og systematisk arbeider for å finne lokale talent. NRK viser til at artistar som Zupermaria, Synne Vo, L.U:N.A og Metteson er blitt kjente for det norske folket gjennom å bli lista på NRK. Nysatsinga StudioP3 har hatt over 50 artistar i studio som har framført musikken live. NRK opplyser også at NRK P1+ speler over 50 prosent norsk musikk. Sjølv om konsertåret 2021 blei prega av koronapandemien, har Nrk.no publisert fleire omtaler av norske utgivingar og konsertar. NRK opplyser at 25 av 52 musikkomtalar var knytte direkte til norsk musikk i 2021.

I 2021 lanserte NRK nye programtitlar spesielt retta mot norsk musikk. Radioprogrammet *Musikklivet* blei sendt kvar laurdag og tok for seg blant anna Tønes' gitarar, kvinnelege produsentar, bilen til Eggum og songar frå Finnskogen. Podkasten *Musikkrommet* fortel kvar veke nye historier om norske artistar, som Cashmere Cat, Vilde Tuv, Caroline Ailin, Sissel Kyrkjebø og OsloDisco. Tv-programmet *De neste* førte unge musikalske talent saman med etablerte artistar, der dei unge talenta framførte eigne versjonar av songane til dei etablerte artistane.

Dei etablerte satsingane *Urørt* og *P3 Gull* fremmer nye norske artistar. Musikkprogramma i dei største radiokanalane NRK P1, NRK P3 og NRK P13 og NRK mP3, NRK Klassisk og NRK Jazz løfta i 2021 fram dei nominerte til Spellemannsprisen. Programma *Jazzklubben*, *Folkemusikkstimen* og *Spillerom Søndag* var blant dei som bidrog til at 100 nominerte blei

viste fram på ulike radioflater i NRK opp mot sjølve *Spellemannshowet*. Alle radiokanalane til NRK spelte berre norsk musikk på dagen for Spellemannsprisen, og NRK P1 vigde heile veka i forkant av showet til norsk musikk.

Radiokanalene NRK Klassisk formidla 20 urframføringar av norske komponistar og utøvarar i 2021, med opptak av konsertar fleire stader i landet, som Nes kyrkje i Gvarv, Håkonshallen, Stortveit kyrkje, Oslo domkyrkje, Stormen kulturhus i Boda og Åsane kulturhus i Bergen.

I 2021 vidareførte NRK konseptet *Festivalsommer*, som blei utvikla under koronapandemien for å bidra til at musikkfestivalar kom ut til publikum. *Festivalsommer* blei sendt i NRK TV, der programleiarane Tine og Skolmen og Markus Bailey formidla direkte frå ulike festivalar, som Imingfestivalen, den samiske musikkfestivalen Riddu Riddu, Audnebakkenfestivalen og Malakoff. NRK opplyser at publikum også kunne velje reine konsertopplevingar med dei fremste norske utøvarane frå jazz, folkemusikk og pop/rock. NRK sende til dømes både direkte frå Vossa Jazz-festivalen, og dekte festivalen med intervju, konsertopptak og reportasjar i sendeflatene til NRK P2, NRK Jazz og NRK2. Opptak frå Moldejazzen blei formidla i NRK P2-programmet *Jazzklubben* og i radiokanalene NRK Jazz. *Jazzklubben* sende òg direkte frå Moldejazz, Vossa Jazz og Oslo Jazzfestival og laga ein serie om utviklinga av jazz i Frankrike i relieff til utviklinga i Noreg. Også Førdefestivalen, som er ein festival for akustisk folkemusikk og verdsmusikk, blei dekt i ulike program på NRK P2.



I november 2021 fekk Leiv Solberg frå *Folkemusikktimen* kongens fortenestemedalje av ordfører i Froland, Ove Gundersen. Foto: NRK

I 2021 kjøpte NRK også fleire visningsrettar til konsertar, som Maijazz i Stavanger, Risør Kammermusikkfest, Telemarksfestivalen, Trænafestivalen, Notodden Bluesfestival, Kongsberg Jazzfestival og høgjellskonserten ved Rondane. Alle konsertane blei viste på NRK2. NRKs redaksjon for *Spillerom Søndag* dekte også dei to største internasjonale musikkfestivalane i Noreg, Borealis i Bergen og Ultima i Oslo, der det også blei sende direkte frå fleire av konsertstadene. Redaksjonen

dekte og sende også konsertopptak frå urframføringa til norske komponistar, som Rolf Wallin, Ragnhild Berstad og Knut Vaage.

I tillegg til direkteoverføringar og journalistisk dekning av konsertar og festivalar har det faste programmet *Tor de Jazz* gitt meir innsikt om norske jazzartistar gjennom samtaler om

aktuelle utgivingar, anekdotar og mangfaldet innan denne sjangeren i Noreg. Med oppstart i 1931 er *Folkemusikkstimen* er ein av verdas eldste faste programpostar på radio, og det norske musikkprogrammet som har eksistert lengst. Programmet blir sendt kvar søndag og byr på både konsertopptak og musikkportrett. I 2021 reiste programleiar Leiv Solberg rundt i Noreg og besøkte både kjente og ukjente miljø for folkemusikk i anledning 90-årsmarkeringa.

NRK gjer greie for at *Jungeltelegraf* dekker den globale musikken og følger det fleirkulturelle musikkfeltet i Noreg og den samiske musikken tett. I 2021 var programmet det einaste nasjonale programmet som presenterte «Angrusori», samarbeidsprosjektet mellom Kitchen Orchestra og rom-musikarar i Slovakia. NRK fortel at prosjektet resulterte i albumet «Live at Tou», som blei kåra til årets world-/folk-album i Slovakia i 2022. Programleiaren intervjuar den samiske kunstnaren Marja Mortensson under konserten på Røros i oktober 2021, og det blei også sendt opptak frå konserten både i radio og på tv. *Jungeltelegraf* lagar serien *Musikken i mitt liv*, som i fire program samanfattar dei siste åra og fortel historia til musikarar og bakfolk i norsk musikkliv. Av 44 nylaga program i 2021 handla 18 om norske musikarar.

NRK viser til at fleire norske artistar har spelt i underhaldningsprogrammet *Lindmo* på NRK1 i 2021. Andre sesong av *Haik* presenterte fleire norske artistar og de musikalske karrierane deira. Vidare fremmer NRK både nye og etablerte artistar frå heile landet og frå ulike musikkjangrar gjennom underhaldningskonsept som *Stjernekamp* og *MGP*. NRK opplyser at *MGP* nådde høg popularitet i 2021, ved at heile 23 av 26 låtar blei spelelista i fast rotasjon på radiokanalane til NRK. For *Stjernekamp* i 2021 var bakomprogrammet *Tett på stjernene*, som fortalde nærmare om dei ulike artistane, eit nytt tillegg som blei publisert i NRK TV to gonger i veka.

NRK fekk frå 2018 auka kravet om norsk musikkandel i NRK P1, NRK P2 og NRK P3 frå 35 til 40 prosent. I tillegg blei det i forarbeida uttrykt at NRK burde sende mykje norsk musikk på alle kanalar der musikk utgjer ein betydeleg del av innhaldet, og at det ville bli gjort ei ny vurdering av behovet for å utvide kravet om norsk musikk til å omfatte fleire kanalar etter at digitaliseringa av radio var gjennomført.<sup>41</sup> Medietilsynet gjorde ei slik vurdering i rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet i november 2021 og foreslo blant anna å utvide kravet om 40 prosent musikk til å gjelde NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk.<sup>42</sup> Kultur- og likestillingsdepartementet skal hausten 2022 legge fram forslag for Stortinget om fireårige styringssignalar for dei økonomiske rammene og eventuelle behov for å justere oppdraget til NRK for perioden 2023–2026.

---

<sup>41</sup> Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst*.

<sup>42</sup> Sjå meir om forslaget i punkta 1.3 og 6.5.2 i Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet – En analyse av NRKs bidrag til det norske innholds- og bruksmangfoldet, NRKs samarbeid med andre medieaktører og konkurransemessige virkningar av NRKs nyhets- og aktualitetstilbud på nett*.



**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 bidrog til å fremme nye talent og lokale artistar. NRK oppfylte også kravet om at minst 40 prosent av musikken i NRK P1, NRK P2 og NRK P3 skal vere norsk. Samla sett vurderer Medietilsynet at dei tre radiokanalane har vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk i den norske musikken som blir formidla.

### 2.9.5 Eit fast orkester

NRK har krav om å ha eit fast orkester som skal dekke alt frå underhaldningsmusikk til symfonisk musikk. Ifølge NRK er målet, ambisjonen og strategien for Kringkastingsorkesteret (KORK) basert på omgrepet «hele landets orkester», noko som inneber at samarbeid med interne og eksterne aktørar er avgjerande både teknisk, økonomisk og musikalsk. For å nå målet inngår KORK samarbeid med lokale aktørar som konserthus, festivalar og kommunar, og orkesteret har bidratt til mange konsertproduksjonar for radio og tv. Samtidig har KORK først og fremst eit utstrekt samarbeid med andre avdelingar i NRK.

I 2021 var det 75 år sidan det blei starta opp radioorkester i NRK, og hausten 2021 gjennomførte KORK hovuddelen av jubileet. Blant anna blei det gjennomført ein utekonsert frå Bø i Vesterålen, konsert med CC Cowboys (*CC Cowboys & KORK – Live i marka*) frå Holmenkollen skiarena, og ein jubileumskonsert spelt inn i Oslo Konserthus. Sistnemnde blei send i to delar, ein underhaldningsdel på NRK1 og ein klassisk del på NRK2 same kveld. Ei anna satsing om hausten 2021 var humorserien *Coda KORK*.

Elles blei det i 2021 gjennomført interne studioproduksjonar for radio, nett og tv i periodar med koronarestriksjonar. KORK tok også oppdrag frå artistar som ønskte innspeling av eigen musikk. Blant desse var Mai Britt Andersen, Geir Holmsen og Lars Saabye Christensen som produserte albumet *Et snev av evig*. Denne produksjonen blei også gjord for tv og radio. KORK bidrog også, i samarbeid med Riksscenen, i 100-årsmarkeringa for Astor Piazzolla. Dette blei gjennomført for tom sal, men produsert for fleire medieplattformer. Vidare produserte KORK fleire program med klassisk, pop og jazz, blant anna *Festen etter fasten* på NRK1. KORK samarbeidde også med P3 i humorserien *4ETG* og bidrog til musikkønske i Julebox frå Store studio for NRK1 og P1+. Det er gjennomført KORKs klassiske ønskekonsert på NRK1, og KORK har bidratt med vignettar, trombonekvartett og anna musikkinnhald til *Sommerskuta*.



Maja Mortensson og KORK. Foto: NRK

KORK hadde også eit samarbeidsprosjekt med den sørsamiske komponisten og artisten Marja Mortensson i 2021. Ho er ein del av ein trio med ektemannen Daniel Herskedal og Jakob Janssønn. Verket *Raajroe – The Reindeer Caravan* som er komponert saman med ektemannen, er komponert for trio og orkester. Verket blei framført på fleire scenar og produsert for både tv og radio. Det blei i tillegg spelt inn eit album.

NRK framhevar ei rekke andre produksjonar med KORK, blant anna klassiske produksjonar med KORKs sjefdirigent Petr Popelka, *Superbarna* – innspeling for NRK Super, direktesend orkestermusikk i ei spesialsending for *Lørdagsrådet*, orkester for ein episode av *Stjernekamp* og julekonsert frå Nordstrand kyrkje. NRK opplyser at koronarestriksjonane prega KORKs produksjon i 2021, men mengda tv-produksjon har blitt oppretthalden, og KORK har levert innhald til tv, radio og nett gjennom perioden.

Gjennom 42 produksjonsveker blei det laga 161 produksjonar og halde 45 konsertar, derav 32 med klassisk musikk og 35 med underholdningsmusikk, pop og andre sjangrar.<sup>43</sup> Det blei produsert 29 timar for tv, 237 for radio og 15 timar strøyming. Det var fire plateinnspelningar, seks urframføringar, 152 interne samarbeid og 21 eksterne samarbeid. Blant faste programflater blir *Meloditimen* på P1+, *På konsert med KORK* på NRK Klassisk og *KORK, hele landets orkester* på NRK2 nemnde.

---

<sup>43</sup> Nokre av konsertane hadde eit blanda program, slik at konsertar med for eksempel både klassisk og jazz/pop blir registrerte i begge kategoriar.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte kravet om å ha eit fast orkester som dekker eit breitt repertoar frå underholdningsmusikk til symfonisk musikk.

### 2.9.6 Ei brei sportsdekning

NRK skal ha sportssendingar som dekker breidda i norsk idrettsliv, inkludert idrettsutøvingar for personar med funksjonshemmingar og store *idrettsopplevingar*. *NRK skal også ha eit løpande oppdatert sportstilbod på nett.*

NRK viser til at det er ein utfordrande konkurransesituasjon og store endringar i mediebruken, også når det kjem til sport. NRK har mista enkelte senderettar, men også fått rettार til blant anna EM- og VM-fotball. NRK peiker også på at det er satsa kraftig på å løfte fram breidda i norsk idrett, blant anna med NM-veka. NRK framhevar også paraidrett som viktig i formidlinga.

NRK formidlar sportsnyheiter på alle plattformer og dekker også det som skjer utanfor idrettsarenaene. Pandemien påverka idrettsarrangement også i 2021, og fleire planlagde arrangement blei avlyste eller utsette. NM-veka i fjor sommar blei gjennomført i ein nedskalert versjon, og NRK sende 33 timar med sport direkte frå arrangementet. Vidare dekte NRK Sport 18 norgesmeisterskap i ti ulike idrettar.

I tillegg til NM-veka der fleire av idrettane var for parautøvarar, sende NRK direkte frå dei paralympiske leikane i Tokyo. Leikane blei vidare dekte i nyheitssendingar på tv og nett. NRK dekte også breidda i idretten gjennom å vise meisterskap i orientering, terrengløp, friidrett, bryting og sjakk. I 2021 formidla NRK kampane til Noregs kvinnelandslag i fotball, cup og toppseriekampar. Det var også dekning av eit breitt tilbod av vinteridrettar, deriblant sesongopning i langrenn på Beitostølen, internasjonale verdscuprenn i ulike greiner, langløp med Ski Classic og Norges-cup i langrenn. Friidrett og rally var også idrettar som blei dekte i 2021.


NRK sende frå større arrangement som VM i alpint, VM i skiskyting og VM Nordiske greiner om vinteren og EM i fotball for menn om sommaren. Tv-rettane til EM i fotball for menn blei delte mellom NRK og TV 2. NRK dekte også alle norske OL-øvingane frå sommar-OL i Tokyo direkte på radio og med ei stor nyheitsdekning på nett og tv. Det er Discovery som har tv-rettane til OL.





Figur 18 – dekning av sport på NRK 1


Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Fotball	32	5,5 %	114	11,3 %
Langrenn	94	16,2 %	104	10,3 %
Skiskyting	89	15,5 %	90	8,9 %
Friidrett	23	4,0 %	76	7,5 %
Hopp	73	12,7 %	69	6,8 %
Alpint	52	8,9 %	54	5,4 %
Sjakk	10	1,7 %	51	5,1 %
Kombinert	23	4,0 %	29	2,9 %
Sykling	5	0,9 %	4	0,4 %
Hestesport	1	0,1 %	4	0,4 %
Motorsport	0	0,0 %	2	0,2 %
Anna sport og sportsnyheter	96	16,6 %	293	29,0 %
Diverse program om sport	80	13,8 %	119	11,8 %
Sum	483	100,0 %	1 009	100,0 %



Kilde: Kantar, TVOV-undersøkinga

Figur 19 – dekning av sport på NRK Sport

Kategori	2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Fotball	646	33,9 %	632	33,0 %
Langrenn	122	6,4 %	141	7,4 %
Sykkel	67	3,5 %	104	5,4 %
Hopp	69	3,6 %	84	4,4 %
Skiskyting	75	3,9 %	72	3,8 %
Handball	68	3,6 %	70	3,7 %
Alpint	95	5,0 %	57	3,0 %
Sjakk	20	1,0 %	49	2,6 %
Friidrett	29	1,5 %	39	2,0 %
Kombinert	20	1,0 %	16	0,8 %
Diverse sport	685	35,9 %	650	34,0 %
Sum	1 907	100,0 %	1 914	100,0 %



Kilde: Nielsen, PPM

NRK viser til at all direktesend idrett som blir formidla på tv, også blir send i radiokanalen NRK Sport. NRK Sport er ein døgnkontinuerleg radiokanal som også sender musikk. I 2021 sende NRK Sport 1 914 timar sport, som er på same nivå som i 2020 da det blei send 1 907 timar. På NRK1 blei det i 2021 send 1 009 timar mot 483 timar i 2020. Det vil seie at talet på timar er dobla frå det første pandemiåret og er tilbake på om lag same nivå som i 2019, da det blei send 967 timar. På NRK1 blei det blant anna vist fotball, friidrett, sjakk, sykling, hestesport, motorsport og ulike vinteridrettar.

NRK opplyser at det blir brukt humor som verkemiddel for å nå ut til eit yngre publikum. *Kjendis-VM*, der kjendisar konkurrerer i ulike greiner, blei laga i ein ny sesong inn mot VM i snøsport for parautøvarar i 2022. Konkurransane kjendisane konkurrerte i, hadde da paragreiner som tema, og serien starta i desember 2021. Vidare viste NRK ein dokumentarserie, *Sundby mot verden*, om langrennsløparen Martin Johnsrud Sundby, og *Hodet i klemme* om det norske brytelandslaget. I serien blei også utanomsportslege aspekt skildra, og fleire av historiene i serien blei også nytta til nyheitsforteljingar på nett.



NRK Sport står for daglege nyheiter til alle plattformer. I 2021 var dekning av forholda for migrantarbeidarar i Qatar i samband med utbygginga til VM i fotball for menn i 2022, og forholda i Kina, i samband med OL i 2022 blant viktige journalistiske prosjekt som NRK trekker fram.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 har hatt sportssendingar som oppfyller kravet om å dekke både breidda i norsk idrettsliv og store idrettsopplevingar – i den grad slike arrangement blei gjennomførte trass i koronapandemien. Ut frå NRKs framstilling av leveransen av sportsnyheiter til nett vurderer Medietilsynet at NRK også oppfylte kravet om ei løpande oppdatert dekning av sport på nett.



# Tilgjengelegheit og beredskap i NRK

Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2.10 Tilgjengelegheit og beredskap

### Vedtektene

§ 15 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være tilgjengelig for hele befolkningen. NRK skal ta hensyn til funksjonshemmede ved utforming av sitt tilbud.

§ 23 NRK skal ha et særlig beredskapsansvar. NRK skal legge til rette for at styremaktene kan nå ut til befolkningen med informasjon over kringkastingsnett ved nasjonale kriser og katastrofer.

§ 24 NRK skal være til stede på, og utvikle nye tjenester på, alle viktige medieplattformer for å nå bredest mulig ut med sitt samlede programtilbud.

§ 30 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være gratis tilgjengelig for hele befolkningen på minst én distribusjonsplattform. Med unntak for kringkastingsavgift, skal det ikke kreves betaling fra befolkningen for allmennkringkastingstilbudet. Dette er likevel ikke til hinder for at den enkelte selv må dekke kostnader til teknisk utstyr og/eller tilgang til distribusjonsplattformer. (ny formulering, som erstatter flere tidligere bestemmelser)

§ 31 NRK bør så langt som mulig benytte åpne standarder, så fremt ikke økonomiske eller kvalitative hensyn taler imot dette.

§ 37 NRK skal formidle kulturarven i Norge. Arkivene til NRK er en del av denne. NRK skal arbeide for å digitalisere og tilgjengeliggjøre disse arkivene for befolkningen. NRK skal tilgjengeliggjøre informasjon om arkivmaterialet. NRKs arkivmateriale skal så langt det er praktisk og juridisk mulig, samt presseetisk forsvarlig, være tilgjengelig for viderebruk. NRK kan kreve dekket kostnadene ved å gjøre arkivmateriale tilgjengelig for slik viderebruk av andre. (ny formulering)

§ 51 NRK skal gjøre flest mulig av sine radio- og fjernsynsprogrammer tilgjengelig på Internett, både ved samtidig distribusjon og som arkivtjeneste for nedlasting og/eller individuell avspilling. NRK skal herunder minimum gjøre tilgjengelig hele sin egenproduserte sendeflate fra de siste sju dager som arkivtjeneste, forutsatt at dette ikke innebærer uforholdsmessig høye kostnader. NRK skal etterstrebe at også mest mulig av den øvrige sendeflaten fra siste sju dager gjøres tilgjengelig som arkivtjeneste.

### 2.10.1 Eit tilgjengeleg allmennkringkastingstilbud for alle

Medietilsynet vurderer at NRK tar i bruk alle dei store medieplattformene for å nå breitt ut med programtilbudet, og NRK gjer greie for korleis verksemda jobbar for å møte endringar i mediebruken. NRK tilbyr egne tenester i form av appar som inneheld heile innhaldsporteføljen. Appane blir distribuerte på alle store plattformer og inkluderer blant anna mobiltelefonar, nettbrett og smart-tv-ar. Appane blir kontinuerleg utvikla og oppdaterte for å gi publikum valfridom og tilby gode tenester på dei medieplattformene dei nyttar.

NRK viser til forskjellar i mediebruken for ulike aldersgrupper, og nye medietenester og sosiale medium blir nytta for å nå målgrupper som NRK i liten grad når på dei etablerte medieplattformene. NRKs mål er å vise fram innhaldet og tilby allmennkringkastarverdi også for desse målgruppene. NRK opplyser at det er fragment av innhaldet som blir publisert i sosiale medium, og at formålet er å føre publikum tilbake til NRK-tenestene, der den fulle innhaldsporteføljen er publisert.

Kravet om at NRKs allmennkringkastingstilbud skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga, gjeld også distribusjonen av tilbudet. Det vil seie at det skal vere universelt utforma, og at alle skal kunne ta imot tilbudet. NRKs vedtekter slår fast at allmennkringkastingstilbudet skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éi distribusjonsplattform. Kvar enkelt må sjølv dekke kostnadene til teknisk utstyr og/eller tilgang til distribusjonsplattformer.

Alle norske primærhusstandar kan ta imot allmennkringkastingstilbudet i form av kanalane på radio og tv gjennom det digitale bakkenettet for tv (DTT). Sendingane blir tilbydde «free-to-air», noko som betyr at sendingane kan bli tatt imot fritt med antenne og digitalmottakar, og at det ikkje er noka form for tilgangskontroll eller betaling. Alle radiokanalane til NRK, inkludert distriktssendingar og vêr- og trafikkmeldingar, blir sende over det regionale DAB-nettet (Regionblokka). Regionblokka dekker 99,7 prosent av befolkninga og kan fritt bli tatt imot med ein DAB+-mottakar. NRK TV, NRK Super og NRK Radio på nett gjer det mogleg å sjå og høyre NRKs sendingar på tv og radio både ved samtidig distribusjon og ved individuell avspeling gjennom strøyming på nett. Innholdstilbudet på Nrk.no er fritt tilgjengeleg på nett. Brukarane må sjølv sørge for tilgang til nett for å kunne bruke tenester over internett. NRK gjer greie for at det er gjort eit arbeid for å organisere innhaldet på nettet for å gjere det mest mogleg tilgjengeleg og lett å finne. Aktuelle program er organiserte i ulike kategoriar og er tilgjengelege gjennom søk.

I NRK-plakaten er det krav om at NRK skal ta omsyn til personar med nedsett funksjonsevne ved utforminga av tilbudet sitt. NRK har, som dei kommersielle tv-kanalane med ein sjåarandel på meir enn fem prosent, krav om tilrettelegging for personar med funksjonsnedsettingar nedfelt i kringkastingsregelverket. Det blir stilt meir omfattande krav til NRK enn til dei kommersielle aktørane.

Føresegnene om tilgjengeleggjering i kringkastingsforskrifta krev at NRK skal tekste alle program gjennom heile døgnet, også alle direktesende program, dersom det er teknisk og praktisk mogleg. Program som har vore teksta på lineær-tv, og alle distriktssendingar, skal vere tilgjengelege med teksting når dei blir publiserte i audiovisuell bestillingsteneste. Program på samisk skal vere teksta med det samiske språket som er talespråk i programmet når slike program blir lagde ut i audiovisuell bestillingsteneste, dersom det er teknisk og praktisk mogleg. NRK skal også dagleg sende program med teiknspråktolking og med norsk teiknspråk, sende program med synstolking kvar veke, tilby lydtekst for alle ferdigproduserte program med teksting der det blir snakka eit anna språk enn norsk, og tilby lydtekst på direktesende fjernsynsprogram dersom det er teknisk og praktisk mogleg.

NRKs uttrykte ambisjon er at innhald og tenester skal kunne bli brukte av alle, også av personar med hindringar rundt syn, høyrsel og fysiske og kognitive ferdigheiter.

NRK opplyser at i 2021 blei alle førehandsproduserte program og nesten alle direktesendingar teksta – både framandspråk og norsk tale. Dei fleste distriktssendingane blei teksta til reipen dagen etter, og dei aller fleste program som blei direkteteksta på fjernsyn, blei lagde ut med tekst i NRK TV. Dei fleste videoane som blei publiserte på Nrk.no,

var teksta. Teknologi og løysingar for å distribuere direktetekst på lineære kanalar som er strøymde i NRK TV, er ifølge NRK ikkje på plass før tidlegast i 2022. NRK har tidlegare opplyst at det blir arbeidt med å få på plass fleire tekstespor i NRK TV, slik at teksting av program med samisk talespråk kjem på plass. På førespurnad frå Medietilsynet har NRK opplyst at ei avtale om å levere eit administrasjonssystem for tenestene for tilgjengeleggjering, blei inngått med det svenske firmaet PLINT etter sommaren 2021. Systemet kan levere undertekster på fleire språk til strøymetenesta NRK TV og lineære kanalar. Første versjon har vore i drift sidan april 2022 og vil bli utvikla vidare i løpet av året.

Talet på sendetimar på norsk med teksting auka frå 14 384 timar i 2020 til 14 449 timar i 2021. Talet på sendetimar med teksting av framandspråk auka, etter ein nedgang frå 2019 til 2020, frå 7715 timar i 2020 til 8070 timar i 2021.

Når NRK bruker teiknspråktolking, blir det som blir sagt i eit tv-program omsett til norsk teiknspråk av ein tolk som står til høgre i bildet. NRK har ein eigen tv-kanal, NRK Tegnspråk, der tolkinga blir send. Kanalen er tilgjengeleg over bakkenett, satellitt og kabel. Tolka versjonar av program finn du også i strøymetenesta NRK TV under kategorien «Tegnspråk».

Ifølge NRK er det fram til 2021 stort sett berre blitt tolka direkte på NRK Tegnspråk-kanalen, men i 2021 blei det også vist førehandstolka program. Med det viser NRK til at NRK Tegnspråk er ein meir sjølvstendig kanal «*med en ambisjon om å gi et bredere og bedre tilbud*» til teiknspråklege sjåarar. Med førehandstolking er programtilbodet til unge også større. NRK teiknspråktolka blant anna Supernytt, diverse barneprogram, koronasendingar, nyheiter, val, debatt og underhaldning i 2021.

NRK har eit programtilbod på norsk teiknspråk. *Tegnspråknytt* er ei nyheitssending som blir send på NRK1 kvar vekedag frå 17.45 til 17.49. Sendinga samanfatar dei viktigaste hendingane i Noreg og i verda det siste døgnet. Ein programleiar formidlar sakene på norsk teiknspråk, og ein journalist les opp sakene på norsk. Teiknspråknytt blir sendt også på kanalen NRK Tegnspråk alle kvardagar. Andre program der hovudspråket er norsk teiknspråk, er *Lek uten ord*, *Snakkis*, *Undringstårnet*, *Mitt Norge*, *Gode venner*, *Mia og Matheo* og *En julefortelling*.

NRK opplyser at det er ein ambisjon å publisere meir innhald på teiknspråk. Vinteren 2021 blei det utlyst behov for nytt innhald på teiknspråk, både for og om høyrselshemma. Det har også vore møte med interesseorganisasjonar for å få innspel og forslag til program som kan produserast på teiknspråk, og det er sett i gang fleire prosjekt baserte på innspela. I samråd med Norges Døveforbund (NDF) har NRK etablert eit sjåarråd med ti deltakarar, som blei rekrutterte av NDF hausten 2021.

Synstolking er når ei stemme skildrar viktige visuelle element i bildet som ikkje kan oppfattast gjennom lyd. Målgruppa er blinde og sterkt synshemma. I 2021 publiserte NRK 126,5 timar med synstolking fordelt på 18 seriar og 17 filmar. Dette utgjør ein auke i talet på timar totalt og i talet på filmar frå 2020. Talet på seriar gjekk ned frå 22 til 21. Blant seriane var tre



sesongar av *Bablo*, julekalenderen *Kristianias Magiske Tivoli Theater* og ein sesong av *Rådebank*. Filmane *Ut og stjele hester*, *Brillebjørn feirer jul* og *Utøya 22. juli* blei også synstolka. Det blei i tillegg publisert fem nordiske seriar med synstolking på svensk eller dansk – til saman 31,8 timar. Synstolkinga blir send på fjernsyn over tv-kanalen NRK1 Lydtekst. I strøymetenesta NRK TV kan publikum sjå synstolka versjonar ved å gå til kategorien «synstolk». NRK opplyser at det også er mogleg å finne synstolkinga ved å klikke på tekstesymbolet når eit program blir sett i NRK TV eller i ein nettlesar.

Kringkastingsforskrifta § 2-5 h stiller krav om at NRK skal sende fjernsynsprogram med synstolking kvar veke. Kravet har som formål å sikre både eit visst omfang og at formidlinga av synstolka program skjer med jamne mellomrom. NRK har i tidlegare dialog med Medietilsynet gjort greie for regelbundne program med synstolking i tillegg til omfang og oppfyller kravet til både omfang og regelbundne program.

Løysinga der ei automatisk stemme les opp den norske underteksten når det blir snakka på eit framandspråk, blir kalla lydtekst. NRK har eigne tv-kanalar til dette: NRK1 Lydtekst, NRK2 Lydtekst og NRK2/Super Lydtekst. Lydteksten blir også lagd ut på radiokanalen NRK Nyheter under sending av *Dagsrevyen 19* og *Dagsrevyen 21*. Det inneber at radiolyttarane får med seg kva som blir sagt under intervju og innslag med intervjuobjekt som ikkje snakkar norsk. Lydtekst er tilgjengeleg i NRK TV på innhald som ligg lagra.



Delar av brukarrådet til NRK – nummer to frå venstre Sindre Falk frå HLF, Rune Bugge Person frå Pensjonistforbundet, Cato Lie frå FFO og Kari Kristine Engan frå LSHDB saman med Kristoffer Lium og Siri Antonsen frå NRK. Foto: Ole Kaland, NRK

NRK har ein eigen tilgjengelegheitssjef og eit brukarråd med representantar frå ni ulike interesseorganisasjonar for personar med funksjonsnedsettingar, i tillegg til ein representant frå Pensjonistforbundet. NRK opplyser at brukarrådet er ein viktig bidragsytar i NRKs arbeid med tilgjengelegheit og mangfald. I 2021 blei det gjennomført to møte, eitt av dei blei brukt til arbeidet med å revidere ei ordliste for funksjonsmangfald. Lista er ifølge NRK eit forsøk på å samle gode råd og hjelp for journalistar, slik at språk ikkje blir til hinder for å dekke eit viktig felt i journalistikken. Den reviderte lista blei publisert i 2021.

Ifølge NRK blir det stadig arbeidd med å vidareutvikle nettsidene til NRK og appar for mobil og smart-tv. Dette arbeiddet har også med tilgjengelegheitsperspektivet å gjere, og i 2021 vann NRK TV innovasjonsprisen til Design og Arkitektur Norge (DOGA) for universell utforming i kategorien IKT. Vidare har NRK i 2021 blant anna bidratt i forskingsprosjekt for å fremme forskning og innovasjon på tilgjengelegheit og kompetanseoverføring og tydelege forventningar om universell utforming til leverandørar av eksternt utvikla produkt som NRK har kjøpt inn.

NRK gjer greie for at det blir arbeidd med å bygge kompetanse knytt til høyrleg tale. Dette er spesielt viktig for personar med nedsett hørsel, men også når media blir konsumert i støyfulle omgivnader og på høgtalarar/øyreproppar med varierende kvalitet. NRK har opplyst til Medietilsynet at arbeiddet som starta i 2020 med å utvikle ein eigen NRK-font, der lesbarheit og tilgjengelegheit er tatt med frå starten av utviklingsprosessen, er vidareført i 2021. Den nye fonten blir gradvis rulla ut frå våren 2022, og eit hovudmål har vore å balansera eit distinkt uttrykk og universell utforming.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte krava om å vere til stades og utvikle tenester på alle viktige medieplattformer for å nå breiast mogleg ut med det samla programtilbodet. NRK oppfylte også kravet om at allmennkringkastingstilbodet skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éi distribusjonsplattform. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK gjennom NRK TV og NRK Radio oppfyller kravet om å gjere flest mogleg av radio- og tv-programma tilgjengelege, både for samtidig distribusjon og for individuell avspeling. Heile den eigenproduserte sendeflata frå dei sju siste dagane og mest mogleg av sendeflata elles er gjort tilgjengelege som arkivteneste. Medietilsynet vurderer også at NRK i 2021 oppfylte kravet om å ta omsyn til personar med funksjonsnedsettingar ved utforminga av tilbodet sitt.

### 2.10.2 Eit tilgjengeleg arkiv og opne standardar

Arkivmaterialet til NRK skal gjerast tilgjengeleg for vidarebruk så langt det er praktisk og juridisk mogleg og presseetisk forsvarleg, og NRK kan berre ta betalt for dei kostnadene selskapet har knytte til vidare bruk etter sjølvkostprinsippet om arkiv. Det er presisert kor viktig det er at NRK gjer informasjon om arkivmaterialet (metadata) tilgjengeleg, slik at dei som ønsker å bruke arkivinnhald, kan finne det.

NRK viser til at det blir delt innhald med andre medium når det er mogleg. NRK krev berre dekning av kostnader knytte til sjølve tilgjengeleggjeringa. I 2021 behandla NRK 1040 saker om bruk av arkivmateriale, om lag tilsvarande føregåande år. Av ferdigstilte saker gjeld om lag 40 prosent deling med andre redaktørstyrte mediehus og produksjonsselskap. NRK opplyser at det i dei seinare åra har vore ein merkbar auke i leveringa av store mengder klipp med historisk materiale til sjangrar som *true crime* og andre typar historiske dokumentarseriar.

NRK har over fleire år arbeidd for å gjere radio- og tv-programma allment tilgjengelege. Tilbodet til publikum aukar i strøymetenestene NRK TV og NRK Radio, der det nå er over 600 000 program. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at talet på tilgjengelege tv-program i NRK TV har auka frå om lag 155 000 i 2020 til over 176 000 i 2021. I same periode har talet på tilgjengelege radioprogram i NRK Radio auka frå rundt 385 til over 430, og talet på podkastar auka frå rundt 40 000 til over 47 000. Som ein del av arbeidet med å gjere plattformene så funksjonelle og brukarvennlege som mogleg, opplyser NRK at det blir testa og nytta relevant teknologi for å gjere innhaldet enda meir tilgjengeleg.

Opplysningar og informasjon om innhaldet, metadata, er grunnlaget for at folk skal kunne finne og velje innhald frå heile arkivet. Derfor blir dataa lagde til rette i tenestene. Mange av programma er indekserte i kapittel for at klipp og innslag skal vere enklare å finne og dele. NRK opplyser at innhaldet er samla i kategoriar og gjort tilgjengeleg for søk. Historiske og klassiske tv-augeblink blir løfta fram etter sesong, årstid og hendingar i samfunnet og også presenterte i kategorien «NRK-arkivet». I denne kategorien blir arkivinnhald samla under overskrifter som «Humorperler», «NRK-klassikere», «Norge på 70-tallet» og «Gylne øyeblikk fra sportsrevyen».

NRK viser til at det er inngått arkivavtale med Norwaco om rettane til å publisere det mest relevante innhaldet frå den eldste delen av arkivet. Avtalen omfattar NRK-produserte program som er eldre enn frå 1997.

Strøymetenestene NRK TV, NRK Super og NRK Radio gjer tv- og radiosendingane til NRK og program tilgjengelege på internett, der publikum sjølv kan bestemme når dei ønsker å sjå dei. Programma blir publiserte samtidig som dei blir sende på radio og tv, eller i nokre tilfelle tidlegare. Aktuelle program innanfor alle sjangrar blir presenterte i tenesta, slik at dei skal vere enkle å finne. Innhaldet er også tilgjengeleg gjennom søk og er organisert i ulike kategoriar. NRK arbeider for at programma skal vere tilgjengelege for publikum så lenge som mogleg. Dei fleste av dei eigenproduserte programma til NRK er tilgjengelege lenge, men kor lenge innkjøpte program er tilgjengelege, varierer frå nokre veker til åtte år etter at dei er sende på radio og tv.

Ifølge NRK blir opne kjeldekodar både delte og brukte så langt dette er mogleg. I interne system og teknologien som inngår i viktige delar av publikumstilboda, blir open kjeldekode nytta. Opne kjeldekodar inneber at alle kan sjå korleis systemet verkar, utføre forbetringar eller tilpasse det til andre system som blir nytta. NRK har interne retningslinjer for deling av kjeldekodar og system. Vidare er alle lyd- og bildeformat mot publikum standardiserte. NRK har hatt ei omfattande satsing på bruk av open kjeldekode og semantisk web innanfor metadata-området og har aktivt samarbeidd om felles standardar for metadata både i EBU og med ei rekke bedrifter og offentlege instansar.

NRK viser til at fleire prosjekt er delte som open kjeldekode, blant anna eit system som har fått namnet «Sofie». Sofie er eit tv-avviklingssystem som erstattar teknologiar innanfor eit teknisk komplisert område. NRK har utvikla Sofie vidare basert på open kjeldekode som er



gjort tilgjengeleg av Sveriges Television. Dansk TV 2 har også tilpassa og tatt i bruk Sofie. I 2021 har NRK delt meir enn 115 prosjekt som open kjeldekode.


**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte krava til å formidle kulturarven, digitalisere arkivet og gjere arkivet og informasjonen om arkivmaterialet tilgjengeleg for befolkninga. Medietilsynet vurderer også at NRK i samsvar med Stortingets føresetnader og presiseringa i vedtektene berre krev å få dekt kostnadene til å gjere arkivmaterialet tilgjengeleg for vidare bruk av andre. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK i tilbudet sitt tar sikte på å så langt som mogleg bruke opne standardar, føresettt at økonomiske eller kvalitative omsyn ikkje talar mot dette.

### 2.10.3 Beredskapsansvar

NRK har som offentleg finansiert riksdekkande allmennkringkastar særlege beredskapsplikter. Dette ansvaret er lovfesta i kringkastingsloven § 2-4 som gir alle kringkastarar formell plikt til å sende meldingar frå myndigheitene når det har stor betydning. Dei nærmare reglane for NRK går fram av ei forskrift som regulerer verksemda under beredskap og i krig, blant anna reglar om at NRK har plikt til å sette i verk særskilde beredskapstiltak for å sikre at informasjon frå regjeringa når ut til befolkninga. Ifølge forskrifta skal det bli tatt beredskapsomsyn ved utbygging av sendaranlegga til NRK. Etter digitaliseringa av både dei nasjonale tv- og radionetta gjeld dette det digitale riksdekkande bakkenettet for tv og Regionblokka, som er NRKs del av DAB-nettet. NRK P1 har hatt ein særleg posisjon som beredskapskanal ettersom kanalen har hatt eit sendarnett som dekker så godt som alle husstandar i Noreg. Etter digitaliseringa har alle radiokanalane til NRK same dekning som NRK P1. I distribusjonsavtalen som NRK har med Norkring, er det stilt krav om 99,8 prosent oppetid i heile sendarnettet på årsbasis.

Dei overordna beredskapspliktene til NRK blir framleis regulerte i forskrift, og i tillegg er det særskilde beredskapsansvaret tydeleggjort med eit krav i NRK-plakaten. Dette inneber at NRK skal gjere greie for korleis dette kravet er oppfylt i samband med Medietilsynets vurdering av korleis NRK varetar allmennkringkastingsoppdraget.



Beredskapsøving i samarbeid med politiet og Heimevernet på Marienlyst. Foto: NRK

I 2021 var hovudaktiviteten innanfor tryggleik og beredskap for NRK å bidra aktivt til å sikre at NRK kunne gjennomføre produksjonen rundt stortingsvalet på ein trygg måte. NRK gjennomførte risikoanalysar knytte til den journalistiske dekninga, arrangement og digital tryggleik. Trusselen om misbruk av media for å påverke valet blei adressert i ein gjennomgang med medarbeidarar og redaksjonar. NRK gjennomførte også ei rekke testar for å gjere medarbeidarane meir bevisste med tanke på digital tryggleik.

På bakgrunn av dei opne trusselvurderingane frå PST, NSM og E-tenesta har NRK vurdert trusselnivået mot verksemda til å vere noko høgare enn normalt gjennom store delar av 2021.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 tok hand om det særskilde beredskapsansvaret NRK har. NRK har også tidlegare gjort greie for korleis det er lagt til rette for at myndigheitene kan nå ut til befolkninga med informasjon over kringkastingsnettlet ved nasjonale kriser og katastrofar.





F-6211

Eit redaksjonelt uavhengig  
og reklamefritt NRK



## 2.11 Redaksjonelt uavhengig og reklamefri

### Vedtektene

§ 25 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være reklamefritt og skal ikke inneholde spesielle salgsfremmende henvisninger til konsernets kommersielle tjenester og produkter.

§ 29 NRK skal verne om sin integritet og sin troverdighet for å kunne opptre fritt og uavhengig i forhold til personer eller grupper som av politiske, ideologiske, økonomiske eller andre grunner vil øve innflytelse på det redaksjonelle innholdet. Virksomheten skal preges av høy etisk standard og over tid være balansert. Saklighet, analytisk tilnærming og nøytralitet skal etterstrebnes, jf. bl.a. prinsippene i Redaktørplakaten, Vær Varsomplakaten og Tekstreklameplakaten.

§ 45 NRKs redaksjonelle avgjørelser skal ikke være styrt av kommersielle hensyn.

§ 46 NRK skal utvise særlig varsomhet med å tilby innhold som utsetter publikum for kommersielt press. Dette gjelder særlig for programmer rettet mot barn og unge.

§ 47 NRKs allmennkringkastingstilbud skal hovedsakelig finansieres ved tilskudd over statsbudsjettet. Tilskudd over statsbudsjettet og andre offentlige inntekter skal ikke subsidiere kommersielle aktiviteter. Det skal være et klart regnskapsmessig og driftsmessig skille mellom NRKs allmennkringkastingsvirksomhet og kommersielle aktiviteter.

§ 48 NRK kan ta imot sponning, men bør begrense omfanget.

§ 49 NRK skal kunne videreutvikle kommersielle tjenester som genererer overskudd som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstjenester. NRKs kommersielle tjenester skal ha sammenheng med selskapets redaksjonelle virksomhet. NRK skal tilstrebe et tydeligst mulig skille mellom allmennkringkastingstilbudet og kommersielle tjenester. Den forretningsmessige virksomheten skal være forenlig med de krav til kvalitet og integritet som gjelder for NRK.

Vedtektene til NRK har ei rekke krav som skal sikre at allmennkringkastingstilbudet er ikke-kommersielt, og at NRK har eit klart skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og kommersielle aktivitetar. NRK gjer greie for at innholdstilbudet på tv, radio, nett, mobil, sosiale medium og andre aktuelle plattformer er reklamefritt, og at allmennkringkastingstilbudet ikkje inneheld salsfremmande tilvisingar til dei kommersielle tenestene eller produkta til NRK. NRK driv den kommersielle aktiviteten sin gjennom dotterselskapet NRK Aktivum AS, som blir halde åtskilt frå allmennkringkastingsverksemda. NRK opplyser at rettar blir forvalta av ei eiga eining som vurderer samtykke til eventuelle kommersielle aktivitetar. I denne vurderinga blir det lagt særleg vekt på om aktiviteten støttar opp om allmennkringkastingsverksemda til NRK og om publikum får ein meirverdi. Det blir også lagt stor vekt på at produkt og tenester skal ha høg kvalitet.

Allmennkringkastarane har fått eit særleg ansvar for fri og uavhengig formidling av samfunnsrelevant informasjon og det å avdekke kritikkverdige forhold. Det redaksjonelle sjølvstendet er ein grunnleggande føresetnad for den viktige rolla media skal fylle i eit demokratisk samfunn, der dei redaktørstyrte media har ei sentral rolle og har fått særlege ansvarsreglar.

NRK gjer greie for målretta jobbing for å halde ein høg presseetisk standard i det redaksjonelle arbeidet sitt, og for å vere sakleg, analytisk og nøytral i den journalistiske dekninga av saker. NRK følger det felles etiske regelverket til pressa, som har fleire krav til redaksjonell sjølvstende, jf. Ver varsam-plakaten, Redaktørplakaten og dei lovfesta ansvarsreglane i dei ulike regelverka på dette området. NRK opplyser at verksemda også har ei eiga etikkhandbok med avgrensingar for tilsette, med utgangspunkt i Ver varsam-plakaten. I 2021 fekk Pressens Faglige Utval (PFU) 131 klager mot NRK.<sup>44</sup> 22 av desse fekk forenkla eller full behandling av utvalet. I fem av sakene konkluderte PFU med at NRK hadde brote god presseskikk. Tre av brota gjaldt faktafeil eller manglande atterhald i framstillinga av fakta. NRK gjer greie for at sakene som blei felte, var oppfølgingar eller nye versjonar av saker NRK sjølv hadde sett på dagsordenen, og at feila kom av misforståingar i redaksjonane som følgde opp sakene. NRK har nå forsterka rutineane for faktakontroll i nyheitsredaksjonane. I 17 av sakene fann PFU at NRK ikkje hadde brote det presseetiske regelverket. NRK opplyser at ingen saker i PFU konkluderte med at det var tvil om NRKs redaksjonelle sjølvstende i 2021.

NRK gjer greie for at redaksjonelle avgjerder og tilbod er styrte av redaksjonelle omsyn med utgangspunkt i allmennkringkastingsoppdraget. NRK viser varsemnd med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press. NRK Super er særleg varsam med å eksponere logoar og merkenamn i programinnhaldet, blant anna ved å byte ut emballasje og fjerne merkelappar på klede og liknande. I den reine journalistikken som rettar seg mot barn og unge, blir kommersielle produkt i liten grad omtalte. NRK viser til at kvaliteten på innhaldet er avgjerande ved kjøp av internasjonale seriar, men at NRK alltid vurderer om den kommersielle produktporteføljen som følger serien (til dømes leiker), vil forsterke eit kommersielt press mot barn.

NRK opplyser at reglane for sponsofinansiering og visning av sponsorplakatar som følger av kringkastingsregelverket og NRK-vedtektene, blir følgde. Medietilsynet har ikkje hatt saker mot NRK i 2021 som avdekte brot på reglane i kringkastingsregelverket om kommersiell påverknad. Tilsynet med sponsoridentifikasjon og eventuell eksponering av sponsor i sponsa idrettsprogram, som VM på ski i nordiske greinar, Junior-VM i skiskyting, innandørs EM i friidrett og V-cup i skiskyting, viste at all sponsoridentifisering var i tråd med regelverket. Medietilsynet kontrollerte også Melodi Grand Prix med same resultat.

NRK blir finansiert gjennom ei direkte løyving over statsbudsjettet,<sup>45</sup> og Medietilsynet utbetaler løyvinga til NRK. Nivået på finansieringa av NRK er for perioden 2020–2022 vidareført med ei årleg justering i takt med lønns- og prisvekst minus eit effektiviseringskrav

---

<sup>44</sup> Norsk presseforbund, PFU-statistikk 2021. Tilgjengeleg 25. mai 2022 på <https://presse.no/wp-content/uploads/2022/01/Statistikk-2021-til-nettsidende.pdf>

<sup>45</sup> Finansieringsordninga til NRK blei endra frå kringkastingsavgift til direkte løyving over statsbudsjettet frå og med den 1. januar 2020.

på 0,5 prosent. Den økonomiske ramma for løyvingane til NRK blir frå 2023 vedtatt av Stortinget for fire år om gongen gjennom eit såkalla romartalsvedtak.

Årsrekneskapen og årsmeldinga til NRK viser at dei samla driftsinntektene i NRK AS var 6 007 millionar kroner i 2021 mot i underkant av 5 877 millionar kroner i 2020 – ein auke på 130 millionar kroner (2,2 prosent). I 2021 utgjorde den statlege løyvinga 5 272 millionar kroner – ein auke på 152 millionar kroner (2,6 prosent) frå 2020. Andre driftsinntekter utgjorde 128 millionar kroner i 2021 mot 150 millionar kroner i 2020. NRK viser til at ei årsak til reduksjonen frå 2020 til 2022 er lågare tilskott frå fond og samproduksjonar, mens inntekter frå royalties, sponing, utleige av produksjonskapasitet gjennom NRK Aktivum og sal av arkivmateriale og program er om lag uendra frå 2020 til 2021. Resultatrekneskapen til NRK for 2021 viser at løyvinga over statsbudsjettet finansierer 97,9 prosent av verksemda. Denne inntekta finansierer dermed i all hovudsak verksemda til NRK. Andre driftsinntekter utgjør ein liten del av den samla finansieringa.

Den kommersielle verksemda til NRK blir driven gjennom det heileigde dotterselskapet NRK Aktivum AS. Årsrekneskapen viser at selskapet i 2021 hadde omsett for 94 millionar kroner, ein auke på fire millionar kroner frå 2020. Driftsresultatet var positivt med fire millionar kroner, mens rekneskapsmessig overskott før skatt var 153 millionar kroner. NRK opplyser at årsaka til det gode rekneskapsresultatet er sal av aksjar med gevinst.<sup>46</sup> I 2021 blei 81 millionar kroner overførte frå NRK Aktivum til allmennkringkastingsverksemda i NRK.

NRK har eit avgrensa høve til å ha sponsorinntekter, sidan NRK berre kan få sponsa enkelte programkategoriar. Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst – allmennkringkasting og mediemangfald* og Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* slår fast at NRK skal praktisere tilgang til sponing på ein restriktiv måte. NRK viser til at forretningsavtaler og -inntekter går gjennom NRK Aktivum og blir handterte med ein armlengds avstand. Samla sponsorinntekter i 2021 var 17,1 millionar kroner, ein auke på 5,3 millionar kroner frå 2020. Dette er framleis lågt samanlikna med nivået i 2019, som var 29,3 millionar kroner. Alle sponsorinntektene til NRK kjem frå sponing på tv og er hovudsakleg knytte til sportsarrangement. Nedgangen i inntekter frå sponing i 2020 og 2021 kom i stor grad av færre sportsarrangement som følge av koronapandemien.

---

<sup>46</sup> NRK selde alle aksjane i RiksTV i 2021.



**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte krava til at allmennkringkastingstilbudet skal vere reklamefritt og ikkje innehalde spesielle salsfremmande tilvisingar til dei kommersielle tenestene og produkta. Medietilsynet vurderer også at NRK oppfylte krava om å verne om sin integritet og tillit for å kunne opptre fritt og uavhengig. Utgreiinga viser også at NRK legg vinn på å halde ein høg etisk standard, vere balansert, sakleg, nøytral og ha ei analytisk tilnærming, jamfør prinsippa i det felles etiske regelverket til pressa. På grunnlag av utgreiinga frå NRK vurderer Medietilsynet at dei redaksjonelle avgjerdene til NRK ikkje er styrte av kommersielle omsyn. Vidare legg Medietilsynet til grunn at NRK utviser særleg varsemnd med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press, særleg i program retta mot barn og unge.

Medietilsynet vurderer at NRK oppfyller kravet knytt til sponning med omsyn til restriksjonane som er nedfelte. Medietilsynet vurderer også at NRK i 2021 oppfylte krava om at allmennkringkastingstilbudet hovudsakeleg skal bli finansiert over statsbudsjettet, at tilskott over statsbudsjettet og andre offentlege inntekter ikkje skal subsidiere kommersielle aktivitetar, og at det skal vere eit klart rekneskapsmessig og driftsmessig skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og dei kommersielle aktivitetane til NRK.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2021 oppfylte krava som er knytte til at NRK kan vidareutvikle kommersielle tenester som skaper overskott som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstenester. NRK oppfylte også krava til at dei kommersielle tenestene som NRK utviklar, skal ha samanheng med den redaksjonelle verksemda til selskapet, og at NRK skal legge vinn på å skape eit så tydeleg skilje som mogleg mellom allmennkringkastingstilbudet og kommersielle tenester. Medietilsynet vurderer at NRK oppfyller krava om at den forretningsmessige verksemda skal vere i samsvar med dei krava til kvalitet og integritet som gjeld for NRK.





**Medietilsynet**

Nygata 4, 1607 Fredrikstad

post@medietilsynet.no

facebook.com/medietilsynet

twitter.com/medietilsynet

ISBN: 978-82-8428-026-4